

Teneste

*Livsløp- og familiestrukturar
sett gjennom tenesteinstitusjonen
i Østre Toten på 1800-talet*

Evald Fredholm



Masteroppgåve i historie
ved Institutt for arkeologi, konservering og historie
Humanistisk fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2015

Opreggelse
 paa Folketallet i *Talens* Sogn under *Christians* Amt, saaledes som det befandt
 at være den 1ste Febr. 1801, tilligemed Forklaring om enhver Persons Stand,
 Embede og Næringsvei, m. v.

Kvæernes og Bør- ners Navne, samt Fa- miliernes Antal.	Personernes fulde Navne i enhver Familie.	Hvad enhver Person er i Familien.	Perso- nernes Alder, det is- bende M- ders Næ- rberes- net.	Ugift eller gift, og hvor ofte de have været i Egte- eller Enkestand.	Personernes Titel, Embede, Forretning, Haandværk, Nærings- vei, eller hvad de leve af.	Summen i de Folketallet i hvert Sogn den 1ste Febr. 1801.
Hans Christian 1771 Samuelin 94	Henric Christian	Furubonde	69	gift	Prost	
	Dorchgrevinde	Gaardbo	36	gift	Sognekj. Sognekj.	
	Johanne Cathrine	Gaardbo	9	gift		
	Mandall.		7	—		
	Barbara Henrica		3	—		
	Dorchgrevinde		28	gift	Capellan	
	Niels Joseph Dorch		21	gift	pro persona	
	grevinde		24	—		
	Carl Frederick Gri- mer Dorchgrevinde		43	—		
	Jonas Christian		40	—		
	Finsenbager.		31	—		
	Magdalene		32	—		
	Dorchgrevinde		50	—		
	Jens Hennichsen		26	—		
	Ole Jørgensen.		24	—		
	Ole Knudsen.		48	—		
	Anders Johansen		23	—		
	Peder Johansen		21	—		
	Peder Knudsen.		30	—		
	Ole Pedersen.		33	—		
Christian Christian		36	—			
Hedevig Cathrine		33	—			
Hogemans Taker		20	—			
Margrete Olov		65	—			
Johanne Johanne		13	—			
Niels Anders			—			
Dorte Jens			—			
Mari Jørgen			—			
Lobel Christen			—			
Kari Jørgen			—			
Maleri Jacob			—			
Johan Olfen			—			

Illustrasjon:

Folketeljinga for Toten prestegjeld 1801.

Gard nr 1, Toten prestegard.

Kjelde: Digitalarkivet.no:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/58260/1

Forord

Eg vil fyrst og fremst takke min eineståande rettleiar Hilde Sandvik. Ho har kome med gode og konstruktive kommentarar og tilbakemeldingar. Kva hadde vel denne oppgåva vori utan ein epost eller to med tips og råd frå Hilde like etter midnatt?

Vidare vil eg takke Gunnar Thorvaldsen ved Registreringsentral for historiske data for assistanse i å bruke søkefunksjonane på www.rdh.uit.no. Eg vil også takke Werner Hansen på Mjøsmuseet for hjelp med illustrasjonar.

Bestemor Oddrun skal takkast for tidkrevjande korrekturlesing. Takk også til mor og far, som har skulda for historieinteressa, og som har gitt ho god grobotn. Takk til bestemor Ester for å ha gjort meg merksam på dei sosiale skilnadene på flatbygdene.

Takk til ”verdens beste historiestudenter”¹, Ingrid og Maria.

Takk kjære Ida.

Evald Fredholm

Oslo, 15.05.2015

¹ Sitat: Hilde Sandvik, Festtale 7.juni 2014, da nemnde studentar og underteikna arrangerte 1814-fest.

Innhald

INNLEIING	2
Problemstilling	3
Teoriar	4
Tidlegare forskning	7
Definisjonar	9
Lovgving	10
Oppgåva sine rammer	11
Kjelder og metode	11
Metode	12
Metodiske utfordringar	13
Kjelder	14
Disposisjon	18
KAPITTEL 1 – ØSTRE TOTEN GJENNOM 1800-TALET	20
Frå ein til to kommunar	20
Folketal og samansetning	20
Jordbruk, handverk og industri	22
KAPITTEL 2 – TENARAR SOM BEFOLKNINGSGRUPPE.....	26
Kor mange tenarar fanst det?	26
Folketal og tenarar i Noreg gjennom 1800-talet	26
Folketal og tenarar på Toten gjennom 1800-talet.....	27
Toten på landsgjennomsnittet?.....	28
Toten mot andre delar av landet	29
Tenartalet på Toten – tendensar før og etter 1800-talet.....	29
Nedgang i tenartal – Noreg og Toten	32
Kor mange gjekk ut i teneste?	33
Metode og kjeldekritikk	33
1801	34
1865	35
1900	36
KAPITTEL 3 – TENESTETIDA	38
Når gjekk ein ut i teneste?	38
Metode og kjeldekritikk	38
1801	40
1865	41
1900	43

Når slutta ein som tenar?	46
Metode og kjeldekritikk	46
1801	48
1865	54
1900	57
Alder for giftarmål; Toten og Noreg	61
Gifteprosent	62
 KAPITTEL 4 – TENARGRUPPA SINE KJENNETEIKN	64
 Tenarane sin alder	64
1801	64
1865	66
1900	67
 Kjønn	69
Kjønnsfordeling 1801-1900	69
Kjønnsfordeling gjennom 1800-talet på landsbasis.....	70
 Sivilstand	74
Gifte tenarar.....	74
1900	74
1875	77
1865	77
1801	78
Enkjestanden	79
1900	79
1875	80
1865	80
1801	81
 KAPITTEL 5 – TENESTESTAD	83
 Gardane	84
Gardar med tenarar i 1801	86
 Husmannsplassane	87
1900	87
1865	88
1801	90
 TENARAR OG FAMILIEMØNSTER – UTVIKLING KONTRA AVVIKLING	92
 KJELDER	96
 LITTERATUR	98
 VEDLEGG	100

Tabellar

Tabell 1: Folketal, Ø. Toten 1801-1900.....	s 20
Tabell 2: Oversikt hushaldsoverhovud: bønder, husmenn og handverkarar, Ø. Toten 1835-1930.....	s 21
Tabell 3: Folketal, tenartal og tenarprosent, Noreg 1801-1900.....	s 26
Tabell 4: Folketal, tenartal og tenarprosent, (Ø.) Toten 1801-1900.....	s 27
Tabell 5: Folketal, tenartal og tenarprosent, (Ø.) Toten 1769-1930.....	s 30
Tabell 6: Tal og prosent tenarar for aldersgruppa 14-25 år, Toten 1801.....	s 34
Tabell 7: Tal og prosent tenarar for aldersgruppa 14-25 år, Ø. Toten 1865.....	s 35
Tabell 8: Tal og prosent tenarar for aldersgruppa 14-25 år, Ø. Toten 1900.....	s 36
Tabell 9: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Toten 1801.....	s 40
Tabell 10: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1865.....	s 41
Tabell 11: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1900.....	s 43
Tabell 12: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Toten 1801.....	s 46
Tabell 13: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1865.....	s 54
Tabell 14: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1900....	s 57
Tabell 15: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Toten 1801.....	s 64
Tabell 16: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Ø. Toten 1865.....	s 66
Tabell 17: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Ø. Toten 1900.....	s 67
Tabell 18: Kjønnfordeling tenargruppa, (Ø.) Toten 1801-1900.....	s 69
Tabell 19: Kjønnfordeling tenargruppa, Noreg 1801-1900.....	s 70
Tabell 20: Gardar med tenestefolk – tenargjennomsnitt, (Ø.) Toten 1801-1900.....	s 83
Tabell 21: Gardar med tenarar fordelt etter tenartal, Toten 1801.....	s 85

Figurar

Figur 1: Folketal, tenartal og tenarprosent, Noreg 1801-1900.....	s 26
Figur 2: Tenarprosent og tenartal, (Ø.) Toten 1769-1930.....	s 31
Figur 3: Prosent tenarar av aldersgrupper 12-25 år, Toten 1801.....	s 41
Figur 4: Prosent tenarar av aldersgrupper 12-25 år, Ø. Toten 1865.....	s 42
Figur 5: Prosent tenarar av aldersgrupper 12-15 år, Ø. Toten 1900.....	s 44
Figur 6: Prosent tenarar av aldersgrupper 18-45 år, Toten 1801.....	s 49
Figur 7: Prosent gift/tidl. gift fordelt etter alder, Toten 1801.....	s 49
Figur 8: Prosent tenarar av aldersgrupper 18-45 år, Ø. Toten 1865.....	s 55
Figur 9: Prosent gift/tidl. gift fordelt etter alder, Ø. Toten 1865.....	s 55
Figur 10: Prosent tenarar av aldersgrupper 18-45 år, Ø. Toten 1900.....	s 58
Figur 11: Prosent gift/tidl. gift fordelt etter alder, Ø. Toten 1900.....	s 58



Illustrasjon:

Husmannsfolk og tenarar på garden Majer, Østre Toten, ca 1890.

Fotograf: Ukjent, Mjøsmuseet

Innleiing

Tenarane var mange og viktige i bondesamfunnet på 1800-talet. Dei fleste var såkalla livsløptenarar, unge og ugifte som sirkulerte i mellom hushald frå konfirmasjonsalderen av, til dei sjølv fekk seg eit eige levebrød og kunne gifte seg og stifte familie. Tenesta var altså berre ein del av livsløpet mellom det å vera unge i foreldra sitt hushald og det å vera vaksen med eige hushald. Tenesteinstitusjonen påverka slik både kor gammal ein var da ein gifta seg, korleis hushald var oppretta og hushaldsstorleiken. Dei resterande tenarane var livstidstenarar. Dei starta som regel i teneste på same måte som livsløpstenarane, men kom aldri derifrå. Mange av dei vart i teneste livet ut, eller til dei hamna på legd.

I siste halvdel av 1800-talet skjedde det ei omvelting i jordbruket, med nye produksjons- og omsetningsmetodar. Samtidig skaut industrialiseringa fart, ein fekk betre kommunikasjonar med dampskip og jernbane, og det opna seg eit høve til å emigrere til Amerika. I denne oppgåva vil eg undersøke om tenesteinstitusjonen på Toten lét seg utfordra i møte med denne moderniseringa, og korleis det vidare påverka hushald- og familiemønsteret.

Det er skrivi om tenarane på landsbygda frå desse åra, men frå dei store jordbruksområda på flatbygdene på Austlandet, er studiane grensa til oversiktsstudie. Eg håpar at eg gjennom ein kjeldestudie av folketeljingane for (Østre) Toten for åra 1801, 1865, 1875 og 1900, vil kunne gi eit breitt bilde av tenestefolket frå desse strøka.

Ein av grunnane til at eg har valt å undersøke området Toten, og da særlig Østre Toten kommune, er fordi det var ei svært samansett bygd, med ein del skogbruk, svært god landbruksjord og med Mjøsa som fiskeplass og ikkje minst ferdselsåre. Heimeindustrien var stor gjennom heile perioden, og på slutten av hundreåret finn ein også noe storindustri. Dei ulike samfunnslaga var godt representert med fleire embetsgardar, ei rekke storgardar, noen småbruk og eit svært utbreidd husmannsvesen. Såleis er Østre Toten representativ for dei rike flatbygdene på Austlandet på 1800-talet. Utover dette er Toten valt fordi det er eit område eg kjenner svært godt og har ein del forkunnskap om. Kjennskapen til gardsnamn og deira lokalisering har vori ein fordel, og også kjennskap til ein del familienamn.

Problemstilling

Dei overordna problemstillingane er:

- Kva kjenneteiknar tenesteinstitusjonen på Toten gjennom 1800-talet?
- I kor stor grad finn ein kjenneteikna for familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa på Toten på 1800-talet?
- Endrar dette seg mot slutten av århundret da hamskiftet skjer i jordbruket og industrialiseringa så smått har fått feste på Toten?

Det eg ønskjer å finne ut, er om kjenneteikna til teorien om det nordvest-europeiske familiemønsteret i det førindustrielle samfunnet² held stand på flatbygdene på Austlandet utover 1800-tallet. Ein tese er at ein vil kunne finne ei utvikling på desse hundre åra, da Noreg for fullt byrjar på industrialiseringa, og det i jordbruket skjer eit hamskifte. I Noreg generelt, og også frå Toten, emigrerte mange til Amerika, og fleire flytta til Kristiania. Men hang ein etter på Toten opp mot det 20. århundre, slik at ein framleis finn kjenneteikna på familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa? I følgje Arne Solli ”held dei eksisterande strukturane seg godt i hevd”³ på flatbygdene opp i 1870-åra, og moglegvis held deg seg i hevd på Østre Toten i enda noen år?

Da tenesteinstitusjonen var heilt essensiell for det førindustrielle familiemønsteret i nordvest-Europa, har eg valt å ta utgangspunkt i denne og bruke han som indikator. Desse konkrete problemstillingane vil bli undersøkt i folketeljningane gjennom 1800-talet, i håp om at dei skal gi svar på dei overståande problemstillingane:

- Kor mange tenarar det var totalt, og kor stor del utgjorde desse av det samla folketalet i kommunen?
- Kva for alder var det på tenarane? Tok dei teneste fyrste gong i konfirmasjonsalderen? Var det mange over 35 år i teneste?
- Ser ein noen samheng mellom når ein slutta i teneste og når ein gifta seg?
- Korleis var kjønnsfordelinga i tenestestanden?
- Var noen av tenestefolka gifte? Eller enkjer/enkjemenn?
- Kva for hushald hadde tenestefolk, og kor mange tenarar hadde dei i gjennomsnitt?

² Sjå neste underkapittel: Teoriar

³ Solli, Arne, *Livsløp – familie – samfunn: Endring av familiestrukturar i Norge på 1800-talet*. Avhandling for dr.art.-grad Historisk institutt, Univ. Bergen 2003, s 266

Teoriar

Familie- og hushaldsmønster

Det høge talet av tenarar på 1800-talet var ein del av eit større hushaldsformasjonssystem. Frå midten av 1960-talet utvikla den britiske demografen John Hajnal i lag med blant anna historikaren Peter Laslett, ein teori om familiemønsteret i nordvest-Europa i førindustriell tid. Dei såg at ein ved hjelp av blant anna familierestruksjonsmetoden kunne finne ny informasjon om hushaldsformasjonane i folketeljningane og kyrkjebøkene. Hovudmålet var å motbevisje at storfamilien var den vanlegaste familieforma fram til industrialiseringa i nordvest-Europa.⁴ I Hajnal sin artikkel ”Two kinds of pre-industrial household formation system” i ”Family forms in historic Europe” frå 1983, finn ein teorien si endelege form.⁵ Med nordvest-Europa meiner han Skandinavia, Island, Dei britiske øyene, Benelux-landa, dei tyskspråklege områda, samt nord-Frankrike. Til førindustriell tid reknar han 16- og 17-hundretallet som hovudperiode. Teorien går ut på at hushaldsstorleik, giftarmålsalder, talet på gifte par i same hushald og graden av nære slektningar i hushaldet, heng saman med kvarandre. I følgje Hajnal var familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa ulikt familiemønster i andre delar av Europa og verda.

Kjenneteikna på familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa:

- 1) Høg giftarmålsalder – over 26 år for menn og over 23 for kvinner.
- 2) Like etter giftarmålet stifta ekteparet eit eige hushald.
- 3) Unge, ugifte sirkulerte ofte mellom ulike hushald som tenarar.

Desse hushalda hadde på grunn av punkt 2) som regel berre eit gift par per hushald. Dette er eit av hovudskilnadene i forhold til familiemønster andre stader, der hushald med fleire gifte par var vanlegare. Kjenneteikna på familiemønsteret i område der fleir-parhushalda var vanleg var følgjande:

- 1) Tidleg giftarmål for både kvinner og menn – rundt 26 for menn og under 21 for kvinner.
- 2) Unge, nygifte par starta samlivet i eit hushald der eit eldre par var overhovudet – ofte i det hushaldet den unge ektemannen hadde vori ein del av.
- 3) Hushald med fleire gifte par kunne splittast og forme to eller fleire nye hushald, med eit eller fleire gifte par.

⁴ Solli 2003, s 19

⁵Hajnal, John, ”Two kinds of pre-industrial household formation system”, i *Family forms in historic Europe*, red. R.Wall, J. Robin og P.Laslett, Cambridge 1983

Ser ein vidare på punkt 2) for det nordvest-europeiske systemet, var det altså slik at nygifte danna eit eige hushald. Såleis var tilgangen på eit levebrød heilt essensielt for å kunne gifte seg. Dei kunne også flytte inn i eit hushald der det frå før ikkje var noe gift par, enten der ein av dei hadde vori overhovud aleine frå før, eller andre. Om dei tok over ein gard der foreldra til ein av dei var overhovud, var det vanleg at foreldra pensjonerte seg, sette seg på føderåd og ikkje lenger var ein del av hushaldet. Sistnemnte skil seg frå punkt 2) for fleir-parhushalda, der gjerne alle sønene flytta heim til foreldrehushaldet med sine koner, utan at foreldra pensjonerte seg. Resultatet av dei ulike løysingane for familiemønsteret i nordvest-Europa i førindustriell tid, er for alle at det berre var eitt gift par for kvart hushald.⁶

Om ein ser på hushaldsstorleiken, fører alle dei tre punkta for familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa til at hushalda som regel ikkje vart spesielt store. Punkt 2) ved at ein berre var eit gift par per hushald, og punkt 3) ved at tenarane tok post der dei for tida trongst mest, avhengig av samansetninga elles i hushalda. Vidare tillét tenesteinstitusjonen seint giftarmål, altså punkt 1), som vidare førte til lågare barnetal. Hushaldsstorleiken var derfor ofte på berre 4-6 personar. Det fanst sjølvsagt noen store hushald i nordvest-Europa også, men dette var stort sett rike og mektige folk med ei rekke tenarar, og ikkje storfamiliar med fleire gifte par.⁷

Ser ein på punkt 1) og 2) for fleir-parhushalda fører begge til veldig store hushald. Sjølv om dødelegheita var høg, var likevel punkt 3) viktig, slik at hushalda ikkje berre vart større og større. I visse tilfelle har denne splittinga ført til at hushalda vart små, på linje med hushalda i nordvest-Europa i førindustriell tid, noe ein ikkje så lett tenkjer seg for eit familiemønster med fleir-parhushald.⁸

Om hushaldsstorleiken ikkje nødvendigvis var så ulik for dei to familiemønstra, var samansetningen av hushaldsmedlemmane ganske forskjellig. I nordvest-Europa var det ofte fleire medlemmar i hushaldet som ikkje var i slekt med einannan, som til dømes tenestefolk, losjerande, legdslem eller innerstar. Sistnemnte kunne ha eigen kost, og kan i visse tilfelle reknast som separate hushald. Slekt i slike hushald var som regel avgrensa til ektemake og born, og ikkje like ofte andre slektningar. Rett nok hendte det ofte at tenarane var i nær eller fjern slekt med husbondsfolket, men dei var ikkje borna deira. I område med fleire gifte par i

⁶ Hajnal 1983 s 70

⁷ Hajnal 1983 s 71

⁸ Hajnal 1983 s 71

same hushald var ofte alle i slekt, eller inngifta slekt, og innslaget av andre slik som tenarar, fanst knapt.⁹

Tenarinstusjonen slik han er framstilt her, fann ein berre i Europa og i visse område styrt av europearar. Tenarinstusjonen hadde visse kjenneteikn. Det fyrste er at dei som regel alltid var unge og ugifte. Gifte tenarar var så å seie fråverande, og dei aller fleste av dei var unge. I tillegg var dei mange, minst seks prosent av folketalet og gjerne over ti prosent.¹⁰ Dette gjorde at kring halvparten av alle som overlevde spedbarnsåra var ute i teneste i løpet av livet. Dei var rekruttert frå alle samfunnslag og sosialstatusen vart som regel ikkje endra på grunn av at ein gjekk ut i teneste.¹¹

Til teorien ligg det også at ikkje alle gifta seg, slik at mellom 10-15 prosent gjekk ugifte gjennom livet. Desse, i tillegg til alle dei unge og ugifte tenarane og den høge giftarmålsalderen, gjorde at delen ugifte i samfunnet til ein kvar tid var høg. Mange av desse var ein fleksibel ressurs som arbeidskraft der dei trongst. Kvinnene i denne gruppa var også moglege ektefellar dersom ein mann fekk eit familieforsørgjande levebrød og dermed ville gifte seg, eller vart enkjemann og ville gifte seg opp att.¹²

Ei anna side ved familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa, er det enkelte hushald sin trong for arbeidskraft. Trongen for arbeidskraft utanfrå i form av tenarar varierte, til dømes om hushaldet hadde små ungar, arbeidsføre barn, var utan barn, leiaren av hushaldet vart enkje/enkjemann osv. Vidare varierte tenestehaldet ut i frå storleiken på garden, avlingane og evt. konjunkturar. Inne i hushalda var det ofte eit konstant forhold mellom ”tærande” og ”nærande”. Dei ”tærande” var ungar før arbeidsfør alder og dei gamle, samt dei som er nemnt som pleietrengande. Dei ”nærande” var alle i aldersgruppa mellom dei to, samt alle tenarane, uansett alder.¹³

⁹ Hajnal 1983 s 73

¹⁰ Hajnal 1983 s 96

¹¹ Hajnal 1983 s 97-98

¹² Sogner, Sølvi, *Far sjøl i stua og familien hans: trekk frå norsk familiehistorie før og nå*, Universitetsforlaget, Oslo 1990, s 56

¹³ Driebe, M og C. Lund, *People on the Move. Determinants of Servant Migration in Nineteenth Century Sweden*. Lund Papers in Economic History 80, 2002, s 11

Michael Anderson, *Approaches to the history of the western family 1500-1914*, Cambridge 1995, s 54.

Sogner 1990, s 37 og 67

Tidlegare forskning

Det er forska og skrivi om tenesteinstitusjonen i Noreg frå før, men noe breitt fagfelt kan det ikkje seiast å vera. To av dei som har skrivi mest utførlig om emnet er, Sølvi Sogner og Kari Telste med boka ”Ut å søkje teneste – historia om tenestejentene”. Boka tek for seg tenestejentene og utviklinga av tenesteyrket frå det førindustrielle samfunnet fram til opphøret av tenestejentearbeidet rundt 1950. Ut i frå tidsramma seier det seg sjølv at dette er eit oversiktsverk.¹⁴

Sogner skreiv tidlegare boka ”Far sjølv i stua og familien hans – trekk frå norsk familiehistorie før og nå” der ho tok for seg familie- og hushaldshistorie frå reformasjonen og opp i mot våre dagar. Boka diskuterar kjenneteikna på familien og hushaldet, og korleis dei forandrar seg gjennom perioden. Eit av kjenneteikna er tenesteinstitusjonen.¹⁵

Arne Solli har skrivi doktoravhandlinga ”Livsløp – familie – samfunn, Endring av familiestrukturar i Norge på 1800-talet.”, der han tek for seg livsløpsovergangar frå heimeverande born, til teneste, giftarmål og hushaldsetablering. Tenesteinstitusjonen er altså ikkje hovudperspektivet, men han er ein viktig del av det. Avhandlinga set tenesteinstitusjonen inn i hushalds- og familieteorien og tek for seg heile Noreg gjennom 1800-talet.¹⁶

Ein annan som har teki for seg tenestehaldet i heile Noreg, er Gunnar Thorvaldsen med artikkelen ”Hushjelper og jordbrukstjenere – når kom nedgangen i tjenertallene?”. Thorvaldsen meiner at historikarane har framstilt nedgangen i tenarstanden feil, da data frå folketeljingane viser at nedgangen fyrst kjem så seint som i mellomkrigstida, i motsetning til i siste halvdel av 1800-talet slik det tidlegare har vorti hevda. Han seier at grunnen ligg i at ein nå, etter digitaliseringa av folketeljingane, kan gjere ei nytolking ved å studere primærkjelda på ein enkel måte, i staden for å bruke statistikken som vart publisert gjennom 1800-talet.¹⁷

Desse studia som tek for seg heile Noreg, har vori fruktbare for mi oppgåve, ikkje berre for å kunne sjå dei nasjonale tendensane, men også for å kunne samanlikne utviklinga på Toten med resten av Noreg. Særleg Arne Solli si oppgåve har vori nyttig, både fordi tidsgrensinga er lik og fordi han har brukt folketeljingane som hovudkjelder.

¹⁴ Sogner, Sølvi og Kari Telste, *Ut og søkje teneste: historia om tenestejentene*, Det Norske Samlaget, Oslo 2005

¹⁵ Sogner 1990

¹⁶ Solli 2003

¹⁷ Thorvaldsen, Gunnar, Hushjelper og jordbrukstjenere – når kom nedgangen i tjenertallene?, i *Historisk tidsskrift* 03/2008, side 452-464

Vidare er det skrivi fleire ulike punktstudiar over tenesteinstitusjonen i Noreg. Rolf Strand si hovudoppgåve ”Aukra og Molde i 1865, en undersøkelse med vekt på tjenestejentenes rekruttering og sosial/geografisk mobilitet” er ei av dei. Oppgåva har eit geografisk og tidsmessig forholdsvis snevert omfang, men har likevel som mål å seie noe om tenestegruppa generelt for Nordvestlandet. Dette legitimerer han med at undersøkinga både ter for seg byen Molde, og landsbygda på Aukra.¹⁸ Eg har brukt ho for å samanlikne Nordvestlandet med flatbygdene på indre Austland for åra rundt 1865.

Ei oppgåve som har eit noe nærmare geografisk nedslagsfelt, er Frode Myrheim si hovudoppgåve med tittelen ”Tenestekipnaden i Elverum i perioden 1758-63 med vekt på geografisk mobilitet – omfang og årsaker”. Oppgåva gir eit breitt bilde av tenestehaldet i ei skogbygd i innlandet i siste halvdel av 1700-talet. Myrheim har særleg studert kvifor det har vori hyppige og i visse tilfelle langstrakte flyttingar mellom ulike tenestestader, og mellom tenestestad og opphavsstad. Oppgåva tek òg for seg slektskap mellom husbondsfolk og tenestefolk, og mellom tenestefolka i same hushald.¹⁹ Oppgåva gir interessante funn å samanlikne med, da geografien er ganske lik, men tidsperspektivet ligg noen år før mi oppgåve.

Tenesteinstitusjonen i Noreg fyrst på 1700-talet er forholdsvis godt undersøkt med tre ulike master/hovudoppgåver. Den eine er Leif Ødegaard si oppgåve ”Tjenestefolk som samfunnsgruppe 1711 – En undersøkelse omkring tjenerhold og tjenerlønn i ulike sosiale lag av folket frå Romsdal til og med Finnmark fogderi basert på et skattemanntall fra 1711”.²⁰ Sissel Bakke har skrivi masteroppgåva ”Tjenestefolk som samfunnsgruppe 1711, Nordhordaland og Voss”. Bakke tek utgangspunkt i det same tenarmanntalet, og har undersøkt talet på tenarar, kjønnsfordeling og alder, samt lønna dei fekk.²¹ Den siste oppgåva med utgangspunkt i 1711-manntalet, er Hans Magne Kvalvåg si hovudfagsoppgåve ”Tjenerne som samfunnsgruppe 1711 – En undersøkelse om tjernerhold og tjenernes lønnsnivå hos oppsitterne i det sønnenfjeldske Norge”. Oppgåva ser på tenarhaldet i eit stort geografisk område og har sett på ulikskapen i mellom by og bygd, og kyst og innland. Ho er spesielt interessant for min del da ho tek for seg Hadeland, Valdres og Toten, og er derfor den oppgåva eg har nytta mest av dei tre, både som bakgrunnsinformasjon, og for å samanlikne

¹⁸ Strand, Rolf: Aukra og Molde i 1865: en undersøkelse med vekt på tjenestejentenes rekruttering og sosial/geografisk mobilitet, Univ. Trondheim, AVH, 1995

¹⁹ Myrheim, Frode, Tenestekipnaden i Elverum i perioden 1758-63 med vekt på geografisk mobilitet – omfang og årsaker, Ei framstilling av tenestekipnaden i eit austnorsk prestegjeld på 1700-talet. Univ. Oslo 2006

²⁰ Ødegaard, Leif, Tjenestefolk som samfunnsgruppe, En undersøkelse omkring tjenerhold og tjenerlønn i ulike lag av folket fra Romsdal til og med Finnmark fogderi basert på et skattemanntall fra 1711. Univ. Bergen 1975

²¹ Bakke, Sissel, Tjenestefolk som samfunnsgruppe 1711, Nordhordaland og Voss, Univ. Oslo 2009

mine funn frå Toten på 1800-talet med tidleg 1700-tal og slik kunne trekke noen lengre linjer.²²

Det er altså skrivi fleire oppgåver om tenestehaldet på 1700-tallet, både frå Aust- og Vestland, Sør-og Nord-Noreg, samt ei oppgåve frå Nord-Vestlandet som tek for seg siste halvdel av 1800-talet, i tillegg til oversiktsverka. I bygdebøkene for Toten, Totens bygdebok bind I - V, samt årbokserien Totn, er tenesteinstitusjonen berre nemnt sporadisk og anekdotisk. I fyrstnemnte er tenestefolk med i tabellane frå Statistisk sentralbyrå, men dei er ikkje studert vidare.²³ Ut i frå dette vil litt nybrottsarbeid med ei undersøking av tenesteinstitusjonen gjennom 1800-talet i ein kommune på flatbygdene på Austlandet, vera på sin plass. Fordelen med å skrive om emnet, er at teori og metodebruk for fagfeltet er utarbeidd, samt at ein har ein del samanlikningsmateriale, både i tidsperspektiv, og også geografisk.

Definisjonar

Før eg går vidare, er det på sin plass å gi noen definisjonar. Den fyrste er sjølvsgagt teneste. Eg har valt å definere teneste som ein post der ein arbeidde og budde i eit framant hushald. Arbeidet kunne vera av mange ulike slag, som til dømes handverks-, jordbruks- og husarbeid, barnepass osv., men var svært sjeldan personleg oppvarting slik ein gjerne legg i tenaromgrepet i dag. Det som skil teneste frå alminneleg arbeid, er at ein budde og åt i det framande hushaldet, og slik sett vart eit husstandsmedlem der. Dermed fell for eksempel dei fleste skrivartenarar, butikkjomfruer og handelsbetjentar innanfor tenardefinisjonen, da dei på 1800-talet som regel budde på arbeidsplassen. Eg har valt å ikkje rekne med dei som går i lære hos handverkarar, da dette var meir ei form for utdanning enn anna teneste. Sjølvsgagt lærte ein noe i ein post som for eksempel jordbrukstenar også, men det var ikkje hovudmålet med tenarposten. Likevel har eg valt å rekne med skomakardrengar, bakargutar og andre handverksnemningar som endar på -dreng og -gut, da desse som regel var meir ein tenar for handverkaren enn lærlingar og sveinar som tok sikte på å lære seg yrket. Eg har vald å sjå bort frå dei som tente heime hos foreldra, da hushaldet ikkje kan seiast å vera framandt. Desse er i staden kategorisert som vaksne born som arbeider heime.

Det neste som må definerast er kva ein legg i omgrepet hushald. Ein vanleg definisjon på eit hushald er dei som bur under same tak og har eit kosthaldsfellesskap. Rett nok fanst det fleire gardar på Toten der ein hadde eiga drengestue, eller der tenarane sov i stall eller fjøs, og slik sett ikkje budde under same tak som hushaldsoverhovudet, men dei blir likevel rekna som ein

²² Kvalvåg, Hans Magne: Tjenerne som samfunnsgruppe: En undersøkelse om tjenerhold og tjenernes lønnsnivå hos oppsitterne i de sønnenfjeldske Norge, Univ. Bergen, 1974

²³ Rustad, N, "Befolkning" i *Totens bygdebok*, bind 1, red. Røse, Sigurd, Oslo 1952, s 212-233

del av hushaldet. Det same gjeld for kosthaldsfellesskapet. Mange stader delte ikkje alle i hushaldet same bord, da folkekjøkken eller folkestuer var vanleg, men maten kom frå same spiskammer. På mange gardar sette foreldregenerasjonen seg i føderåd ved overdraging av garden til ein yngre generasjon. Føderådsfolket vart som regel buande på garden, men blir i dei fleste tilfella rekna som eit eige hushald, da dei som regel hadde eige kost, og i mange tilfelle også eigen separat bustad. Det same gjeld for innerstar. Dei budde ofte under same tak som hushaldet dei var innerstar i, men da dei som regel hadde eigen kost, blir dei rekna som separate hushald.

Logvgving

Alt i frå 1604 med Christian IVs Norske Lov var det forbod mot lausgjengeri, og det vart innført ein form for tenesteplikt.²⁴ I Christian Vs Norske Lov av 1687 vart dette utvida til å bli tenestetvang. Ein måtte ta teneste minst to månader før faredagen den 14. april og 14. oktober, og kontrakten skulle vera for eit halvt eller eit heilt år. Om ein var arbeidsfør og unnlét å ta teneste, skulle ein straffast.²⁵ Om tilhøvet som innerst eller dagarbeidar verka meir freistande og fritt enn som tenar, fordra kongen at talet på innerstar skulle haldast så lågt som mogleg, og dagarbeid var berre for gifte bønder og husmenn.²⁶ Liknande forbod kom med jamne mellomrom i ulike forordningar, noe som kan tyda på at dei ikkje vart følgde i utstrakt grad. Dette gjeld blant anna Forordning 9. august 1754, der det lét seg lese at om ein ikkje festa seg i årleg teneste, kunne ein risikere tukthusstraff. Vidare var dagarbeid berre for husmenn og konene deira, og husmannen fekk ikkje ha fleire born over 16 år heime enn ein dreng og ei jente. Unntaket var om foreldra var svakelege, og plassen var stor. For bonden var regelen at ein ikkje skulle ha fleire born over 18 heime enn dei som trongst i gardsdrifta. I tillegg skulle bonden betale dei arbeidande, heimeverande borna sine på lik linje med tenarane.²⁷ Da ein kjem inn på 1800-talet gjeld tenesteplikta heilt fram til 1854, og ikkje før i 1891 mista husbonden lov til å refse tenarane sine på lik linje med borna sine.²⁸ Fyrst i 1948, da

²⁴ Chr. IVs Norske Lovbog, s 179-180, bolk VII, kap. XXIII,

Henta frå www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/

²⁵ Chr.V Norske Lov: Tredie Bog. 21 Kap., 4., 9. og 16. artikkel,

Henta frå www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web

²⁶ Chr. V Norske Lov: Tredie Bog. 21 Kap., 5. artikkel.

²⁷ Kong Friedrich den Femtes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve fra Aar 1754. X: Fororning av 9. august, kapittel 1, 2 og 3.

Henta frå www.hist.uib.no/grunnfag/kjelder/1754frd.htm

²⁸ Barth, C.A. 1876. *Om Husbondens og Tjenestetyendes gjensidige Pligter og Rettigheder efter den norske Lovgivning*. Kristiania: Mallings

tenesteinstitusjonen slik vi kjenner han var så godt som borte, kjem det ei ny tenestelov, fyrst og fremst retta mot hushjelper.²⁹

Oppgåva sine rammer

Oppgåva tek for seg 1800-talet med folketeljingane i 1801 og 1900 som naturlege start- og sluttunkt. Noen få stader er perspektivet utvida noe i begge ender, men det har berre vorti gjort for å få eit betre bilde av dei lange linjene. Toten prestegjeld, og etter kvart Østre Toten kommune er som tidlegare nemnt representativ for dei gode jordbruksområda på flatbygdene på Austlandet og utgjør ei naturleg geografisk grensing. Eg har valt å ikkje ta med Vestre Toten kommune da Vestre Toten ikkje heilt kan samanliknast med Østre. Vestre hadde vesentleg mindre jordbruksareal, meir skog, og er heilt utan strandlinje til Mjøsa. Her var det i tillegg ein mye større industrivekst i desse åra, og dei to kommunane er det derfor naturleg å halde kvar for seg. Meir om dette i bakgrunnskapittelet. Toten var ikkje delt i to kommunar i 1801 og i dei fleste tilfella for 1801 er derfor for heile Toten nytta.

Av dei tematiske grensingane er tenesteinstitusjonen valt som hovudobjekt. Eg har valt å bruke tenesteinstitusjonen som indikator på familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa, da han var heilt vesentleg for dei to andre kjenneteikna på mønsteret. Likevel heng tenesteinstitusjonen tett saman med tilgangen på levebrød og vidare giftarmålsalder. Dette har gjort at eg til ein viss grad har diskutert og studert desse faktorane også. Eg skulle gjerne ha sett på kjenneteikn som for eksempel hushaldsstorleik, men det ville ha vori for omfattande sett opp mot oppgåvestorleiken.

Kjelder og metode

Kjeldene som har vorti studert i denne oppgåva har i all hovudsak vori folketeljingane som vart gjort i 1801, 1865, 1875 og 1900. Desse er digitaliserte og elektronisk søkbare, noe som forenkler kjeldarbeidet vesentleg. Samtidig må det ut over ein streng kjeldekritikk kvalitetssikrast ved at det blir teki omsyn til eventuelle feller ein kan gå i ved å bruke dei digitale søkefunksjonane. Alle desse folketeljingane er nominative, ved at dei har med personnamn, og dei er så å seie komplette for heile Noreg, med unntak av 1875-teljinga.

Da det ikkje er eigne lenker for kvart søk på digitalarkivet.no har eg ikkje kunne vise direkte til kjelda i form av lenker. Derfor er alle funn, dersom ikkje anna er spesifisert, frå mine søk i dei ulike teljingane. For at dei skal vera etterprøvbare, har eg skrivi utfyllande under metode korleis og kva eg har søkt på, og korleis det er undersøkt. For einskildpersonar eg har nemnt,

²⁹ Vilhelm Aubert m.fl., *En lov i søkelyset: Sosialpsykologisk undersøkelse av den norske hushjelplov*, Oslo 1952, s 28, 43-44, 29-30.

er alltid både fornamn, etternamn og minst ein faktor til nemnt, slik som alder, bustad, yrkes- eller hushaldsnemning for at det skal vera enkelt å finne dei att i teljinga.

Ut over desse har eg brukt ein del kyrkjebøker frå dei ulike prestegjelda på Toten gjennom 1800-talet, og "amtmenenes femårsberetninger" for Kristians amt for åra 1866-70.

Metode

Ein av hovudmetodane for framstillinga i oppgåva har vori å sette det unormale opp mot det normale. Ved å bruke ein kontrastiv metode og trekke fram særtilfella vil ein få eit tydelegare bilde av det normale. Unntaka er altså trekt fram for å vise at dei er unntak. Ein vil ut i frå desse eksempla enklare kunne forstå kvifor dei ikkje høyrde til normalen, og dermed få ei større innsikt i kva normalen er, og kvifor det normale er akkurat kva det er.

Eg har brukt kvantitative metodar for utrekning av for eksempel gjennomsnitt og prosentdel av data frå folketeljningane. Vidare utgreiing av desse føler eg ikkje er nødvendig.

Vidare har eg i noen få tilfelle brukt noe ein kan kalle for "identifiseringsmetoden", som går ut på å identifisere enkeltpersonar i kjeldematerialet. Dette kan virke banalt, men da namneskikken gjorde at ein og same person ofte kunne bli oppgitt med ulikt namn, enten på grunn av giftarmål, eller ved ulik bruk av familienamn, patronymikon eller stadnamn i dei ulike kjeldene, har dette vori nødvendig. Blant anna har sen-namna, i fyrste rekke som patronymar, men også delvis som familienamn, gjort at eg i visse tilfelle har måtta sjekke opp mot andre kjelder for å identifisere personen. Metoden har også vorti brukt for å kunne skilje to personar som har oppgitt same namn i same kjelde. I enkelttilfelle har eg også brukt lenkingsmetoden. Denne går ut på å kombinere dei ulike individopplysningane frå same eller ulike kjelder, med kvarande, for slik å kunne bygge ut data om ein enkelt person, eller for ein heil familie eller gard.³⁰ Denne er berre brukt i noen få stader der eg har gått nøye inn på enkelttilfelle for å finne ut kva som gjer at dei ikkje fell innanfor normalen.

Eg har også brukt ein retrospektiv metode. Denne går ut på at ein reknar med at kulturelle drag i eit samfunn ofte held seg over lengre tid, og at det som er gjeldande for eit tiår, eller i visse tilfelle århundre, også var gjeldande for perioden før og etter.³¹ Denne blir i hovudsak brukt da eg prøver å gi eit heilt bilde av 1800-talet gjennom fire kjelder som berre tek for seg ein einaste dag i eit spesifikt år. Men sidan desse fire teljingane er spreidd ut over 1800-talet, vil ein ved hjelp av metoden kunne seie at dei vil kunne gi eit visst bilde av heile 1800-talet. Metoden blir også brukt da eg samanliknar med studiar som tek for seg 1700-talet og fyrst på

³⁰ Myrheim 2006, s 23

³¹ Myrheim 2006, s 23-24

1900-talet, ein tidsperiode både før og etter mi oppgåve si tidsgrensing. Metoden må sjølvsagt brukast med atterhald, da det slett ikkje alltid er slik at dei kulturelle trekka var noe som heldt seg over lengre tid. Ved varsam og kritisk bruk lèt han seg likevel forsvare.

For å finne ut når det var vanleg å gå ut i teneste eller forlate tenesta, samt når ein gifta seg, har eg nytta såkalla syntetiske kohortar. Hadde ein studert eit reelt kull som ein følgde gjennom eit tidsrom til alle hadde gjennomgått ein livsløpsovergang, hadde ein nytta ein reell kohort. Med folketeljninga som utgangspunkt lét ikkje dette seg gjere, da teljinga berre tek for seg teljingsaugeblinken og ikkje tida før og etter. Om ein held kalendertida konstant, kan ein la kvart aldersår representere ein syntetisk kohort. I staden for å følgje ein reell kohort over tid, ser ein altså på kvart aldersår som eit kalenderår. Dette fungerer berre for eigenskapar som ikkje er særleg reversible, slik som giftarmål, da ein enten er ugift eller gift/tidlegare gift.³² Eg har også nytta metoden for tenesteperioden, men da med atterhald, da ein må rekne med at noen gjekk ut att i teneste etter fyrst å ha slutta som tenar. Vidare utgreiing om metoden i innleiinga til kapittel 3.

Metodiske utfordringar

Av metodiske utfordringar har den største vori å få med alle tenarane i folketeljningane, da måten dei har vorti registrert på har variert både frå teljing til teljing, og også i den enkelte teljinga. Eg kunne ha brukt HISCO, Historical International Standard Classification of Occupations,³³ der ein har lagt inn koder for dei ulike yrka, deriblant tenarar, men valte å ikkje gjere det. Hovudgrunnen er at klassifiseringa er noe grov, og eg ville vera sikker på at eg fekk med alle tenarane innanfor min definisjon av tenar. Eg ville tolke originalkjelda sjølv, og ikkje bruke allereie tolka data.

Ei anna utfordring med folketeljningar som kjelde, er at dei berre tek for seg korleis situasjonen var i eit gitt augeblink, og ikkje seier direkte korleis ting var verken før eller etter. For denne oppgåva gjer dette seg særleg gjeldande ved at teljingane har funni stad midtvinters. Tenarane var som regel bundne for eit halvt år om gongen, og skifte av tenarstad skjedde ved faredagane 14. oktober og 14. april, og ikkje ved nyttårsskiftet. Om noen hadde teneste om vinteren og ikkje om sommaren eller motsett, ville dette hatt innverknad på resultata. I ”amtmannens femårsberetninger” for Kristians amt i åra 1866-70 nemner i alle fall amtmannen at det var vanleg i fleire av flatbygdene rundt Mjøsa å ha vinterbudeier i frå Valdres.³⁴ Altså kan vintertalet ha vori noe større enn sommartalet, men samtidig hadde ein

³² Solli 2003, s 53-54

³³ www.rhd.uit.no/koding/Kodedok.pdf

³⁴ Beretninger om amternes oeconomiske tilstand aarene 1866-1870, Christianina 1873, kap E, s 39.

budeier om sommaren også , og andre tenargrupper kan ha vori større om sommaren enn om vinteren. Fordelen er at alle teljingane har vorti haldne rundt nyttårsskiftet, og ein kan dermed fint bruke tala opp mot kvarandre.

Kjelder

1801-teljinga

”Optegnelse paa Folketallet i Totens Sogn under Christians Amt, Saaledes som det befandtes at være den 1ste Febr. 1801, tilligemed Forklaring om enhver Persons Stand, Embede og Næringsvei. m.v.”³⁵ Denne overskrifta står for kvar fjerde side i dei ferdigtrykte skjema som 1801-teljinga vart førte på. Teljinga var den fyrste i sitt slag i Noreg, ved at ho var nominativ med namn på alle innbyggjarane. Ho vart også halden i Danmark, Island og i hertugdøma.³⁶ På Toten er teljinga ført slik at kvar opphavlege gard er ført for seg, noe som vil seie at der gardane har vorti delt opp i gjennom tida, er dei ikkje førte på kvart sitt skjema, men på same sida. Dette gjeld også for husmannsplassane, som er førte under den garden dei låg under, og evt. under den delen av garden han låg under. Kvar ny familie eller hushald er markert i teljinga, slik at eventuelle føderådsfamiliar og innerstar som hadde eigne hushald kjem fram. Teljingskjemaet hadde rubrikkar for namn, kva ein var i familien, alder med teljingsåret irekna , sivilstand og ”hvor ofte de have været i Ægte- eller Enkestand”³⁷ og ”Personernes Titel, Embede, Forretning, Haandverk, Næringsvei, eller hvad de leve af”³⁸. Ein skulle registrerast der ein hørde heime, om ein ikkje var på heimlassen da teljaren kom. Det kan også nemnast at under sivilstand står ein ikkje berre som gift, men også om ein er i sitt fyrste, andre eller tredje giftarmål, slik sitatet viser.

Metodiske utfordringar og kjeldekritikk, 1801-folketeljinga

For 1801-teljinga har det vori ganske enkelt. Der har teljaren vori konsekvent og ført alle tenarane med ulike tenarnemningar i rubrikken for hushaldsstilling. Om ein søker opp alle dei ulike nemningane ein kan ha for hushaldsstilling, finn ein ei rekke ulike nemningar for tenar, i tillegg til ei husjomfru, ein urtegårdsmann og tre ulike nemningar for skrivartenar. Alle desse har eg rekna med som tenarar. For å vera sikker på at ingen har vorti ført som tenar i andre rubrikkar enn hushaldsstillingsrubrikken, har eg også sett over dei ulike nemningane ein kan ha under sivilstand og yrke. Under sistnemnte fann eg Magdalene Borchgrevink

Henta frå: www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c2_1866-70.pdf

³⁵ Folketeljing for Toten prestegjeld 1801, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/58260/147/

³⁶ Solli 2003, s 29-30

³⁷ Folketeljing Toten 1801, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/58260/135/

³⁸ Folketeljing Toten 1801, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/58260/135/

oppført som ”Huus jomfrue af charite” hos onkelen sin, soknepresten Henrich Christian Borchgrevink. Om ho langt i frå var noen gjennomsnittleg tenar, fell ho innanfor tenardefinisjonen og er derfor medrekna.

1865-teljinga

”Specialliste over Folketallet m. m. i *Fagernes* Skoledistrikt, *Balke* Sogn, *Østre Totens* Præstegjeld den 31te December 1865.”³⁹ Slik lyder overskrifta på dei trykte skjema for den andre landsdekkande folketeljinga der kvart eit namn vart ført. Det kursiverte er opne rubrikkar og viser kva som vart ført inn for hand for Fagernes skuledistrikt. Teljinga vart rett nok ikkje halden den 31. desember 1865, men den 3. januar 1866. Ho skulle likevel først slik situasjonen var fire dagar før.⁴⁰ I likskap med 1801-teljinga vart denne også registrert på ferdigtrykte skjema, men kategoriane på rubrikkane er forandra noe i forhold til teljinga 64 år tidlegare. Den største skilnaden er at ein har fått inn to rubrikkar med ei rekke underrubrikkar, den eine for kreaturhald og den andre for utsæde. Dette var for å halde landbruksteljing samtidig med folketeljinga. Av dei andre rubrikkane har ein rubrikk for garden eller namnet på staden, samt matrikuleringsnummer, tal på ”Beboede Huse”⁴¹ og hushald, namn, ”Hvad Enhver er i Familien”⁴², sivilstand, alder med det løpande året medrekna, kjønn, fødestad, trusretning og ein rubrikk for psykisk og fysisk funksjonshemming. Dei siste tre var ikkje med i 1801-teljinga. Nytt var det også at kvar gard var ført for seg, også delte gardar. Det same gjeld for husmannsplassane, og dette er den fyrste teljinga der også desse er namngitt.

Metodiske utfordringar og kjeldekritikk 1865-folketeljinga

Som sagt er det ferdig trykte skjemaet for 1865-teljinga noe endra i forhold til det i frå 1801. Den skilnaden som har mest å seie for denne oppgåva, er at rubrikkane for hushaldsposisjon og yrke/næringsveg er slått saman til ein rubrikk. Han lyder: ”Hvad Enhver er i Familien, saa som Husfader, Kone, Søn, Datter, Forældre, Tjenestetyende eller Logerende, samt Enhvers Stand eller Næringsvei”. For det første gjer eksempla på kva ein kan fylle rubrikken med at ein gjerne nyttar dei i staden for andre, og at ein dermed kan ha registrert fleire som tenarar enn ein ville ha gjort om tenestetyande ikkje hadde vori foreslått som kategori.⁴³ For det andre er rubrikken trong, slik at dei noen gonger så utfyllande yrkesnemningane frå 1801 ikkje er med, og det same gjeld for innvikla familieforhold. Generelt har dette ført til at ein del ikkje

³⁹ Folketeljing for Østre Toten 1865, henta frå:
http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/38068/15/

⁴⁰ Solli 2003, s 30

⁴¹ Folketeljing Ø. Toten 1865, henta frå:
http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/38068/18/

⁴² Folketeljing Ø. Toten 1865, henta frå:
http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/38068/17/

⁴³ Thorvaldsen 2008, s 6

har ført opp både hushaldsstilling og yrke, men berre ein av delane. I dei fleste tilfella har dette vori der enten yrket eller hushaldsstillinga seier seg sjølv ut i frå kva det andre er. Eit eksempel på dette er dei ni jentene som berre er oppførte som ”barnepige”. Det seier seg sjølv at dei var tenarar, og derfor har dei ikkje nemninga tenar fyrst. Vidare har Riksarkivet valt å dele denne rubrikken i den digitale utgåva, i familiestilling og yrke, og så ført inn det dei meiner høyrer heime i den eine og den andre kategorien. Her ser ein at dei under familiestilling berre har ført slektskap og ekteskapsband, samt innerstar, resten står under yrke.

Desse to faktorane, altså at det er ei diffus føring av tenarane i teljinga, og at arkivverket har valt å dele kategorien, gjer registreringa av tenartalet noe vanskelegare enn for 1801-teljinga. Dei enklaste å rekne har vori dei med yrkesnemningar der ulike ord for tenar er med. For å finne dei resterande har eg måtta gå igjennom alle yrkesnemningane i teljinga og sett kva for nemningar som heilt sikkert er tenarar, slik som dei allereie nemnte barnepikene. Av dei meir usikre har vi nemningar som hushaldar, budeie, kokke, husjomfru og visegutt. For desse tilfella har eg gått inn og sett på enkeltpersonane for å sjå om dei er tenarar i eit framandt hushald, eller om dei arbeider som denne yrkesnemninga i foreldreheimen. Det same gjeld for dei ulike handverksnemningane med -drenge og -gut som eg altså har valt å inkludere i tenestedefinisjonen. For desse har eg gått inn og sett om dei mest sannsynleg bur heime og berre arbeider hos handverkaren utan å bu der, er barn av handverkaren, eller dei faktisk tenestegjer hos ein handverkar.

I tillegg til å gå igjennom yrkeskategorien har eg også søkt i gjennom familiestillinga. Der er det som sagt generelt sett berre ført slektskaps- og ekteskapsforhold samt innerstar i frå arkivverket si side, men eg fann likevel noen eg har valt å rekne med som tenarar. Eit eksempel på dette er to av dei sju som er førte med familiestillinga jomfru. Ein skjønner at det her er snakk om personar som ikkje høyrde til dei lågaste sosiale laga, men dei kan falle innanfor tenardefinisjonen likevel.

1875-teljinga

I likskap med teljinga ti år før vart 1875-folketeljinga halden ”i de første Dage af 1876”⁴⁴. Skjemaset for denne teljinga hadde rubrikkar for talet på hushald på kvar gard, ”Fornavn og Tilnavn”⁴⁵, evt. midlertidig busetjing, natteopphald i andre bygningar enn hovudbygningen,

⁴⁴ Folketeljing 1875, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/52299/31/

⁴⁵Folketeljing 1875, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/52299/40/

kjønn, ”Hvad Enhver er i Familien”⁴⁶, sivilstand, ”a) For personer 15 Aar og derover: Livsstilling (Næringsvei) eller af hvem forsørget? (...) b) For personer under 15 Aar, der have lønnet Arbeide, oppgives dettes Art”⁴⁷, fødselsår, fødestad, nasjonalitet, religion, sinnsjukdom, samt om sinnsjukdommen var medfødt eller ikkje. I tillegg finn ein rubrikkar for landbruksteljinga.

Metodiske utfordringar og kjeldekritikk 1875-folketeljinga

I 1875-teljinga har ein altså egne rubrikkar for hushaldsstilling og yrke, slik som i 1801-teljinga. I likskap med teljingsskjemaet ti år før er tenar nemnt som eksempel på hushaldsstilling, noe som kan ha ført til ei overregistrering av tenarar. Den elektronisk søkbare teljinga låg ikkje på digitalarkivet.no da eg byrja med oppgåva, så eg har henta alle mine data frå registreringsentralen for historiske data, rhd.uit.no.⁴⁸ Deira avanserte søkefunksjon har ikkje ein ”inneheld vis” funksjon slik dei har på søkefunksjonen til det gamle digitalarkivet, noe som har vori heilt essensielt for søka i dei andre teljingane. Da teljinga vart lagt ut på digitalarkivet sine sider, var dette under det nye digitalarkivet, så denne funksjonen fanst heller ikkje der. Dette har gjort at eg ikkje kan få opp alle yrkesnemningane eller familiestillingane som vart brukt i teljinga, og så krysse av dei eg meiner fell under tenarkategorien. Derfor gjekk eg fyrst inn i teljinga for å sjå kva for nemningar som var vanlegast, for så å søke på familiestilling som starta med tj og ty. Men da ikkje alle tenarane sto ført med tj- eller ty-nemningar som familiestilling, måtte eg gå manuelt inn i teljinga og gå igjennom alle dei ulike familiestillingsnemningane frå a til ø for slik å få med meg barnepikene, budeiene, betjenten, guvernanta, hushaldarane, stuepikene osv. Desse er som regel førte med nemnte yrke i familiestillingsrubrikken, men ofte ikkje førte som tenar i yrkesrubrikken. Ein kan tenkje seg at hushaldarane, guvernanta og betjenten såg seg for gode til å kategoriserast som tenar, medan budeiene, barnepikene osv. har denne føringa nærmast som ein glipp, da ein finn langt fleire av desse med familiestillinga tenar elles i teljinga.

1900-teljinga

Nytt for folketeljinga i 1900 var at ho vart halden da kyrkjeåret skifta, nemleg den 3. desember, og ikkje under nyttårshelga. Dermed slapp ein unna problemet med at folk ofte var andre stader i jula enn resten av året. Av rubrikkar skil ho seg lite frå 1865- og 1875-teljingane. Under jordbruksteljinga parallelt med folketeljinga står det kva for gardsnummer

⁴⁶ Folketeljing 1875, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/52299/40/

⁴⁷ Folketeljing 1875, henta frå:

http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/52299/40/

⁴⁸ Folketeljing Ø. Toten 1875, henta frå:

www.rhd.uit.no/folketellinger/folketellinger_avansert.aspx

garden har, eller eventuelt kva for gard han ligg under, samt bruksnummeret garden hadde. Det er rubrikk for namn, kjønn, stilling i familien, ekteskapeleg stilling, erverv og livsstilling, fødselsår, fødestad, statsborgerskap, trussamfunn, sinnsjukdom, samt landbruksrubrikkar for uthus det bur folk i, korn/potet, kreatur, fjørkre, bikubar, kjøkkenhage og frukthage.⁴⁹

Metodiske utfordringar og kjeldekritikk 1900-folketeljinga

Skjemaet for 1900-teljinga er mye likt teljingane 25 og 35 år før. Også her er ”tjenesteyende” nemnd som eksempel på familiestilling, med den foreslegne forkortinga Tj. Derfor finn ein svært mange av tenarane oppførte med familiestillinga Tj. Ein del står med andre tj-nemningar, medan noen få har ingen av tj-nemningane, men nemningar som ”guvernante, barnepige, husholderske og husjomfru”. Også her finn ein personar der til dømes barnepike eller budeie står som familiestilling og tenar som yrke, altså motsett av kva normalen var. Av dei meir usikre i familiestillingsrubrikken, er nemningar som assistent og agronom som ein finn ein av kvar av. Begge desse budde og arbeidde i framande hushald, så eg har valt å telje dei med. I tillegg har ein familiestillinga FL, der ein skulle føre inn losjerande som hørde til familien. Likevel har eg valt å rekne med fem unge barnepiker, ei guvernante og ein hushaldar som er ført med nemninga FL. Sjølv om dei er i familie med hushaldet dei bur i, har eg valt å rekne dei med, da ingen av dei ser ut til å vera born eller sysken av husbondsfolket.

Kyrkjebøker

I tillegg til folketeljingane har det i visse tilfelle vorti nytta noen kyrkjebøker frå Toten. Dei har i hovudsak vorti nytta for å identifisere personar, eller sjå på slektskap, giftarmål eller bustad. Eg har også brukt dei til å finne ut når det var vanleg å konfirmere seg. Kyrkjebøkene for prestegjelda på Toten på 1800-talet er stort sett skanna og ligg ute på digitalarkivet.no.

Disposisjon

Det fyrste kapittelet er meint som eit bakgrunnskapittel. Der tek eg for meg Østre Toten gjennom 1800-talet, med fokus på folketalet si utvikling og samansetning, omlegginga i jordbruket, samt handverk og industri. I kapittel to blir tenestestanden opp mot resten av befolkninga studert. Fyrste del tek for seg prosentdelen tenarar i forhold til folketalet, medan andre del ser på kor stor del av dei unge som gjekk ut i teneste. I kapittel tre undersøker eg når det var vanleg å gå ut i teneste, kor lenge ein vart i tenesta, og kor gammal ein var når ein gifta seg. Kapittel fire tek for seg tenargruppa sine kjenneteikn. Fyrst ser eg på tenarane sin alder, deretter kjønnsfordelinga og sivilstanden. Siste kapittel omhandlar kva for hushald som hadde tenarar. Oppgåva avsluttast med oppsummering og konklusjon.

⁴⁹ Folketeljing 1900, henta frå:
http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/37013/



Illustrasjon:

Rogneby gard, Østre Toten, 1869.

Sjølvfolket sit i framrunnen, medan husmannsfolket, dagarbeidarane og tenarane står bak.

Fotograf: Per Adolf Thorén, Mjøsmuseet

Kapittel 1 – Østre Toten gjennom 1800-talet

Frå ein til to kommunar

Tidlegare Toten prestegjeld vart delt ved kongelig resolusjon av 5. mars 1825 i Østre- og Vestre Toten. Toten var før delinga eit av dei største prestegjeldene i landet. Ås og Kolbu hamna i Vestre Toten, medan Hoff og Balke vart Østre Toten. Samtidig vart nordre Feiring, også kalla for Totens Feiring, lagt under Hurdalen sokn. Soknepresten i det nye Vestre Toten klaga ved delinga over at inntektene han kom til å få ville bli små, for den økonomiske evna til vestretotningane var dårlegare enn Østre.⁵⁰ Dette botnar i fleire faktorar. Ein faktor er at Østre Toten har mye betre jordbruksjord enn Vestre, da Vestre Toten ligg ein del høgare og har anna jordsmonn enn i Østre.⁵¹ Ein annan faktor er at berre Østre har strandlinje mot Mjøsa, ei svært viktig ferdselsåre før jernbanen kom, og også som fiskeplass. I tillegg hadde områda i det nye Østre Toten vori sentrum for det meste av embetsstanden for området i fleire generasjonar bakover⁵².

Folketal og samansetning

Tabell 1: Folketal, Ø. Toten 1801-1900	
År	Folketal
1801	4310
1835	6060
1855	7195
1865	7787
1875	7326
1890	7380
1900	8152

Kjelde: Ssb sine trykte meddeleser, henta frå Rustad, 1952 s 215
Folketeljingane 1865, 1875 og 1900, rhd.uit.no og digitalarkivet.no

I dei fyrste 50 åra etter 1814 steig folketalet sterkt på Toten så vel som i resten av Noreg. Folketalet auka meir enn arealet på dyrka mark, og dermed vart det trangt om plassen og meir knapt med ressursar. Dette førte til at fleire vart husmenn, og at tenarstanden auka. Det høgaste talet på husmenn finn ein i folketeljinga frå 1855. I frå 1860-åra reiste mange til USA, og folketalet gjekk faktisk noe ned. Ein del gardbrukarar reiste, men hovuddelen av emigrantane var husmenn og proletarar. Fleire husmannsplassar vart lagde ned.⁵³ I det heile utvandra 3.708 personar frå Østre Toten til Amerika i åra 1846 til 1915.⁵⁴ Frå 1870-åra auka klasseskilnaden mellom bondestanden og husmannsklassa, og husmennene og ungane deira starta å søkje arbeid i veganlegg, på meieri eller i dei nystarta fabrikkane. I det same tiåret auka også tømmerprisane og fleire tok

⁵⁰ Gjørvad. O (red.) *Totens bygdebok*, bind 2, 1937, s 159-161

⁵¹ Låg, J. "Jordbunnsforholdene i Toten-bygdene", i *Totens bygdebok*, bind 1, red. Røse, Sigurd, 1952, s 95-100

⁵² Gjestrum, John Aage, *Landskapet på vestsida av Mjøsa 1837-1987*, 1987, s 64

⁵³ Amt. Femårsberetninger, 1873, kap E, s 39

⁵⁴ Gjestrum 1987, s 44

på seg skogsarbeid.⁵⁵

Mot slutten av 1800-talet vart også gardbrukarane misfornøgde med husmannsordninga. Ein del fann det billigare å leie ein tenar enn å ha ein husmann, og ein ser ein stor nedgang i talet på husmannsplassar frå kring 1860 og utover. Husmannen hadde trass alt rett på husly, ved, hest i våronna og hamn til husdyra.⁵⁶ Talet på bønder og småbrukarar heldt seg ganske jamt gjennom 1800-talet. Det tyder på at dei fleste tidlegare husmennene ikkje kjøpte fri plassen dei budde på og vart småbrukarar. Dette gjeld i større grad for dei siste husmennene godt inn på 1900-talet.

Tabell 2: Oversikt hushaldsoverhovud: bønder, husmenn og handverkarar, Ø. Toten 1835-1930									
Folketeljing, år	1835	1845	1855	1865	1875	1891	1910	1920	1930
Bønder, småbrukarar	417	410	432	442	386	402	442	522	548
Husmenn m/jord	453	408	477	431	347	222	110	64	21
Husmenn u/jord	361	-	162	-					
Dagarbeidarar		-	330	549					
Handverkarar	130	-	158	167					
Kjelde: Ssb historisk statistikk, frå Gjestrum 1987 s 17, Rustad, 1952, s 216-233, Tollersrud, Kristian, "Jordbruket på Toten" i <i>Totens bygdebok</i> , bind 3, Gjøvik 1968, s 127									

Mange utvandra frå Toten til Amerika, medan andre søkte lykka i hovudstaden. I folketeljinga for Kristiania i 1865 finn ein 106 personar med tenarnemning og fødestad Toten. Det kan vera at fleire totningar hadde ulike plassar på Toten ført i fødestadsrubrikken, og at talet slik sett er eit minimumstal. Mange står registrert med berre Toten, og ein kan såleis ikkje skilje dei frå Østre og dei frå Vestre, men ein må kunne rekne med at ein del av dei kom frå Østre. I tillegg finn ein ca 400 andre totenfødte i Kristiania i 1865 med andre næringsveggar enn teneste. Går ein 35 år fram i tid, finn ein heile 1375 født på Toten, busett i Kristiania. Ein kan heller ikkje vite kor på Toten desse kom frå, eller kor lenge dei hadde budd i hovudstaden, men ein del av dei må ha kommi frå Østre Toten. Av desse 1375 er 184 førte med tenarnemningar i

⁵⁵ Tollersrud, Kristian, "Jordbruket på Toten", i *Totens bygdebok*, bind 3, Gjøvik 1968, s 124-125

⁵⁶ Tollersrud 1968, s 125-26

familiestillingsrubrikken. Nesten alle av dei var kvinner. Av dei rundt 100 mennene født på Toten, busett i Kristiania i alderen 15 til 30 år, er berre ti ført som tenarar. Ein ser altså at om talet totningar i Kristiania auka mye på slutten av 1800-talet, var det ikkje tenesteyrket som freista mest.

Jordbruk, handverk og industri

I folketeljinga for 1801 finn ein ikkje teikn til noen form for industri på Toten. Det nærmaste ein kjem er handverkarar og små handverksbedrifter. Handverkarane utgjorde litt over hundre personar, der skomakarane og skreddarane var i fleirtal, medan snikkarane, smedane, møllarane og gjørtlarane utgjorde langt færre. Somme av dei hadde handverkssveinar eller drengar. Mange av desse handverkarane står førte som innerstar eller husmenn, med eller utan jord. Talet på innerstar i det heile var like under 300, og av dei som ikkje var handverkarar, står dei fleste førte med handarbeid eller dagarbeid, medan andre vart støtta av fattigvesenet.

Ut over dei fyrste tiåra på 1800-talet auka småindustrien. Ein skar treskeier, laga blikkvarer, klokker, knivar og ikkje minst vov stoff.⁵⁷ Jens Edvard Kraft skriv i 1820, Topografisk historisk Beskrivelse av Kongeriket Norge: ”Den qvindelige Husflid staae i Toten Fogderi paa et høit Trin. De totenske Læreder, dreiler og virkede Tøier søges med Begjærlighed og avsættes med Fordel.”⁵⁸ Eilert Sundt var også imponert over heimeindustrien i bygdene på Toten, Vardal og Biri og kalla dei for ”det mest industrielle bygdelag i landet”⁵⁹, og fortel om gardbrukarar som selde treskeier til heile sør-Noreg, Danmark og Sverige.⁶⁰ Felles for denne husflidsproduksjonen var at varene vart tilverka i heimen, og at det var vanleg at alle hushaldsmedlemmane tok del i arbeidet.⁶¹

Seinare kom det fleire bedrifter som dreiv med foredling av jordbruksvarer og mindre industribedrifter. I 1845 kom det forbod mot å brenne brennevin med små brennevinsapparat på gardane, og gardbrukarane gjekk saman og starta store brennevinsbrenneri. Det fyrste på Østre Toten var Bilitt i 1846, og innan ein tjueårsperiode kom det tre til.⁶² I takt med at kommunikasjonen mot Kristiania betra seg på 1840- og 50-tal med dampskip på Mjøsa og jernbane frå Eidsvoll, la ein om jordbruket frå i hovudsak korndyrking til meir mjølkeproduksjon og kvegavl. Dette kom av tilgangen på billeg importkorn som gjorde at kornproduksjonen ga mindre avkastning. Mjølka måtte foredlast og omsettast, og det vart starta

⁵⁷ Gjestrum 1987, s 24-25

⁵⁸ Kraft, Jens Edvard, Topografisk historisk Beskrivelse av Kongeriget Norge, 1821, 2.del, hefte 1 s 29–30

⁵⁹ Sundt, Eilert, Husfliden i Norge, Til Arbeidets Ære og Arbeidsomhedens Pris, Christiania 1867-68, s 128

⁶⁰ Sundt, 1867-68, s 17

⁶¹ Tranberg, Anna, ”Husindustri i totenbygdene på 1700- og 1800-tallet”, i *Heimen*, bind 44, 2007, side 186-187

⁶² Amt, 5. beretninger, s 34-35

Gjestrum, 1987, s 21

fleire meieri på Østre Toten gjennom 1870-talet. Hamskiftet var altså ein realitet, og produksjonssystemet som tidlegare var basert på at kvar bonde bytta frå seg overskotskorn, vart no basert på dyrking av potet til spritbrenning og fehald for mjølk til meierivarer. Med denne omlegginga kom pengehushaldet og industrialiseringa for fullt.⁶³

Omlegginga i jordbruket gjekk ikkje berre på kva ein dyrka og korleis det vart foredla og selt, men mange stader fekk ein nye mekaniske jordbruksreiskapar. Gardbrukarane på Austlandet var tidleg ute med både treskemaskin, potetopptakar, sjølvbindar og ikkje minst slåmaskin.⁶⁴ Men dei fleste maskinane kravde enten stort mannskap eller ein del handarbeid i tillegg.

I 1865-teljinga finn ein 167 handverkarar, kjøpmenn og overhovud for småindustri. Mange av desse hadde dagarbeidarar eller arbeidarar på heiltid, som regel registrert som innerstar eller husmenn utan jord. Dei mindre handverkarane hadde gjerne tenarar i form av drengar eller piker i staden for arbeidarar som ikkje budde på arbeidsplassen. Mange av handverkarane og eigarane av småindustrien var i tillegg husmenn eller gardbrukarar og hadde produksjonen på same stad som dei budde. Slik var dei i tillegg til handverket og småindustrien tett knytta til jordbruksøkonomien.

Frå 1870-åra kom den verkelege storindustrien. Det var særleg kommunane rundt Østre Toten som vart industrialisert i fyrste omgang, med fleire metall- og treforedlingsfabrikkar langs Hunnselva på Gjøvik og fyrstikk- og patronfabrikk på Raufoss. På Østre Toten kom storindustrien med Kapp Melkefabrikk i 1889, som kondenserte mjølk frå heile mjølsdistriktet. Kring ti år seinare kom Toten Uldvarefabrik.⁶⁵ I folketeljinga for 1900 finn ein litt over 300 personar i Østre Toten med yrkesnemning knytta til storindustrien. Langt frå alle av desse var heiltidstilsette, men hadde dette som ei attåtnæring. Av dei som dreiv som handverkarar, handverksarbeidarar eller med småindustri, finn ein dryge 600 personar. Mange av desse står i tillegg med nemningane husmann, innerst eller gardbrukar eller som hustru til nemnte kategoriar. Men til trass for utvikling innan industri og handverk, fortsette prosentdelen som var sysselsett i jordbruket faktisk å auke heilt fram til andre verdskrig, medan sysselsettinga i sekundærnæringane heldt seg på det jamne.⁶⁶

Gjennom 1800-talet skjedde det altså store forandringar på Toten. Folketalet vart nesten dobla, sjølv om mange utvandra til Amerika og ein del flytta til Kristiania eller andre stader.

⁶³Røse, Sigurd, i *Totens bygdebok* bind 1, red. Røse, Sigurd, Oslo 1952 s 11-12

⁶⁴Gjerdåker, Brynjulv, *Norges Landbruks historie III 1814-1920: Kontinuitet og modernitet*, Samlaget, Oslo, 2002, s 225, 229 og 247-248

⁶⁵Gjestrum 1987, s 31-33

⁶⁶Gjestrum 1987, s 53, - har sine data frå Historisk statistikk.

Jordbruket gjekk i gjennom ei omlegging frå naturalhushald der ein bytta frå seg overskotskorn, til salsjordbruk der ein selde foredla varer i form av sprit eller meieriprodukt. Produksjonen og handelen av husflidsvarer var stor gjennom heile perioden, sjølv om noe av dette arbeidet etter kvart vart flytta i frå kvar enkelt heim og over i større eller mindre bedrifter. Husmannsvesenet nådde sin topp omtrent midt i perioden, for så å minke vesentleg fram mot 1900. Samtidig med at husmannsvesenet gjekk i oppløysing, kom industrialiseringa, og ein del vart sysselsett i den nye næringa. Likevel ser ein at talet på sysselsette i jord- og skogbruket voks på slutten av perioden.

*I dag er det livat på jordom på Li,
der tenera dæinse og syng,
og midt ut i økten så tek dom seg fri
og kvile i blommer og lyng.
Og krøttera bryt seg i gjennom et le
og vasser og tråkår ein kløvervaul ned,
men ingen tå tenerom ser etter det,
(nei) i dag får dom eta i fred -
for:
Mæinn æ på Hamar med slakt,
Mæinn æ på Hamar med slakt.
Så nytter dom tida så flittig dom kæin,
mens hæin æ på Hamar mæ slakt!*

Utdrag frå: Hæin Lars er på Hamar med slakt

Alf Prøysen, 1948

Henta frå: Prøysen, Elin, (red.) *Alf Prøysen viser og dikt*, bind 1, Oslo 2012, s 181


Kapittel 2 – Tenarar som befolkningsgruppe

Kor mange tenarar fanst det?

Problemstillingar nytta i dette kapitlet:

- Kor mange tenestefolk var det totalt, og kor stor del utgjorde desse av det samla folketalet?
- Ser ein noen utvikling gjennom 1800-talet?
- Korleis var Toten sett opp mot resten av Noreg ?

Folketal og tenarar i Noreg gjennom 1800-talet



Figur 1: kjelde, sjå tabell 3

Tabell 3: Folketal, tenartal og tenarprosent, Noreg 1801-1900

Teljing	1801	1845	1855	1865	1875	1900
Folketal Noreg	883.603	1.328.471	1.490.047	1.701.756	1.813.424	2.240.032
Kv. tenarar	69.539	103.422	106.037	110.794	110.727	105.184
Mn. tenarar	35.601	62.525	57.644	48.268	38.323	27.030
Tenarar tot.	105.140	165.947	163.681	159.062	149.050	132.214
Tenarprosent	12	12	11	9	8	6

Kjelde: Historisk statistikk, Hjemmehørende folkemengde, 3.1, frå:

<http://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/3-1.html>

Strand 1995, s 35

Sogner/Telste 2005, s 39

Ein ser av tabellen at talet på tenarar steig utover 1800-talet, og var på sitt høgaste rundt 1850 for så å minke noe att mot slutten av hundreåret. Det var særleg det mannlege tenartalet som minkar i frå midten av hundreåret og ut, medan det kvinnelege tenartalet fortsette å stige heilt fram til 1865, for så å halde seg høgt ut hundreåret, med berre ei lita minking. Samtidig steig folketalet svært mye i gjennom desse hundre åra, frå i underkant av ein million til godt over to millionar, og dermed er tenarprosenten jamn fram til midten av hundreåret, men minkande derfrå og ut

Folketal og tenarar på Toten gjennom 1800-talet

Tabell 4: Folketal, tenartal og tenarprosent, (Ø.) Toten 1801-1900			
Teljing, år og kommune	Innbyggartal	Talet på tenarar	Prosent av innbyggartalet
1801, Toten (Ø. og V.)	7829	738	9,4
1865, Ø.Toten	7787	755	9,7
1875 Ø.Toten	7326	818	11,2
1900 Ø.Toten	8152	714	8,8

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljningane frå 1801, 1865, 1875 og 1900. Digitalarkivet.no

”...ligesom de tidligere saa almindelige Klager over Mangel paa Arbeidere nu ikke længere lyde saa høit.”⁶⁷

Ser ein på folketeljninga for Østre Toten i 1865 finn ein at av kommunen sitt folketal på 7787 er 755 oppført med ulike nemningar for tenar som yrke. Dette utgjer 9,7 prosent av folketalet. I folketeljninga for 1875 er 818 av dei 7326 innbyggjarane oppførte i tenaryrke. Dette gir ein prosentdel på 11,2 prosent. For folketeljninga for Østre Toten kommune i 1900 var det 714 tenarar av totalt 8152 innbyggjarar. Det vil altså seie at 8,8 prosent av innbyggjarane var tenestefolk. Talet på tenarar sett opp mot innbyggartalet generelt, viser at det ikkje har vori noen stor utvikling mellom 1865 og 1900, berre ein liten topp i åra rundt 1875. Ein kan merke seg at både folketalet generelt og talet på tenarar ikkje har forandra seg nemneverdig. At det var 63 fleire tenarar i 1875 enn ti år før høyres ikkje usannsynleg mange ut, og heller ikkje minkinga på 111 i løpet av dei neste 25 åra.

⁶⁷ Amt. femårsberetninger, 1873, kap E, s 38

Tek ein med teljinga frå 1801 for Toten prestegjeld finn ein 738 tenarar av dei 7829 innbyggjarane. Det er viktig å hugse på at desse tala må brukast med atterhald då Toten ikkje var delt i to kommunar i 1801, og teljinga derfor tek med seg gardar frå det som seinare vart Vestre Toten. Deler ein talet på tenestefolk på talet sambygdingar, får ein ein prosentandel på 9,4. Ein kan tenkje seg at tenestehaldet på gardane i det som seinare vart Østre Toten, var noe større, da gardane i Vestre Toten generelt har vori mindre.

På dei snautt hundre åra frå 1801 til 1900 har tenestetallet vori ganske konstant sett opp mot resten av folketalet. Teljinga frå 1900 har rett nok det lågaste talet, men det er ikkje mye mindre enn talet frå 1865, og toppåret 1875 utmerker seg heller ikkje vesentleg. Det at tenestetallet gjer eit lite byks opp i 1875 for så å minske, kan komme av at hamskiftet i jordbruket ikkje ennå hadde påverka arbeidsmarknaden i 1870-åra, men at utviklinga derifrå kom mot slutten av hundreåret. Samtidig ser ein at folketalet minka ein del frå 1865 til 1875, noe som blant anna kom av utvandringa til Amerika. Kan hende var det den manglande tilgangen på levebrød som gjorde at mange måtte ut og søke teneste? Kanskje hadde ikkje hamskiftet så mye å seie for talet på tenarar, og at det fyrst var med industrialiseringa ein får ei verkeleg endring. Dette vert diskutert vidare i siste delen av oppgåva.

Toten på landsgjennomsnittet?

Samanliknar ein tala frå Toten med tala frå Noreg generelt, ser ein at forskjellen ikkje er så veldig stor. I 1801 er tenargjennomsnittet på landsbasis med sine tolv prosent ganske mye høgare enn dei 9,4 prosentane på Toten. Om ein hadde hatt tenargjennomsnittet for det som seinare vart Østre Toten kommune, hadde tala mest sannsynleg vori noe likare, da tala for Østre Toten 1865 og utover viser eit høgare tenargjennomsnitt enn på landsbasis. Medan tenarprosenten går ned frå ni til åtte til seks prosent i åra 1865, 1875 og 1900 på landsbasis, aukar prosenten i Østre Toten frå 9,7 til 11,2 dei fyrste ti åra, for så å minke til 8,8. Det kan sjå ut som om utviklinga kom noe seinare på Toten, ved at delen av folketalet som var ute i teneste viser ein topp så seint som i 1875, mot 1845 på landsbasis. Prosenten heldt seg også høgare ut hundreåret på Toten enn i Noreg generelt.

I forhold til teorien om familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa heldt Toten seg godt over minimumsgrensa på seks prosent, og ligg nærmare dei foreslegne ti prosentane gjennom heile perioden.⁶⁸ Noreg generelt er godt på veg ut av systemet dersom ein berre ser på tenarprosenten, med sine seks prosent i 1900.

⁶⁸ Hajnal 1983, s 96-97

Toten mot andre delar av landet

Rolf Strand har i si hovudfagsoppgåve ”Aukra og Molde i 1865, En undersøkelse med vekt på tjenestejentenes rekruttering og sosial/geografisk mobilitet” sett på tenarane på Nordvestlandet. Studiet tek for seg både byen Molde og landsbygda Gossen, og er derfor forholdsvis representativ for området. For Gossen fann han ein tenardel på 23 prosent i 1801, 18 prosent i 1865 og ni prosent i 1900, medan Molde hadde tolv prosent i 1801, elleve i 1865 og åtte i 1900.⁶⁹ Talet for Gossen frå 1801 og 1865 var særskilt høgt, og langt over det ein fann på Toten i same periode. Tala for Molde er ganske mye likare tala for Toten. Ein hadde kanskje rekna med at tala for Toten ville vera høgare enn for både byen og bygda på Nordvestlandet, men det er dei altså ikkje. Det høge tenartalet på Gossen kan truleg skuldast at det der var få husmannsplassar per gard, med 44 plassar fordelt på 67 gardar i 1865.⁷⁰ Dette ga eit gjennomsnitt på 0,66 husmannsplassar per gard, medan ein på Toten hadde over ein husmannsplass med jord per gard, i tillegg til husmannsplassane utan jord. På Gossen hadde ein såleis ikkje like mange husmannsfolk med arbeidsplikt som det ein finn på Toten. Hadde ein sett på talet på husmannsfolk og tenestefolk opp mot gardbrukarar med familie, ville ein truleg fått eit anna tal. Dessutan var dei fleste hushalda på Gossen små gardar som alle hadde tenestefolk. At husmannsplassar utan tenestefolk var dei vanlegaste hushalda på Toten, gjer derfor sitt til at talet på tenarar, sett opp mot folketalet ikkje blir så høgt. Dette kjem klarare fram under kapittelet om tenestestadene.

Tenartalet på Toten – tendensar før og etter 1800-talet

For å utvide perspektivet litt har eg valt å ta med tenartalet for noen år både før og etter det 19. århundre. Desse har eg ikkje registrert og rekna ut sjølv, men teki frå tidlegare utarbeidde statistikkar. Eg kan derfor ikkje vere sikker på korleis klassifiseringa har vori, men da desse tala berre er teki med for å sjå på tendensen lèt eg dei, om ikkje anna er nemnt, stå som dei er førte i statistikkane.

⁶⁹ Strand 1995, s 142-144

⁷⁰ Strand 1995, s 60


Tabell 5: Folketal, tenartal og tenarprosent, (Ø.) Toten 1769-1930			
Teljing, år og kommune	Innbyggartal	Talet på tenarar	Prosent av innbyggartalet
1769 Toten (Ø & V)	6755	908	13,4
1795/96 Toten (Ø & V)	6245	819	13,1
1801 Toten (Ø & V)	7829	738	9,4
1835 Ø. Toten	6060	614	10,1
1855 Ø. Toten	7195	749	10,4
1865 Ø. Toten	7787	755	9,7
1875 Ø. Toten	7326	818	11,2
1900 Ø. Toten	8152	714	8,8
1910 Ø. Toten	8284	735	8,9
1930 Ø. Toten	9403	715	7,6
Kjelde: Statistisk sentralbyrå sine statistikkar for åra 1769, 1795/96, 1835, 1855, 1910 og 1930. Henta frå Rustad 1952, s 214-233 og Gjestrum 1987, s 15. Data frå 1801, 1865, 1875 og 1900 er dei same som føregåande tabell, med mine registreringar. Digitalarkivet.no			

I Totens bygdebok, bind 1 finn ein tal frå statistisk sentralbyrå sine statistikkar for åra 1769, 1795/96, 1835, 1910 og 1930.⁷¹ Talet for 1769 er noe høgt, da kategorien er for tenestefolk og dagleiarar. Da det ikkje var meir enn 13 personar registrert med dagarbeid i 1801-teljinga reknar eg med at talet ikkje kan ha vori veldig høgt dryge 30 år før heller. Tala for 1795/96 er også noe tvilsame, da folketalet er over 1500 lågare enn 5 år seinare, medan tenartalet er 80 høgare. Det er mogleg at personar under 15 år ikkje er medrekna, og at folketalet derfor er så lågt, men det gir ikkje noen forklaring på tenartalet. For 1910 er det berre personar over 15 år som har oppgitt erverv, men da talet på tenarar yngre enn 15 år var lågt i 1900,⁷² kan ein derfor rekne med at det ikkje var mange i 1910 heller. Talet her er basert på kategoriane tenarar sysselsett ved jordbruk og fedrift, husstyrarar og tenarar ved husarbeid, samt handelsbetjentar. For sistnemnte kategori har eg gått inn i teljinga og sett over kven av

⁷¹ Rustad 1952, s 214-233.

⁷² Sjå under kap 4, underkapittel tenarane sin alder, s 66

handelsbetjentane som faktisk var tenarar i framande hushald, og ikkje til dømes sonar av handlaren. Talet for 1930 er også for personar over 15 år frå kategoriane tenarar ved jordbruk, husbestyrerinner og tenarar hos private.



Figur 2: kjelde, sjå tabell 5

Tenartalet lét seg ikkje heilt samanlikne før og etter 1825 da kommunegrensene endra seg ved at kommunen vart delt i to.⁷³ Ser ein så på tenartalet etter 1825, ser ein at talet voks fram til 1875 for så å minke noe rundt hundreårsskiftet, før det voks mot 1910, for så å minke i 1930. Ein kan legge merke til at talet for 1930 er høgare enn både talet for 1835 og for 1900, og også at talet stig ein del i frå 1900 til 1910. Talet på tenarar har altså veksla opp gjennom 1800-talet og inn på 1900-talet, og ein ser ikkje noen reell nedgang sjølv i 1930. Talet på tenarar i Østre Toten var desidert størst i 1875 med sine 818, medan både før og etter, har det vori jamt mellom dryge 700 og 750. Ein kan også tenkje seg at talet for 1930 ikkje er noe maksimumstal, da tenar truleg ikkje var noen gjev tittel godt inn på 1900-talet, og at det kan ha vori noe underregistrering.

Ser ein på tenartalet opp mot folketalet kan ein ta med dei tre fyrste teljingane. Ein ser at tenarprosenten svingar både opp og ned gjennom perioden, men at hovudtendensen er at han minkar. Vidare kan ein merke seg dei høge tala for 1769 og 1795/96 med over 13 prosent tenarar, men som sagt er desse tala ikkje heilt samanliknbare da fyrstnemnte er eit maksimumstal, og den andre er noe tvilsam. Likevel må ein omkring 100 år seinare for å

⁷³ Rustad 1952, s 215

finne tilsvarende høge tal med litt over elleve prosent. Frå 1875 minkar prosentdelen tenarar til 8,8 i 1900 for så å stige ørlitt igjen til 8,9 i 1910. I 1930 er det registrert berre 20 tenarar færre enn i 1910, men da folketalet har auka vesentleg, blir prosentdelen tenarar redusert til 7,6. Talet på tenarpostar var altså om lag det same i 1900 og i 1930, men da folketalet steig måtte samtidig alternative sysselsettingar til teneste også ha auka.

Nedgang i tenartal – Noreg og Toten

Gunnar Thorvaldsen skriv i sin artikkel ”Hushjelper og jordbrukstjenere - når kom nedgangen i tjenerallene” at delen sysselsette over 15 år i tenesteyrke låg på kring sju prosent i mellom 1875 og 1930. Vidare at det fyrst er med folketeljinga i 1946 med under fem prosent tenarar, ein ser ein reell nedgang i tenartala i Noreg. Da folketalet i Noreg auka svært mye i perioden, måtte altså det absolutte talet på tenarar ha auka heilt fram til 1930.⁷⁴ Samanliknar ein med Toten finn ein ikkje heilt det same. 1930 er absolutt ikkje noe topptal når det kjem til tenartal i åra 1875-1930. Ein finn heller ikkje noe auke på desse åra, da talet er ganske så jamt frå 1900 og utover. Tek ein for seg tenarprosenten må den ha vori høgare på Toten enn i Noreg generelt i perioden 1875-1930. Om tenarprosenten var mye høgare på Toten i 1875 enn for Noreg under eitt, minkar han ein del på Toten fram mot 1930 medan han heldt seg jamnare for heile Noreg. Likevel ligg Toten noe over landsgjennomsnittet i 1930. Thorvaldsen hevdar vidare at medan talet på kvinnelege tenarar steig i byane, gjekk talet på både manlege og kvinnelege tenarar ned på landsbygda.⁷⁵ Om dette er tilfelle, kan det også stemme godt overeins med tala for Toten, da nedgangen altså må ha skjedd fyrst i bygde-Noreg. Oppsummert må ein kunne seie at Toten til ein viss grad fylgde tendensen i Noreg, men da både tenartalet i seg sjølv og tenartalet sett opp mot resten av folketalet var svært høgt fyrst i perioden, får ein ei tidlegare minking her enn i resten av Noreg. Sidan tala for Toten var høge i utgangspunktet endar Toten og Noreg generelt ganske likt i slutten av perioden. For minkinga til trass, det fanst godt med tenarar på Toten sjølv i 1930!

⁷⁴ Thorvaldsen 2008, s 453

⁷⁵ Thorvaldsen 2008, s 459-460

Kor mange gjekk ut i teneste?

Problemstillingar for dette underkapittelet:

- Kor stor del av folket gjekk ut i teneste?
- Kor stor del utgjorde tenarane i alderen 14-25 år i forhold til alle 14-25-åringane i bygda?
- Er det forskjell i mellom kjønna?
- Ser ein noen utvikling gjennom hundreåret?
- Er det noen forskjell på Toten og resten av landet?

Metode og kjeldekritikk

I dette kapittelet er alderen på tenarane ein av dei viktigaste faktorane. I teljinga frå 1801 og 1865 skulle ein føre inn "løbende aldersaar", det vil seie at ein skulle føre inn fyrstkommande fødselsdag, eller altså kva for år ein var i. Om ein nett hadde fylt 14, skulle ein altså skrive seg som i sitt femtande år. Dermed blir gjennomsnittsalderen eit halvt år meir enn den faktiske alderen i befolkninga. I 1900 skulle ein føre inn fødselsåret, og dermed vil ein få eit gjennomsnitt som er eit halvt år mindre enn den reelle alderen om ein reknar ut i frå 1900. Teljingsdatoen var også endra frå dei fyrste dagane på nyåret, til den fyrste dagen i kyrkjeåret, som i 1900 var den 3. desember. Derfor har eg rekna ut alderen ved å trekke fødselsåret i frå 1901, da det ikkje er langt frå teljingsdatoen. Dette gjer i gjennomsnitt at alderen blir eit halvt år meir enn den faktiske, altså likt som dei to føregåande teljingane. Uansett er det ikkje sikkert at dei i 1801 og 1865 faktisk førte inn det året dei var i, og ikkje det ein fylte ved siste fødselsdag. Ein kan heller ikkje lite på at alderen dei førte opp var korrekt i det heile.

Eit av kjenneteikna ved familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa var at opp mot halvparten av dei som overlevde spedbarnsåra, var ute i teneste som ein del av livsløpet.⁷⁶ I følge teorien gjekk ein ut i teneste i 14-15 årsalderen og vart i teneste til ein gifta seg dryge ti år seinare. Noen vart aldri gift og fortsette i teneste så lenge dei var arbeidsføre, men desse utgjorde berre noen få prosent. Derfor gir det eit anna bilde å sjå på prosentdelen tenarar i alderen 14-25 år sett opp mot andre i same aldersgruppe, enn å sjå på tenarane mot folket generelt. Ser ein på det alderstrinnet da flest var ute i teneste, vil ein også få ein peikepinn på kor stor del av folket som var ute i teneste i løpet av livet. Ser ein på aldersgruppa 16-25 da så godt som alle var konfirmerte, vil ein få eit høgare tal, og ein sit att med dei ti åra ein finn hovudvekta av tenarane. Likevel kan ein rekne med at ein større del av gruppa var ute i teneste i løpet av livet, da det i gruppa 16-25 heilt sikkert var noen som ikkje hadde gått ut i teneste enda, særleg av dei yngste, og sikkert ein del av dei eldste som hadde slutta i teneste.

⁷⁶ Hajnal 1983, s 93

Eg har derfor valt å gå inn i folketeljningane og sjå for kva alderstrinn ein finn høgast del tenarar i forhold til kullet, for slik å sjå kva for alder det var flest ute i teneste for kvart teljingsår. Ein finn den høgaste tenarprosenten, og minimerer delen som ikkje hadde gått ut i teneste samt delen som hadde forlate tenesta. Likevel vil desse ha vori noen, da teneste som sagt er ein reversibel eigenskap.

1801

Tabell 6: Tal og prosent tenarar for aldersgruppa 14-25 år, Toten 1801			
Alder	I teneste	Ikkje i teneste	Prosent av aldersgruppa i teneste
16-25	423	796	34,7
14-25	465	1062	30,5
Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Toten 1801. Digitalarkivet.no			

Ein ser av tabellen at 30,5 prosent av ungdommane i alderen 14 til 25 år var ute i teneste i 1801. Trekker ein i frå dei to fyrste åra, kjem ein opp i 34,7 prosent, og altså over ein tredjedel av alle i aldersgruppa 16-25. Dermed kan ein seie at minst ein tredjedel av dei unge i alderen 16-25 var ute i teneste på same tid på Toten i 1801.

Ein finn flest tenarar per årskull i alderen 18 til 20 for kvinnene på Toten i 1801. Eg har valt å bruke tre år om gongen for slik å unngå problematikken rundt feil aldersoppgiving. Ein kan tenkje at dei fleste av jentene hadde forlate heimen i 18-årsalderen, og at få hadde gifta seg før fylte 20 år. Ein finn berre seks jenter i aldersgruppa 18-20 år som hadde gifta seg. Av dei 231 kvinnene i alderen 18-20 finn ein 113 tenarar. Dette gir ein tenarprosent på heile 48,9 prosent. Og enda må ein rekne med at talet kvinner som var ute i teneste i løpet av livet var enda noe høgare, da det moglegvis fanst noen som gjekk ut i teneste etter fylte 18, og noen som hadde forlate tenesta før dei fylte 20.

For gutane sin del finn ein den høgaste tenarprosenten for aldersgruppa to år seinare. Ser ein på gutane i alderen 20-22 år i 1801-folketeljnga, finn ein 166 gutar der 57 av dei var i teneste. Dette gir ein tenarprosent på 34,3. Det er ikkje på langt nær så høgt som for jentene, men det er likevel eit høgt tal. Også for gutane kan talet ha vori noe høgare da kanskje noen gjekk ut i teneste etter fylte 20, og noen som allereie hadde forlate tenesta før dei fylte 22.

Tabell 7: Tal og prosent tenarar for aldersgruppa 14-26 år, Ø.Toten 1865			
Alder	I teneste	Ikkje i teneste	Prosent av aldersgruppa i teneste
16-25	534	814	39,6
14-25	548	1095	33,4
Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø.Toten 1865. Digitalarkivet.no			

I 1865 ser ein at tenarprosenten for 16-25 åringane var langt høgare enn 64 år før, med sine nesten 40 prosent. Om ein tek med dei to åra før finn ein også der eit høgare tal enn for starten av hundreåret. Ein finn høgast tenarprosent for kvinnene i same aldersgruppe som 64 år før, og ein kan fortsette med å undersøke jentene i alderen 18-20. Det fanst 251 kvinner i alderen 18-20 på Østre Toten i 1865, og 137 av dei var tenarar. Dette gir ein prosentdel på heile 54,6, over fem prosentpoeng høgare enn i 1801.

Av dei 182 gutane i alderen 20-22 finn ein 75 tenarar. Dette gir ein tenarprosent på 41,2, noe som må seiast å vera særdeles høgt. Det er nesten sju prosentpoeng høgare enn i 1801. Også dette er eit minimumstal for kor mange av gutane som gjekk ut i teneste.

Rolf Strand har i si oppgåve om Nordvestlandet i 1865 komme fram til at 49 prosent av jentene på bygda i alderen 16-20 år var ute i teneste, og at dei resterande 51 prosentane budde heime og jobba der. For aldersgruppa 21-25 har han 70 prosent ute i teneste.⁷⁷ Desse tala synest høge i forhold til tala frå Toten, som ligg litt over halvparten av gruppa, men i forhold til at tenartalet generelt var høgare der, så verkar det ikkje så rart. Han har også undersøkt prosentdelen tenestejenter i alderen 11-35 mot delen kvinner i same alder for Gossen i 1865. Han kom fram til at 38 prosent av jentene i aldersgruppa 11-35 var ute i teneste.⁷⁸ For Østre Toten i 1865 er denne prosenten 26,2, og altså ein god del lågare enn på nordvestlandet. Til samanlikning låg tenarprosenten for heile befolkninga i Molde på elleve prosent og i Aukra 18 prosent medan det på Toten låg på 9,7 prosent. Tala følgjer såleis kvarandre, og ein kan lesa den felles tendensen for unge kvinner med å gå ut i teneste som ein del av overgangen mellom det å vera born og det å stifte eigen familie. Men noe forskjell er det altså. Ei forklaring kan vera at det var vanlegare for gardbrukarungar å gå ut i teneste på Nordvestlandet, da det ikkje var så mange husmannsplassar med husmannsungar der. På Toten var det mange husmannsungar som nesten alle gjekk ut i teneste, medan

⁷⁷ Strand 1995, s 107

⁷⁸ Strand 1995, s 106

gardbrukarungane oftare enten budde på garden til dei gifta seg, eller dei fann seg anna arbeid.

1900

Alder	I teneste	Ikkje i teneste	Prosent av aldersgruppa i teneste
16-25	445	907	32,9
14-25	476	1220	28,1

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1900. Digitalarkivet.no

Av aldersgruppa 16-25 finn ein i 1900 32,9 prosent tenarar. Det er berre så vidt lågare enn hundre år før, og noe mindre enn i 1865. For aldersgruppa 14-25 under eitt, ser ein at det har vori ein liten topp i 1865 for så ein liten nedgang mot 1900, men forskjellane er ikkje store. Oppsummert må ein kunne seie at ein gjennom 1800-talet fann rundt ein tredjedel av dei ein i dag ville kalla ungdommar ute i teneste til ei kvar tid.

Talet på kor mange som var ute i teneste ein gong i ungdomstida, var høgare enn den tredjedelen ein til kvar tid fann ute i befolkninga. I 1900 fann ein høgast del jenter i teneste for aldersgruppa 19-21 år, altså eit år seinare enn i dei føregåande teljingane. Av 19-21-åringane var det 105 tenestejenter av 228 jenter i det heile. Dette gir ein tenestedel på 46,0 prosent. Også her vil det vera noen som ikkje har gått ut i teneste, og noen som har forlate ho, og derfor kan ein truleg rekne med at opp mot halvparten av jentene i Østre Toten i 1900 gjekk ut i teneste som ein del av livsløpet.

Om ein ser på menn i alderen 20-22 for 1900-teljinga slik eg har gjort med dei andre, finn ein 190 menn der 39 er oppgjevne med ulike tenarnemningar. Dette gir ein tenarprosent på 20,5. Men alderskullet der ein finn flest tenarar i forhold til kullet i 1900-teljinga er for alderen 16 til 19 år. Av dei 316 i aldersgruppa 16 til 19 var 94 tenarar. Dette gir ein tenardel på 29,7 prosent. I følgje Arne Solli var alderen der fyrste kvartil av gutane på flatbygdene av ulike årsaker hadde forlate opphavsheimen i 1900 på 14,2 år. Median alder for å forlate opphavsfamilien låg på 22,4, noe som gjer ei aldersspreiing på 8,2 år mellom fyrste og andre kvartil.⁷⁹ Om alderen låg på omkring det same på Toten i 1900, kan ein såleis rekne med at det var noen som ikkje hadde gått ut i teneste enda av aldersgruppa 16 til 19 år. Ein kan derfor tru at over 30 prosent av gutane i 1900 gjekk ut i teneste som ein del av livsløpet.

⁷⁹ Solli 2003, s 171-173

Så kan ein samanlikne tala for den mindre gruppa der eg har prøvd å finne flest tenarar per årskull ved å ta den alderen der flest hadde gått ut i teneste, og færrest forlate tenesta. Jentene hadde ein prosentdel på 48,9, 54,6 og 46,0 prosent medan gutane hadde 34,3, 41,2 og 20,5 evt. 29,7 prosent for åra 1801, 1865 og 1900. Grovt sett kan ein seie at delen som gjekk ut i teneste av jentene låg på rundt halvparten av kullet, men at ein ser klare utviklingstrekk gjennom hundreåret. Dette er minimumstal og ein må kunne tru at det låg på vel halvparten i 1801, for så å stige til rundt 60 prosent i 1865, for så å minke til litt under halvparten i 1900. Kor mange gitar som gjekk ut i teneste varierte omtrent med same utvikling som for jentene, med under 40 prosent i 1801, vel 40 prosent i 1865 for så å minkast til rundt 30 prosent i 1900.

Ut i frå dette må ein kunne seie at nesten halvparten av befolkninga var ute i teneste i løpet av livet gjennom heile 1800-talet, men det var fleire rundt 1865 enn både i starten og slutten. Talet for 1900 er likevel høgt, og den virkelege nedgangen i kor mange som gjekk ut i teneste må ha kommi seinare. I forhold til tenarprosenten for alle aldrar, eller med andre ord heile befolkninga, som låg jamt på rundt ti prosent, ser ein at teneste var eit livsløpsfenomen, og ikkje noe ein var heile livet.

Kapittel 3 – Tenestetida

Når gjekk ein ut i teneste?

I eit delkapittel som handlar om tenestejentene på 1800-talet i boka *Ut og søkje teneste*, hevdar Sogner og Telste at i 1801 hadde ei av fire jenter flytta heimanfrå i 12 og et ½ års alderen, medan ein av fire gutar hadde flytta ut tre månader seinare. Hundre år seinare var dette gått opp tre år for jentene, medan gutane hadde flytta heimanfrå fyrst i 17-årsalderen.⁸⁰ Dei hevdar dette kjem av at konfirmasjonsalderen etter kvart vart den vanlege alderen da borna forlét foreldreheimen. Er dette noe som også gjeld for Toten, slik at ein vil sjå ei utvikling i alderen på dei yngste tenarane frå 1801- 1900?

Problemstillingar for dette underkapittelet:

- Kor gammal var ein når ein gjekk ut i teneste?
- Var konfirmasjonen avgjerande for når ein tok teneste?
- Er det forskjell mellom når gutane og når jentene gjekk ut?
- Ser ein noen utvikling gjennom hundreåret?

Metode og kjeldekritikk

I følge teorien var tenarane unge da dei søkte teneste, og konfirmasjonsalderen har vori rekna som vanleg alder. Frode Myrheim fann at den gjennomsnittlege konfirmasjonsalderen i Elverum prestegjeld på tampen av 1700-talet, låg på 17 år og ikkje 15 år som mange har trudd at han alltid har vori.⁸¹ Eg har gått inn i kyrkjebøker frå prestegjelda på Toten på 1800-talet for å finne ut om alderen var like høg der. I kyrkjebøkene har eg sett på fødselsåret for så å trekkje frå konfirmasjonsåret. I alle dei tre kyrkjebøkene eg har studert, var konfirmasjonsdatoen i starten av oktober, med unntak av i 1814, da omkring halvparten vart konfirmert i midten av april. Dette gjer at dei som fylte år i frå midten av oktober og ut året, har vorti rekna som eldre enn dei faktisk var. Tala vidare viser derfor om ein var i sitt 14. eller 15. år, og ikkje kva ein hadde fylt. Ein kan derfor rekne med at det var noen 13-åringar, og også fleire 14-åringar enn det tala viser.

I 1900 var alle som konfirmerte seg i Balke sokn i sitt 14. eller 15. år, og for jentene sin del var det omtrent akkurat like mange av kvar. Av gutane var like under 70 prosent i sitt 15. år, medan like under 30 prosent var i sitt 14. år.⁸² Av dei som konfirmerte seg i Hoff og Balke kyrkje i 1865, var over halvparten i sitt 15. år da dei vart konfirmert, medan om lag ein

⁸⁰ Sogner/Telste 2005, s 34

⁸¹ Myrheim 2006, s 41

⁸² Sjå vedlegg 1, tabell V

femtedel var i sitt 14.⁸³ For dei konfirmerte i 1801 står ikkje fødselsdatoen, og eg har derfor ikkje funni ut deira gjennomsnittsalder. For å få ein indikator har eg gjort dette for det fyrste året der alderen er ført i konfirmasjonslistene, nemleg i 1814. Av gutane var over halvparten i sitt 15. år, 17 prosent i sitt 14., medan resten som regel var eldre. Av jentene var nesten 90 prosent i sitt 14. eller 15. år da dei konfirmerte seg, dei resterande var eldre.⁸⁴

Ut i frå dette kan ein seie at konfirmasjonsalderen på Toten gjennom 1800-talet jamt over må ha vori 14-15 år, og at det i starten av 1800-talet fanst noen som var litt eldre. Som sagt var konfirmasjonsdatoen for alle tre åra i starten av oktober, bortsett frå halvparten av kullet i 1814, noe som altså var før faredagen den 14. oktober. Såleis var det mogleg å gå ut i teneste berre noen dagar etter konfirmasjonen.

For å finne ut når det var vanleg å gå ut i teneste, har eg sett på tenarprosenten for to og to år oppover frå før konfirmasjonen til ut i 20-åra, da prosenten byrjar å minke og ein kan rekne med at ein del har forlate tenesta. Eg har delt i mellom kjønna for på den måten kunne sjå om jentene gjekk tidlegare ut enn gutane, og også om dei vart verande lenger. Da tala for 1801 og 1865 er for det ”løbende aar”, og altså i gjennomsnitt eit halvt år meir enn dei reelt var, har eg som tidlegare valt å rekna tala for 1900 ut i frå 1901 for å få det samanliknbart.

Det er viktig å merke seg at studien her ikkje tek for seg eit alderskull som ein følgjer over ei årrekke, men ein studie av alle årskulla da folketeljinga vart halden. Ved å halde kalendertida konstant på teljingstidspunktet, kan ein som nemnt i metodedelen la kvart aldersår representere kva ein kan kalle ein syntetisk kohort. I staden for å følgje ein verkeleg kohort gjennom ein del av livsløpet, let ein altså kvart aldersår representere eit kalenderår. Dette kan ein gjere for livsløpsendringar som ikkje er reversible, eller berre svakt reversible.⁸⁵ Her føresett ein altså at ein ikkje gjekk ut att i teneste etter fyrst å ha forlate tenesta. Dette var det sjølvsagt noen som gjorde, så ein må bruke funna med atterhald, men det er nærliggande å tru at prosentdelen var liten.

⁸³ Sjå vedlegg 1, tabell II, III og IV

⁸⁴ Sjå vedlegg 1, tabell I

⁸⁵ Solli 2003, s 53

Tabell 9: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Toten 1801

Aldersgruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent av jentene i teneste	Prosent av gutane i teneste
12-13	18	299	6,0	7,2	5,0
14-15	42	308	13,6	10,4	17,2
16-17	72	267	27,0	32,2	21,0
18-19	105	269	39,0	50,0	25,6
20-21	104	265	39,2	47,0	29,3
22-23	85	219	38,8	42,5	33,7
24-25	54	199	27,1	34,7	19,8


Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Toten 1801. Digitalarkivet.no

Det ein ser av tabellen er at det allereie før konfirmasjonsalderen var noen ute i teneste, men at det er for gruppa 14-15 det skaut fart. Av desse kunne noen framleis vera 13, og ut i frå at konfirmasjonstala for starten av 1800 var av det høgaste i hundreåret, kan ein rekne med at ikkje alle av dei var konfirmerte ennå. Det er mogleg at dei som var ute i teneste var konfirmerte, men det lét seg dessverre ikkje undersøke utan å identifisere kvar og ein. Ein kan spesielt legge merke til det høge talet for gutane, på heile 17,2 prosent, langt over kor mange jenter som i snitt var i teneste. For gruppa 16-17 år finn ein ein dramatisk auke for jentene sin del, og noen av desse kan ein rekne med var nykonfirmerte. Medan jentene auka med over 20 prosentpoeng, var rekrutteringa til tenarstanden mindre for gutane sin del. Blant jentene auka rekrutteringa også mye for 18 og 19 åringane med nye 20 prosentpoeng, medan gutane sin vekst var på berre noen prosentpoeng.

For det neste alderstrinnet på 20-21 har rekrutteringa til den kvinnelege tenarstanden stagnert, og tenartalet har minka. Ein kan likevel rekne med at noen jenter gjekk ut i teneste etter fylte 20, men dei må ha vori få. Grunnen til at talet berre minka noe mot midten av 20-åra kan vera at dei som var i teneste, vart verande. Gutane sin prosentdel fortsette å auke jamt for gruppa 20-21, og også for 22-23, og ein del gutar må ha gått ut i teneste i starten av 20-åra. Vidare minka talet drastisk for gruppa 24-25. Godt over halvparten av gutane som gjekk ut i teneste, gjekk ut da dei konfirmerte seg, og derifrå er det ein heilt jamn rekruttering med ca. fire nye prosentpoeng for kvar aldersgruppe heilt opp til 22-23 årsalderen.

Ei mogleg forklaring til den forholdsvis høge tenarprosenten for gutane i 14-15 årsalderen, men låge og jamne rekrutteringa seinare, er at mange av dei gutane som måtte ut i teneste

kom frå ein slik familie der ein måtte tidleg ut, og at sjansen for å måtte ut i teneste vart mindre med alderen. Jentene sitt ”hovudbyks” på rekrutteringsfronten kom fyrst i 16-17 årsalderen, og fortsette inn i 18-19-gruppa.



Figur 3: Kjelde, sjå tabell 9

1865

Tabell 10: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1865


Aldersgruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent av jentene i teneste	Prosent av gutane i teneste
12-13	4	355	1,1	2,1	0,0
14-15	13	295	4,4	6,8	1,5
16-17	102	316	32,3	39,0	26,9
18-19	126	294	42,9	50,0	34,8
20-21	151	286	52,8	59,6	44,6
22-23	89	236	37,7	46,5	27,5
24-25	70	216	32,4	45,6	17,6

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1865. Digitalarkivet.no

I 1865 ser ein at nærmast ingen var i teneste før konfirmasjonen, i motsetning til dryge 60 år før da det fanst noen. Heller ikkje 14-15 åringane var godt representerte som tenarar, med

berre 13 av 295 i aldersgruppa. Det verkeleg store bykset for når ein gjeikk ut i teneste kom i 16-17 årsalderen, da prosentdelen for jentene auka frå nærmare sju prosent og opp til nesten 40, medan gutane gjeikk frå nesten ingen til kring 27 prosent. Mange av desse må kunne reknast som nykonfirmerte, og ein ser at konfirmasjonen var eit viktigare skilje i livsløpet i 1865 enn i 1801 med tanke på når ein gjeikk ut i teneste. Tenarprosenten tok til å stige opp mot 20-årsalderen, og steig for jentene med ca. ti prosentpoeng både for 18-19 gruppa og for 20-21, og for gutane med snautt åtte prosentpoeng og nesten ti prosentpoeng . Ein kan altså legge merke til at auken for gutane sin del faktisk steig og fekk ei noe brattare kurve opp mot 20-21 årsalderen. Derifrå og utover minkar talet for både gutar og jenter.

Tendensen for jentene og gutane må ha vori mye likare i 1865 enn i 1801 da kurvene deira fylgjes meir åt i 1865 enn dei gjorde fyrst på 1800-talet. Det er særleg gutane sin alder for å gå ut i teneste som er endra. I 1801 tok ein del gutar teneste før konfirmasjonen, og tenarprosenten fortsette å auke heilt fram til aldersgruppa 22-23 år. I 1865 gjeikk mange ut like etter konfirmasjonen, og auken stoppar for aldersgruppa 20-21. Slik sett var overgangen frå heimeverande til teneste spreidd over eit lengre tidsrom i 1801 enn i 1865.



Figur 4: Kjelde, sjå tabell 10


1900

Tabell 11: Tal tenarar og tenarprosent etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1900

Aldersgruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent av jentene i teneste	Prosent av gutane i teneste
12-13	6	346	1,7	2,4	1,1
14-15	33	346	9,5	11,0	7,9
16-17	125	337	37,1	46,3	29,0
18-19	116	308	37,7	43,5	30,7
20-21	97	252	38,5	47,1	27,7
22-23	54	235	23,0	31,5	15,3
24-25	55	220	25,0	30,9	19,1

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1900. Digitalarkivet.no

I 1900 ser ein at det i likskap med 35 år før nesten ikkje fanst noen ute i teneste før konfirmasjonsalderen. Ein finn noen i alderen 14-15, og ein kan tru at dei fleste av desse var av dei som konfirmerte seg tidleg. For den neste aldersgruppa på 16-17 år ser ein ein enorm vekst ved at nesten halvparten av jentene i kullet var ute i teneste, og nesten ein tredjedel av gutane. Etter dette steig ikkje tenarprosenten vesentleg, og ein kan altså seie at fleirparten av dei som gjekk ut i teneste i 1900, gjorde det ganske tett etter konfirmasjonen. Ein ser vidare at tenarprosenten for jentene svingar noe for dei to neste kulla, men dette er såpass lite at ein ikkje kan trekke noen slutningar av det sidan talmaterialet ikkje er større enn det er, og ein ikkje nyttar reelle kohortar.



Figur 5: Kjelde, sjå tabell 11

Samanliknar ein materialet frå alle dei tre teljingane, finn ein ikkje store forskjellar, så noen stor utvikling på når det var vanleg å gå ut i teneste, kan det ikkje ha vori. Likevel ser ein at konfirmasjonen må ha vorti eit viktigare skilje ut over 1800-talet, da det er i 1801 ein finn flest tenarar før konfirmasjonsalderen, og også lengst rekrutteringsfase. I 1865 og 1900 er overgangen frå å bu i foreldreheimen til å søke teneste korta inn, og det frå konfirmasjonsalderen og dei to fyrste åra etterpå ein finn den største auken i tenardel.

Om ein ser på skilnaden mellom kjønna ser ein at aldersspennet for når det var vanleg å ta teneste var stort både for gutane og jentene fyrst på 1800-talet, men at gutane var dei som hadde lengst rekrutteringsfase. I 1865 er aldersspennet ganske likt for begge kjøn, medan gutane har eit noe lengre spenn i 1900. I 1900 kan det sjå ut som om så å seie alle jentene som søkte teneste gjekk ut rett etter dei konfirmerte seg, og dei skil seg ut med den kortaste overgangsfasen.

Sogner og Telste hevda at på landsbasis hadde ein fjerdedel forlate opphavsheimen i 12-13 årsalderen i 1801, og at dette hadde auka til 15-årsalderen for jenter og 17-årsalderen for gutar i 1900. Dette forklarar dei med at konfirmasjonsalderen utvikla seg til å bli den vanlege alderen da ein forlét foreldreheimen.⁸⁶ På Toten var ikkje utviklinga like tydeleg. Åra rett etter konfirmasjonen var gjennom heile perioden den vanlegaste alderen å forlate foreldreheimen og gå ut i teneste. At alderen var lågare og skilnaden mellom kjønna var mindre i starten av

⁸⁶ Sogner/Telste 2005 s 34

hundreåret, stemmer berre delvis. I 1801 var det ikkje mange ute i teneste på Toten av 12-13 åringane, men det gjekk eit skilje mellom jentene og gutane der jentene hadde høgare tenestedel for 12-13-åringane, medan for aldersgruppa 14-15 var tenestedelen langt høgare for gutane enn for jentene. For 1900 stemmer talet betre, men forskjellen mellom kjønna var ikkje like stor.

I følge Arne Solli var alderen der ein fjerdedel, ein kvartil, av gutane hadde forlate opphavsfamilien på flatbygdene 12,6 år i 1801, 14,6 år i 1865 og 14,2 år i 1900.⁸⁷ Truleg gjekk ikkje alle desse ut i teneste. Likevel ser litt av den same tendensen, ved at alderen var klart lågast i 1801, auka ein del i 1865, og faktisk minka noe i 1900. For jentene sin del var alderen fyrste kvartil hadde forlate opphavsfamilien på flatbygdene 12,1, 13,9 og 14,4 år, for same årrekke.⁸⁸ Jentene på Toten hadde ikkje same utviklinga, da dei heller gjekk ut tidlegare i teneste i 1900 enn i 1865 og 1801. Da det ikkje er heilt den same hendinga ein studerer, kan ein ikkje seie noe for sikkert. Men da fyrste kvartil av jentene på flatbygdene forlèt foreldreheimen i høgare alder ut over 1800-talet, medan jentene på Toten gjekk tidlegare ut i teneste i slutten av hundreåret, kan det tyde på at Toten ikkje følgde heilt same utviklinga som flatbygdene generelt. Likevel viste Solli at flatbygdene hadde den lågaste alderen for fyrste kvartil å forlate opphavsfamilien i 1900 sett opp mot dei andre økonomiske regionane⁸⁹, og Østre Toten kan slik sett ha utgjort ei av flatbygdene som var med på å dra ned alderen for flatbygdene generelt.

I 1900 hadde moglegvis auken i folketalet gjort sitt til at ein større del måtte ut i teneste tidlegare. Samtidig er ikkje kulla i 1900 særleg større enn i 1865, så hovudforklaringa kan ikkje ligge der. At konjunkturane var endra, og at bøndene heller tok inn fleire tenarar enn å ha mange husmannsfolk, kan vera ein grunn. Likevel er tenartalet generelt lågare i 1900 enn i 1865, så noen god forklaring på kvifor ein finn fleire som gjekk ut tidleg i 1900 enn i 1865, er heller ikkje dette. I tillegg skulle ein kanskje tru at "Lov om Folkeskolen paa Landet"⁹⁰ i 1889, der den sjuårige allmenne folkeskolen vart innført, gjorde sitt til at ein ikkje gjekk ut i teneste tidleg. Lova fastslo at alle skulle gå på skule frå dei fylte sju til dei fylte 14.⁹¹ Ein skulle dermed tru at barn i skulealder ikkje var like aktuelle tenareme, men det var altså ikkje

⁸⁷ Solli 2003, s 171

⁸⁸ Solli 2003, s 171

⁸⁹ Solli 2003, s 171

⁹⁰ Lov om Folkeskolen paa Landet, Mallings Bokhandel, Kristiania 1889.

⁹¹ Lov om Folkeskolen, 1889, s 2

realiteten. Det skal seiast at skuletida var på 12 veker med 36 skuletimar i kvar veke, 30 for småskulen,⁹² og slik sett ikkje særleg omfattande sett opp mot dei resterande 40 vekene i året.

Når slutta ein som tenar?

Og når gifta ein seg?

Problemstillingar for dette underkapittelet:

- Kor lenge var ein i teneste?
- Kor gamal var ein da ein gifta seg?
- Ser ein noen samanheng mellom teneste og giftarmål?
- Er det forskjell på alderen kvinner og menn?
- Finn ein noen utvikling gjennom 1800-talet?

I følgje teorien var ein i teneste såpass lenge at når ein forlét tenesta for å gifte seg vart giftarmåla alderen ganske høg. For kvinnene gjerne over 23 år og mennene over 26 år. Det kan vera interessant å sjå om samfunnsutviklinga førte til endring i både når ein gjekk ut i teneste og også kor lenge ein vart i teneste. Ein kan tenkje seg at når det var dårlige tider, måtte ein tidlegare ut, og vart der lenger. Ein kunne ikkje gifte seg før ein hadde eit skikkeleg arbeid og ein stad å bu, eller eventuelt ein kavaler som hadde det. Det er naturleg å tru at ein forlét tenestestaden anten for å bytte til ein annan stad, for å søke anna arbeid, eller aller helst for å gifte seg. I noen tilfelle kan det også ha vori tenestehushalda som ikkje lenger har hatt bruk for tenaren, og dei har sagt han opp frå tenesteposten.

I dette underkapittelet skal eg undersøke alderskulla frå der tenestedelen byrjar å minke og heilt opp til alderskulla der giftarmål ikkje lenger var særleg aktuelt. Forhåpentlegvis vil det gi svar på noen av spørsmålstillingane ovanfor.

Metode og kjeldekritikk

For 1801-teljinga finn ein ei noe usannsynleg aldersoppgeving for ein del av årskulla. Storleiken på årskulla skulle i eit demografisk perspektiv vera nokså jamn, med ei svak minking etter som alderen steig på grunn av dødelegheita. Visse årskull kunne bli hardt ramma av ulike sjukdommar og epidemiar, men ein skulle tru at sjukdommane også ramma dei som var født på den andre sida av årsskiftet, og at det derfor heller gjekk i større bølger enn på eit enkelt årskull. For årskulla 15 til 24 år finn ein nokså jamnstore kull, men frå 24 år og eldre var det store skilnader annakvart år, med partalskulla som dei langt største. Til dømes var kulla frå 25 til 40 år på høvesvis : 92, 105, 76, 84, 70, 124, 58, 120, 68, 104, 84, 144, 77,

⁹² Lov om Folkeskolen, 1889, s 4

109, 54 og 160 individ. Dette er noe også Arne Solli har funni i 1801-teljninga for heile Noreg, og seier at oppgjevinga var meir upresis i retning av at ein runda til nærmaste partal og særleg til nærmaste runde tal, desto eldre ein var.⁹³ Eg har derfor valt å sjå på to og to årskull om gongen, for slik å utjamne dei største forskjellane.

Vidare har eg i dette underkapittelet rekna ut median alder for giftarmål med folketeljninga som kjelde. Eg skulle gjerne ha rekna ut gjennomsnittleg giftarmålsalder, men dette lèt seg dessverre ikkje gjere på anna måte enn, enten å fylgje eit alderskull gjennom delar av livsløpet og sjå når dei giftar seg, eller ved å gå igjennom alle giftarmåla i kyrkjeboka for eit år, og så finne alderen på giftemakane. Når kjelda er ei augeblinks kjelde der alle data er samla for eit gitt tidspunkt, kan ein som tidlegare nemnt la kvart aldersår representere eit kalenderår, dersom det ikkje er ein veldig reversibel eigenskap ein studerer. Kvart aldersår representerer her altså ein syntetisk kohort, i staden for reelle kohortar som ville ha vori kvart kull sitt aldersår. I dette underkapittelet ser eg på når ein slutta i teneste, og når ein gifta seg. Fyrstnemnte er noe reversibel, og ein må rekne med at det var noen få som starta i teneste att etter fyrst å ha forlate tenestelivet. Giftarmål er ein ikkje-reversibel eigenskap. Enten er du ugift eller så er du, eller har vori gift. Dette fordrar at ein til dei gifte reknar med enkjestanden og eventuelle skilte personar.

Når ein bruker syntetiske kohortar, må utrekningane ta høgde for at ikkje alle eigenskapane er universelle. Eit eksempel på dette er at ikkje alle vart gift. Om ein reknar ut i frå reelle kohortar, treng ein ikkje tenkje på dette, da dei som aldri vart gifte, ikkje blir rekna med når ein reknar ut gjennomsnittsalder ved giftarmål. Skal ein rekne ut median alder ved giftarmål ut i frå syntetiske kohortar, må ein derfor fyrst rekne ut den prosentdelen av befolkninga som ikkje giftar seg, sølibatsgraden, og trekke denne frå heile befolkninga.⁹⁴ Så rangerer ein desse som ei rekke i stigande rekkefølge, og finn midten. I dette tilfellet har eg brukt aldersgrupper som er ordna i stigande rekkefølge, for så å finne den aldersgruppa der gifteprosenten er lik halvparten av dei gifte totalt. Sagt med andre ord er median alder for giftarmål ved den alderen halvparten av dei som kom til å gifte seg, har gifta seg.


⁹³ Solli 2003, s 47

⁹⁴ Solli 2003, s 54


Tabell 12: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Toten 1801

Teneste- og gifteprosent			Kvinner			Menn			
Alders- gruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent kvinner i teneste	Pr. kvinner gift/tid. gift	Pr. til saman	Prosent menn i teneste	Pr. menn gift/tid. gift	Pr. til saman
18-19	105	269	39,0	50,0	0,7	50,7	25,6	0,0	25,6
20-21	104	265	39,2	47,0	9,4	56,4	29,3	1,7	31,0
22-23	85	219	38,8	42,5	22,0	64,5	33,7	9,8	43,5
24-25	54	199	27,1	34,7	34,7	69,4	19,8	21,0	40,8
26-27	35	181	19,3	27,7	50,6	78,3	12,2	35,7	47,9
28-29	36	154	23,4	28,4	59,3	87,7	17,8	49,3	67,1
30-31	30	182	16,5	18,8	68,3	87,1	13,6	63,0	76,6
32-33	21	188	11,2	17,8	73,5	91,3	5,1	78,6	83,7
34-35	21	188	11,2	13,8	72,3	86,1	8,5	75,5	84,0
36-37	20	221	9,0	10,1	78,2	88,3	7,8	82,4	90,2
38-39	10	163	6,1	5,7	88,5	94,2	6,6	84,2	90,8
40-41	6	232	2,6	3,5	87,6	91,1	1,7	92,4	94,1
42-43	10	185	5,4	5,8	88,4	94,2	5,1	92,9	98,0
44-45	7	174	4,0	4,0	90,9	94,9	4,0	94,7	98,7

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Toten 1801. Digitalarkivet.no



Figur 6: Kjelde, sjå tabell 12



Figur 7: Kjelde, sjå vedlegg 2, tabell VI

Kvinnene

I førre delkapittel fann eg ut at alderstrinnet for når det snudde frå at tenestedelen auka til at tenestedelen minka låg på 18-19 år for jentene sin del. Herifrå og ut til 40-årsalderen minka tenardelen med ei nesten heilt jamn kurve. Eit unntak er for alderstrinnet 28-29, da tenardelen faktisk så vidt auka. Forklaringa på dette hoppet kan vera at alderskullet 28-29 var ein del mindre enn kulla før og etter, medan tenartalet var ganske jamt med aldersgruppene før og etter. I 40-årsalderen ser det ut som om tenardelen hadde nådd botnen og låg på rundt fem prosent utover. Ein del av desse må ein kunne rekne med tilhørde dei som aldri gifta seg og forlét tenesta.

Ein kan tru at mange av dei som slutta i teneste, slutta fordi dei skulle gifte seg. Tenarane var så å seie alltid ugifte, og eg reknar derfor vidare med at dei gifte ikkje er tenarar og motsatt. Unntaka frå dette kjem eg tilbeke til i kapittelet om tenarane sin sivilstand. Da tenarane utgjorde opp mot halvparten av befolkninga i giftemoden alder, skulle ein tru at prosenten av gifte hang saman med kor mange som slutta i teneste. Såleis skulle prosenttala for nedgang i teneste og auke i giftarmål fylgjes noe åt einannan. Jentene forlét tenesta i ei jamn kurve frå alderen 18-19 til omkring 40 år, og det same må ein kunne seie for aukinga i delen gifte. Tala i tabellane er rekna ut i frå gifte, enkjestand og skilte, og det er dei eg refererar til som gifte vidare, da enkjestand og skilte forutsett at dei har vori gifte. Like før fylte 40 år låg prosentdelen gifte kvinner på like under 90, og blir liggande jamn derifrå.

Ein kan merke seg at talet i kolonna for prosentdelen gifte og prosentdelen i teneste til saman, heldt seg rundt 90 prosent i frå 28-29 årsalderen og utover. Altså var så godt som alle jentene i alderen 28-45 år enten i teneste eller gift. Tala følgjer kvarandre i motsatt retning, slik at minking i tenarstanden gav ei direkte auking av gifte. Mange av desse vil såleis ha vori i teneste heilt til dei gifta seg. I tillegg må alternativa til teneste eller giftarmål ha vori små for denne aldersgruppa. Ein kan tenkje seg at ein del av dei ti resterande prosentane arbeidde heime enten for foreldra eller sysken.

Denne tendensen gjeld fyrst og fremst for kvinnene i alderen over 28 år, ved ein alder da allereie over halvparten av kvinnene hadde gifta seg. Det kan også ha vori tilsvarande for yngre kvinner, sjølv om det er vanskelegare å sjå noen klar tendens for aldersgruppa 18-27. I tabellen ser ein at tenarprosenten og gifteprosenten samla, auka svært mye frå aldersgruppa 18-19 til 28-29. Utviklinga gikk frå kring halvparten av aldersgruppa til nesten 90 prosent. Samtidig minka tenarprosenten frå 50 prosent til litt under 30 prosent, medan prosenten gifte steig frå null til 50. Rundt 20 prosent av jentene slutta altså i teneste på desse åra, medan omkring halvparten gifta seg. Ein kan såleis tru at rundt 20 prosent av desse 50 prosentane

gifte kom frå teneste, medan dei resterande 30 prosentane kanskje aldri hadde vori ute i teneste. I forsøk på å finne desse, har eg sett på dei 625 kvinnene i alderen 18-27 år. Av desse var 216, eller 34,6 prosent, oppgjevne med hushaldsstillinga dotter eller tilsvarande, og det er nærliggande å tru at ein del av dei ikkje var ute i teneste før dei eventuelt gifta seg.

Med folketeljningane som einaste kjelde, og metoden ut i frå denne typen augeblinksbilde, kan ein ikkje trekke alt for klare slutningar. Likevel kan ein hypotese vera at giftarmålsalderen var høgare for dei som gjekk ut i teneste enn for dei som ikkje gjorde det. Hadde ein kunne gjort fleire observasjonar av same person, gjennom å studera for eksempel kyrkjebøkene, kunna ein ha fått sterkare belegg for ein slik hypotese. Det kan sjå ut som om dei som gifta seg etter dei hadde fylt 28, som regel kom frå tenarstanden, medan over halvparten av dei som gifta seg før fylte 28, ikkje hadde vori ute i teneste. Men da teneste er ein reversibel eigenskap, og metoden har sine veikskapar, kan ein ikkje seie noe alt for sikkert. Ut i frå andre sine studiar, og også lovverket om talet på vaksne born heime, er det naturleg å tru at husmannsdøtrere oftare var ute i teneste enn bondedøtrere.⁹⁵ Den sosiale mobiliteten var ikkje stor, og derfor kan ein tru at dei som var ute i teneste og så vart gift på husmannsplassar, var eldre da dei gifta seg enn dei som ikkje var ute i teneste og gifta seg på gard. Ei forlenging av dette kan vera det Hans Henrik Bull fann i sin studie over giftarmål i Rendalen på 1800-talet, nemleg at det var fleire husmannsdøtrere som ikkje vart gift, enn bondedøtrere.⁹⁶ Vart ein i teneste for lenge, auka sjansen for ikkje å bli gift.

Det er viktig å hugse at tala er for eit gitt år, 1801, og ikkje funni ved å følgje eit bestemt kull over ei årrekke. Derfor vil ein ikkje kunne sjå noen direkte overgangar frå tenar til gift, men ein får likevel ein peikepinn. Da like under 89,6 prosent⁹⁷ av jentene gifta seg, vil median alder bli der like under 45 prosent av jentene er gifte. For 1801-teljninga sin del vil dette vera 27, da 44,7 prosent av jentene var gifte da. Kvartparten, fyrste kvartil av jentene, var gifte i alderen 22-23, medan for trekvart, tredje kvartil var alderen ca 30.⁹⁸

Av dei dryge ti prosentane som aldri gifta seg, ser det ut til at litt under halvparten livnærte seg som tenarar. Desse kjem eg tilbake til under tenarane sin alder, samt sivilstand.

⁹⁵ Myrheim 2006, s 57, om sosial mobilitet hos tenarane i Elverum prestegjeld rundt 1760, Sogner, 1990, s 43

Kong Friedrich den Femtes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve fra Aar 1754, kap. 1, 2 og 3.

⁹⁶ Bull, Hans Henrik, *Marriage decisions in a peasant society*, dokt.avh., UiO, 2006, art. 2, s 10

⁹⁷ Sjå utrekning i underkap. Giftprosent, samt vedlegg 2, tabell VI

⁹⁸ Sjå vedlegg 2, tabell VI

Menn

Viss ein på same måte bruker folketeljinga sitt augeblikksbilde til å konstruere livsløp for gutane, ser ein at dei fortsette å gå ut i teneste i 18-19 og 20-21 årsalderen, og at det tydeleg snudde for aldersgruppa 22-23. Svært mange forlét tenesta i mellom 23 og 26 årsalderen, medan tenardelen for slutten av 20-åra faktisk voks med over fem prosentpoeng frå 12,2 til 17,8. Dette gjeld for same aldersgruppe som den vesle veksten hos jentene. Gutane har også ein liten auke for alderstrinnet 32-33 etter eit krappt fall i tenarprosent trinnet før. I likskap med jentene ser det ut til at ein i 40-årsalderen har nådd punktet der det ikkje lenger var fleire som slutta i teneste, og dei få prosentane som framleis var i teneste, vart verande i tenesta.

Hadde ein kunna studert eit bestemt årskull over ei rekke år, ville ein mest sannsynleg ikkje fått ei slik auke i tenarprosent som ein finn både hos jentene og gutane i frå aldersgruppa 26-27 til 28-29. Ein kan tru dette kjem av at svært få av dei som forlét tenesta gjekk ut i teneste att. Da tabellen og grafen viser teljingsåret 1801, og ikkje eit bestemt årskull over ein viss periode, vil ein altså kunne få slike hopp. Sett bort i frå svingingane på kurva, må ein kunne seie at fråfallet frå tenesteinstitusjonen var ganske jamt frå aldersgruppa 22-23 fram mot 40-årsalderen, med ein noe større nedgang dei fyrste fem åra.

Oppsummert må ein kunne seie at jentene forlét tenesta over eit lengre tidsrom enn gutane, med eit nokså jamt fråfall frå 18-årsalderen og 20 år utover. I førre underkapittel såg vi at ein del av gutane gjekk ut i tenesta eit par år før jentene, og vi ser nå at dei fleste også forlét tenesta før. Det største fråfallet finn ein frå 22-23 år og fem år utover, så sjølv om dei gjekk ut tidlegare enn jentene, kunne tenestetida i gjennomsnitt bli kortare.

Når det kjem til giftarmålsalder for gutane, ser ein at dei var eit par år seinare ute med å gifte seg enn jentene. Fleire av gutane enn av jentene vart gifte, med 94,1 prosent⁹⁹ mot litt under 90 prosent for jentene. Median alder for giftarmål var rundt 28 år, medan fyrste kvartil var ca 25 år. Tredje kvartil var gifte før 32-årsalderen.¹⁰⁰ Samanlikna med jentene var gutane altså eit år eller to eldre enn jentene da dei gifta seg fyrste gongen, og det var særleg fyrste kvartpart av jentene som var vesentleg tidlegare ute.

For gutane sin del er det vanskeleg å lesa noen klar samanheng mellom lågare prosent i teneste mot høgare prosent gifte. Dette kjem av at langt færre av gutane var ute i teneste, og at fleire av dei gifta seg. Likevel ser ein at den store nedgangen i tenarprosent skjedde på dei ti åra mellom alderskulla 22-23 og 32-33, samtidig som det var i denne alderen nesten 70 prosent av gutane gifta seg. Auken i giftarmål var stor, med godt over ti prosentpoeng auking

⁹⁹ Sjø utrekning i underkap. Giftarprosent, samt vedlegg 2, tabell VI


¹⁰⁰ Sjø vedlegg 2, tabell VI

for kvar aldersgruppe. Nedgangen i tenarprosent var på litt under 30 prosent. Da nesten 95 prosent av gutane i det heile gifta seg, er det nærliggande å tru at mange av desse snaue 30 prosentane forlét tenesta av den grunn at dei gifta seg.


Hos jentene utgjorde tenarane og dei gifte samla sett kring 90 prosent frå 28 årsalderen og utover, medan ein for gutane sin del må opp til 36 åringane før ein finn ein like høg prosentdel. Derifrå ser det ut som om så å seie alle gutane er gifte eller i teneste. Gutane si ungdomstid var altså ikkje på langt nær så prega av teneste eller giftarmål, og ein direkte overgang mellom desse, som det var for jentene. For aldersgruppa 26-27 var 12,2 prosent i teneste, medan 35,7 prosent var gifte. Dette utgjer til saman 47,9 prosent av aldersgruppa. Ser ein så på kva dei resterande er førte som, finn ein 40,8 prosent ugifte heimeverande søner eller tilsvarande, medan dei resterande dryge ti prosentane er vanskeleg å fange opp. For jentene i alderen 26-27 er det berre 14,4 oppførte som ugifte døtrer. Ser ein på aldersgruppa 18-27 finn ein 55,7 prosent oppgjevne som ugifte heimeverande søner eller tilsvarande, mot 34,6 prosent hos jentene. Oppsummert må ein kunne seie at det var mye vanlegare for gutar å bu heime lenger, medan jentene flytta tidlegare heimefrå enten for å gå ut i teneste eller gifte seg.

Tabell 13: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1865									
Teneste- og gifteprosent				Kvinner			Menn		
Alders- gruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent kvinner i teneste	Prosent kvinner gift/tidl. gift	Pr. til saman	Prosent menn i teneste	Prosent menn gift/tidl. gift	Pr. til saman
18-19	126	294	42,9	50,0	0,6	50,6	34,8	0,7	35,5
20-21	151	286	52,8	59,6	8,3	67,9	44,6	3,8	48,4
22-23	89	236	37,7	46,5	17,3	63,8	27,5	11,0	38,5
24-25	70	216	32,4	45,6	26,3	71,9	17,6	26,5	44,1
26-27	35	163	21,5	27,5	45,1	72,6	11,5	55,7	67,2
28-29	18	174	10,3	12,9	55,9	68,8	7,4	54,3	61,7
30-31	24	174	13,8	20,0	58,0	78,0	5,4	78,4	83,8
32-33	18	210	8,6	10,4	73,9	84,3	6,3	68,4	74,7
34-35	14	190	7,4	10,9	73,3	84,2	3,4	86,5	89,9
36-37	13	204	6,4	9,5	78,1	87,6	3,0	76,8	79,8
38-39	10	174	3,0	7,2	75,3	82,5	3,9	80,5	84,4
40-41	12	248	4,8	7,1	73,6	80,7	1,9	86,1	88,0
42-43	15	215	7,0	10,0	75,5	85,5	3,8	91,4	95,2
44-45	7	207	3,4	6,9	85,3	92,2	0	94,3	94,3

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1865. Digitalarkivet.no



Figur 8: Kjelde, sjå tabell 13



Figur 9: Kjelde, sjå vedlegg 2, tabell VII

I 1865 ser ein at det største fråfallet frå tenesteinstitusjonen for både jentene og gutane, var i alderen 22-23 til 28-29. I frå 30 år og oppover var det framleis att ein del i teneste, men talet er lite. Skil ein samanlikne med dryge 60 år før, ser ein at det for gutane sin del ser ganske likt ut, bortsett frå at kurva er brattare for 1865 enn 1801, og at tiårsperioden der flest forlét tenesta, er flytta to år tidlegare i 1865. For jentene sin del ser ein at fråfallet var stort berre på dei 8-9 åra frå 20-21 aldersgruppa til 28-29 åringane, med ein nedgang på heile 46,7 prosentpoeng. I forhold til i 1801 er kurva for jentene sitt fråfall frå tenesta mye brattare i 1865. Kurva for 1801 er så å seie jamn nedover i over 20 år frå 18-19 aldersgruppa til 40-41, medan det meste av fråfallet i 1865 skjer på berre 8-9 år i mellom 20-årsalderen og 29-årsalderen. For jentene i aldersgruppa 30-31 aukar faktisk tenarprosenten for så å minke til rundt sju prosent frå slutten av 30-åra og eldre. Tenestetida var for ein god del av jentene kortare i 1865 enn i 1900, og teneste var generelt knytt til eit snevrare aldersspenn.

Om ein reknar at 90,4 prosent av gutane vart gifte¹⁰¹, blir median alder for giftarmål hos gutane 25-26 år. Alder for fyrste kvartil gift var 24 år, for tredje kvartil 30 år.¹⁰² Samanliknar ein dette med tala for 1801-teljinga, ser ein på lik linje med tenarneredgangen at gutane i gjennomsnitt var eit par år tidlegare ute, utanom for fyrste kvartil der ein berre er eit år tidlegare. Det er svært kort tid mellom fyrste kvartil og medianen, og ein ser at prosent gifte steig i frå 26,5 til 55,7 på dei to åra mellom 24-25 og 26-27. Medan den største nedgangen i tenarprosenten skjedde i mellom alderen 21 og 29 frå 44,6 til 7,4 prosent, skjedde den største auken i giftarprosenten i alderen 20-26 med ein auke frå 1,5 prosent til 56,3 prosent. Det er derfor nærliggande å tru at mange av gutane slutta i teneste for så å gifte seg, og at denne overgangen skjedde midt i 20-åra.

Ikkje like mange av jentene gifta seg. Om ein reknar at 80,3 prosent¹⁰³ av dei vart gifte i løpet av livet, vil median giftarmålsalder vera 26-27 år. Fyrste kvartil var gifte i 23-24-årsalderen, og tredje kvartil var gifte i alderen 31-32 år.¹⁰⁴ I forhold til gutane ser ein at jentene var eitt til to år seinare ute. Samanlikner ein med alderen i 1801, ser ein at median alder for giftarmål var så å seie lik, medan fyrste og tredje kvartil i 1801 var noe tidlegare enn i 1865. I alt var altså jentene noe eldre da dei gifta seg i 1865 enn i 1801, og det var i tillegg fleire som ikkje gifta seg i 1865 enn i 1801.

I 1801 var nesten 90 prosent av jentene frå 28-årsalderen og utover enten i teneste eller gift, medan ein i 1865 aldri kom opp på denne prosenten. Ein ser at prosenten gifte aldri vart like

¹⁰¹ Sjø utrekning i underkap. Gifteprosent, samt vedlegg 2, tabell VII

¹⁰² Sjø vedlegg 2, tabell VII

¹⁰³ Sjø utrekning i underkap. Gifteprosent, samt vedlegg 2, tabell VII

¹⁰⁴ Sjø vedlegg 2, tabell VII


høg som i 1801, og at tenarprosenten minka raskt etter fylte 28 år. Likevel var prosenten kvinnelege tenarar frå 28 år og utover høgare enn i 1801. Ein kan derfor tenkje seg at den høge sølibatsgraden førte til ein høgare tenarprosent av velvaksne tenarar, der mange enda opp som livstenarar. Mange av dei ugifte vaksne kvinnene må også ha hatt anna arbeidde enn teneste, da prosenten gifte og tenarar til saman sjeldan oversteig 90 prosent.

Ser ein på nedgangen i tenarprosent opp mot aukinga i giftarmål legg ein fyrst merke til at allereie 8,3 prosent av aldersgruppa 20-21 var gifte, medan tenarprosenten berre auka frå 18-19-aldersgruppa til 20-21-aldersgruppa. Noen kan ha gått ut av tenesta for å gifte seg sjølv om tenarprosenten steig, men det er truleg at ein del av desse åtte prosentane ikkje hadde vori ute i teneste. Den største nedgangen i tenesteprocenten skjedde mellom aldersgruppene 20-21 og 32-33, medan den største auken i delen gifte skjedde i alderen mellom 19 og 32. Nedgangen i tenarprosent i denne perioden var på nesten 50 prosentpoeng, medan aukinga i giftarprosenten var frå nesten null til over 70 prosent.


1900

Tabell 14: Tal og prosent i teneste og gifte etter aldersgrupper og kjønn, Ø. Toten 1900									
Teneste- og gifteprosent				Kvinner			Menn		
Alders- gruppe	I teneste	I alt	Prosent i teneste	Prosent kvinner i teneste	Pr. kvinner gift/tidl. gift	Pr. til saman	Prosent menn i teneste	Pr. menn gift/tidl. gift	Pr. til saman
18-19	116	308	37,7	43,5	1,8	45,3	30,7	1,4	32,1
20-21	97	252	38,5	47,1	5,7	52,8	27,7	4,5	32,2
22-23	54	235	23,0	31,5	15,3	46,8	15,3	13,7	29,0
24-25	55	220	25,0	30,9	35,1	66,0	19,1	14,5	33,6
26-27	38	252	15,1	20,6	52,2	72,8	8,6	44,8	53,4
28-29	24	191	12,6	15,5	61,9	77,4	9,6	52,1	61,7
30-31	19	149	12,8	19,8	59,3	79,1	4,4	69,1	73,5
32-33	11	167	6,6	6,8	76,1	82,9	6,3	78,5	84,8
34-35	13	191	6,8	5,9	72,3	78,2	7,8	76,7	84,5
36-37	10	212	4,7	7	74,6	81,6	2	88,8	90,8
38-39	8	195	4,1	4,8	81,7	86,5	3,3	89,0	92,3
40-41	14	152	9,2	15,4	73,1	88,5	2,7	86,5	89,2
42-43	9	170	5,3	9,1	79,2	88,3	2,2	92,5	94,7
44-45	8	150	5,3	8,9	86,1	95,0	2,8	91,5	94,3

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1865. Digitalarkivet.no



Figur 10: Kjelde, sjå tabell 14



Figur 11: Kjelde, sjå vedlegg X

Menn

I likskap med 100 år før gjekk dei fleste av gutane ut i teneste før dei fylte 18, i motsetning til i 1865 da toppen låg hos aldersgruppa 20-21. Frå 18-19 årskullet minka tenarprosenten noe til 20-21-årsgruppa, men det er for dei neste to åra det store fallet kom med nesten ei halvering frå 27,7 prosent til 15,3. Rett nok auka tenarprosenten til nesten 20 prosent att for gruppa 24-25 år. Om ein ser noe bort frå dette hoppet, samt neste hopp i tenarprosent i mellom 26-27 år og 28-29, må ein kunne seie at gutane forlét tenesta i mellom 18-årsalderen og 30-årsalderen. Kurva var såleis noe slakare enn i 1865 og 1801, da tenarfråfallet i hovudsak skjedde på tolv år i 1900 og ikkje ti. Ein ser også at minkinga av tenarprosenten starta hos 18-åringane i 1900, mot hos 20-åringane i 1865 og 22-åringane i 1801. Det kan sjå ut som om ein del vart i teneste til dei fylte 35, men etter det låg prosenten jamt på under tre prosent. Dette er omtrent det same som i 1865, og noe lågare enn i 1801 da prosenten som blir verande i teneste låg på rundt 5.

Desse utrekningane på kor stor del av alderstrinna som var ute i teneste, er ikkje noen direkte indikator på når ein slutta i teneste, men ein kan likevel lesa noen tendensar ut av det. Skil ein samanlikne hundreåret, ser ein at mennene i 1801 var ganske lenge ute i teneste. Mange var ute allereie i 14-15 årsalderen, og ein del vart der til dei fylte 30. Tenestetida kunne såleis bli rundt 15 år, sjølv om dette sikkert varierte mye. Både i 1865 og 1900 gjekk ein ut i teneste fyrst i 16-17 årsalderen, og mange vart der til dei fylte 26-27. Tenestetida kunne såleis bli fem år kortare enn i 1801. Tenestetida i 1865 var igjen noe kortare enn i 1900, da det var langt fleire tenarar i 1865 enn i 1900, noe som påverkar tala.

Om ein reknar med at 91,6 prosent av gutane gifta seg i 1900¹⁰⁵ blir median alder ved giftarmål 26-27 år, alder for fyrste kvartil 25-26 år og for tredje kvartil 30 år. Aldersforskjellen mellom fyrste kvartil og medianen er liten, og ein ser at det var få som gifta seg før fylte 25, medan ein berre to år seinare ser at nesten halvparten av gutane var gifte. Samanliknar ein tala for hundreåret før, ser ein at alderen for fyrste kvartil var 25, 25-26 og 24, i åra 1801, 1865 og 1900. Median alder ved giftarmål var 28, 26-27 og 25-26, medan alder for tredje kvartil var 32, 30 og 30, for same årrekka. Ein ser at gutane gifta seg tidlegare i 1900 enn i 1865, og ein gifta seg tidlegare i 1865 enn i 1801, om ein ser bort i frå fyrste kvartil i 1865. Ser ein på tida frå fyrste kvartil var gift til tredje kvartil var gift, vil ein få ein peikepinn på kor avgrensa i alder denne livsløpsendringa var. For 1801 er denne sju år, for 1865 fire til fem år, medan ho for 1900 var seks år. Slik sett utmerker 1865 seg med kortast

¹⁰⁵ Sjå utrekning i underkap. Giftprosent, samt vedlegg 2, tabell VIII

periode for giftarmål, noe som også speglar seg igjen i den forholdsvis brå nedgangen i tenarprosenten.

Kvinner

Tenarprosenten hos jentene minka svært mye i mellom årstrinna 20-21 og 22-23 år. Vidare gjekk prosenten stadig nedover før ein faktisk fekk ei auking frå 15,5 prosent til 19,8 prosent i mellom aldersgruppene 28-29 og 30-31. Jamt over må ein kunne seie at det største fråfallet frå tenesteinstitusjonen, fann stad mellom alderen 20-21 og 32-33. Frå 33 og utover gjekk kurva svakt nedover før ho igjen steig. Dette kan tyde på at dei som forlét tenesta gjorde dette før dei fylte 33, og at dei fleste som var i tenesta etter det, vart verande der. Samanlikner ein med kurva i 1865, ser ein at ho også for jentene er ein del slakare i 1900 enn i 1865, ved at fråfallet skjedde over ein tolvårsperiode og ikkje åtte slik som i 1865. I forhold til i 1801 da minkinga gjekk over 22 år, er kurva bratt i 1900.

Ser ein på når dei fleste gjekk ut i teneste opp mot når dei fleste slutta i teneste, får ein ein peikepinn på kor lang tenestetida var. I 1801 gjekk mange ut i teneste i 16-17 årsalderen og ein del var der til dei nærma seg 35. I 1865 gjekk veldig mange ut i teneste i 16-17 årsalderen, og mange vart der til slutten av 20-åra. Ser ein på 1900 gjekk også veldig mange ut i teneste i 16-17 årsalderen, og ein god del var i teneste til dei fylte 30. Alderen for når det var vanleg å gå ut i teneste, var såleis ganske lik gjennom hundreåret. Lengda på tenestetida varierte stort, mellom opp mot 20 år i 1801 til dryge ti år i 1865, for så å auke noe igjen i 1900. Ei forklaring på at tenestetida var kortast i 1865, kan vera at det var flest ute i teneste da i forhold til i starten og slutten av hundreåret. Sagt med andre ord var ein større del av dei unge kvinnene ute i teneste i 1865 enn i 1801 og 1900, men med ei kortare tenestetid enn før og etter. Særleg i starten av hundreåret, men også i slutten, var noen færre ute i teneste, men dei som var i teneste, tente i ein lengre periode.

Om ein reknar at så få som 77,6 prosent av jentene i 1900 vart gifte¹⁰⁶, blir median alder for giftarmål 25 år. Fyrste kvartil var gift i 23-24 årsalderen, medan alder for tredje kvartil var 27. I forhold til gutane ser ein at jentene var noe tidlegare, om lag eit år for median-alderen. Denne skilnaden på rundt eit år eldre median alder for giftarmål for menn i forhold til kvinner, har også halde seg gjennom hundreåret. Samanlikna med i 1865 og 1801 ser ein at fyrste kvartil av jentene var lik med 23-24 år i 1865 og 1900, medan alderen i 1801 var 22-23. Median alder for fyrstegongsgiftarmål vart berre lågare frå 1801 med 27 år, 1865 med 26-27 år og 1900 med 25 år. Tredje kvartil gjekk frå 30 i 1801, 31-32 i 1865 til 27 i 1900. Ser ein på tida mellom fyrste kvartil gift og tredje kvartil gift, får ein 7-8 år i 1801, åtte år i 1865 og 3-4

¹⁰⁶ Sjøå utrekning i underkap. Gifteprosent, samt vedlegg 2, tabell VIII

år i 1900. I tillegg til at livsløpsovergangen frå ugift til gift gikk over færre år i 1900, var det også færre som vart gift, med berre 77,6 prosent i 1900 mot 80,3 i 1865 og 89,6 prosent i 1801. Ein skulle kanskje tru at 1865 med lengst spenn frå fyrste kvartil gift til tredje kvartil gift, var det folketeljingsåret med lengst tenartid, men slik var det altså ikkje. Ein kan heller tru at det lange tidsspennet i livsløpsovergangen frå ugift til gift skuldast nettopp det at mange var ute i teneste, og at tenesta var ei form for buffer med gifteklar ungdom. I 1801 var ikkje like mange ute i teneste, men dei som tente, vart oftare lenger i tenesta, og alderen hadde mindre å seie for giftarmålet. Livsløpsovergangen frå ugift til gift var over ganske mange år, og mange av dei vart gifte.

Alder for giftarmål; Toten og Noreg

Arne Solli har funni median alder for giftarmål for heile Noreg ut i frå folketeljingane i 1801, 1865 og 1900. Utviklinga i median alder for giftarmål for kvinner var i Noreg 26,1 i 1801, 26,3 i 1865 og 25,6 i 1900.¹⁰⁷ I forhold til på Toten der alderen var 27, 26-27 og 25 år for same årrekke, ser ein at Toten låg omtrent på landsgjennomsnittet, med eit lite unntak i 1801, da dei var noe eldre på Toten enn i Noreg generelt. Ser ein på median alder for giftarmål for menn for heile Noreg, var alderen i same årrekke 28,0, 28,2 og 27,3.¹⁰⁸ For Toten var alderen 28, 26-27 og 25-26. I 1801 var median alder for giftarmål for menn lik i Noreg og på Toten, medan både i 1865 og i 1900 var totningane nesten to år yngre enn gjennomsnittsnordmannen.

Vidare har Solli sett på giftarmålsalderen for både ulike økonomiske regionar og politisk-kulturelle regionar. For fyrstnemnte fann han at giftarmålsalderen på flatbygdene var så godt som uendra for mennene sin del frå 1801 til 1900, medan kvinnene hadde ein liten nedgang. Både kvinner og menn hadde ein liten auke i giftarmålsalderen frå 1801 til 1865, med nedgang mot 1900, noe han fann i alle bygder der primærnæringane sto sterkt.¹⁰⁹ Toten følgde såleis ikkje mønsteret på flatbygdene og jordbruksbygdene generelt, da giftarmålsalderen på Toten fell gjennom heile perioden. Av dei politisk-kulturelle regionane fann Solli at giftarmålsalderen minka (mest) i dei sentrumsnære strøka.¹¹⁰ Toten må kunne seiast å høyre inn under ytre sentrum, noe som samsvarar med fallet i giftarmålsalder. Slik sett stemmer Solli si forklaring om at politisk-kulturelle faktorar spelte større rolle enn produksjonsøkonomien når det kjem til giftarmålsalder,¹¹¹ også for Toten.

¹⁰⁷ Solli 2003, s 76

¹⁰⁸ Solli 2003, s 76

¹⁰⁹ Solli 2003, s 174-175

¹¹⁰ Solli 2003, s 210-211

¹¹¹ Solli 2003, s 175 og 210

Ein kan også tenkje seg at dei nye næringane gav mange levebrød og eit utkomme slik at dei kunne gifte seg. Om sekundærnæringa gjorde sitt til at giftarmålsalderen minka betyr ikkje at den gav arbeid til aldersgruppa 14-20 år. Mange av dei gjekk framleis ut i teneste i 1900, og ei tese kan vera at ein måtte ha ei viss erfaring før ein fekk jobb på meieri, brenneri eller fabrikk.

I følgje teorien om familiemønsteret i nordvest-Europa i førindustriell tid, var kvinnene i gjennomsnitt over 23 år da dei gifta seg fyrste gongen medan mennene var over 26. Eg har berre funni median alder for giftarmål, og tala lèt seg derfor ikkje samanliknast direkte. Likevel er det nærliggande å tru at med ein median alder for giftarmål hos kvinnene på 27, 26-27 og 25 år i årrekka 1801, 1865 og 1900, var gjennomsnittsalderen for giftarmål over 23 år. Dette gjeld i alle fall heilt fram til slutten av 1800-talet. Mennene sin median alder for giftarmål var 28, 26-27 og 25-26 for same årrekke. Ein kan tru at deira gjennomsnittsalder ved giftarmål også låg over 26 år, i alle fall i starten av hundreåret. Ut over 1800-talet fell medianalderen ein del, og gjennomsnittsalderen deira var moglegvis ikkje over 26 år.

Gifteprosent

Arne Solli har funni giftprosenten (inkludert separerte) for heile Noreg for aldersgruppa 40-50 år. Ser ein på kvinnene var gifteprosenten i alderen 40 til 50 år for heile Noreg i 1801 75,8 prosent, i 1865 76,9 prosent og i 1900 71,1 prosent.¹¹² På Toten var denne i 1801 89,6 prosent, i 1865 80,3 prosent og i 1900 og 77,6 prosent.¹¹³ Eg har valt å rekne med enkjestanden til giftprosenten, så det er meir rett å kalle det for gifte og tidlegare gifte. Tala mine er derfor ein del høgare enn Arne Solli sine tal for heile Noreg. I følgje Solli var prosentdelen enkjer i forhold til alle kvinner over 15 år jamt omkring 11,5 prosent i perioden 1865-1900, og han argumenterer for at han har vori på omtrent det same også tidlegare på 1800-talet. Solli har også med sølibatsgraden, delen ugifte eller ikkje tidlegare gifte i alderen 45-49 år på landsbasis, og har tala 14,7 prosent, 13,7 prosent og 18,3 prosent for åra 1801, 1865 og 1900.¹¹⁴ På landsbasis var altså sølibatsgraden ganske lik i 1801 og 1865, for så å stige i 1900. Samanliknar ein med gift/tidlegare gift- prosenten for Toten, ser ein at talet ugifte absolutt var lågast i 1801, for så å auke ganske mye allereie i 1865, og forsette å auke til 1900.

Ser ein på menn i alderen 40-50 var giftprosenten for heile Noreg i 1801 88,3 prosent, i 1865 85 prosent, og i 1900 83,3 prosent. Sølibatsgraden, delen ugifte i aldersgruppa 45-49 år

¹¹² Solli 2003, s 64

¹¹³ Sjå vedlegg 2

¹¹⁴ Solli 2003, s 64-65

var 7,9, 11,9 og 11,1 i same årrekke. Gifteprosenten for menn i alderen 40 til 50 på Toten var i 1801 94,1 og i 1865 90,8 og 91,6 i 1900.¹¹⁵ Sølibatsgraden, delen ugifte, hadde ein ørliten topp i 1865 på landsbasis, noe ein også kan trekke ut i frå gift/tidlegare gift-prosenten på Toten.

Ei forklaring til den aukande sølibatsgraden både i Noreg generelt og på Toten, er det auka presset på ressursane, og at fleire da valde sølibat som alternativ. Vi såg også at både tenestetida og aldersspennet for når det var vanleg å gifte seg, minka i løpet av 1800-talet. Desto lenger ein var i teneste, desto større var sjansane for ikkje å bli gift. Eit anna moment er at utvandringa frå midten av hundreåret og utover var dominert av unge, ugifte menn, noe som skapte eit enda større kvinneoverskot. Ser ein Noreg under eitt, flytta det flest kvinner inn til byane, noe som gjorde at kvinneoverskottet, med påfølgande sølibatsgrad, vart høgare der.¹¹⁶ For bygdenoreg og Toten sin del skulle ein tru sistnemnde var med på å utjamne underskottet på menn. I tillegg må den ulike giftarmålsalderen, med mannen sin giftarmålsalder rundt eit år eldre enn kvinnene, ha gjort at det har vorti giftemodne kvinner til overs. I starten av hundreåret var omgifte vanleg, noe som kan ha kompensert noe for dette, men omgifte vart langt mindre vanleg ut over 1800-talet.¹¹⁷

Snur ein tankegangen om ressurstilgangen på hovudet, kan ein seie at folk gifta seg tidlegare da tilgangen på levebrød auka gjennom hundreåret. Sjansane for eit levebrød utanom jordbruksarbeid auka. Da giftarmålsalderen gjekk ned, vart samtidig aldersgruppa med unge, ugifte eventuelle tenarar mindre, noe som kan vera ein del av forklaringa på at tenarstanden minka. På den andre sida har dette truleg vori med på å gjere at ein kunne velje sølibat som eit alternativ, både da tilgangen på andre levebrød auka, eller dei trongst som tenarar.¹¹⁸ I kapitlet om tenarane sin alder kjem eg tilbake til noen av desse alternative livsløpa.

¹¹⁵ Sjå vedlegg 2

¹¹⁶ Solli 2003, s 65

¹¹⁷ Solli 2003, s 65-66

¹¹⁸ Bull 2006, s 36

Kapittel 4 – Tenargruppa sine kjenneteikn

Tenarane sin alder

Vi har no sett på når det var vanleg å gå ut i teneste, samt når ein slutta i tenesta. I dette underkapittelet skal eg undersøke i kva for ei aldersgruppe ein finn flest tenarar, samt kor ein finn unntaka. I dei føregåande kapitla har eg undersøkt tenarprosenten opp mot resten av årskulla medan eg her studerer tenargruppa i seg sjølv.

Problemstillingar:

- I kva aldersgruppe finn ein dei fleste tenarane?
- Kor mange tenarar under konfirmasjonsalder finn ein?
- Kor stor del av tenargruppa utgjorde livstidstenarane?
- Ser ein noen utvikling gjennom hundreåret?

I følge teorien gjekk ein ut i teneste i konfirmasjonsalderen og vart i teneste til ein hadde noen å gifte seg med og eit skikkeleg levebrød. Dette fekk ein som regel ikkje før i midten av 20-åra. Ein del vart aldri gift, og somme av dei vart i teneste livet ut.

1801

Tabell 15: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Toten 1801				
Alder:	Talet på tenarar:	Kvinner:	Menn:	Prosent av samla tenartal
←13	25	14	11	3,4
14-15	42	17	25	5,7
16-25	423	285	138	57,4
26-35	143	94	49	19,4
36 →	104	57	47	14,1

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga i Toten 1801. Digitalarkivet.no

Som tabellen viser, finn ein nesten 60 prosent av tenarane på Toten i 1801 i alderen 16 til 25 år. Tek ein med tenarar frå konfirmasjonsalderen på 14-15 år og opp til 35 kjem ein nesten opp i ca 85 prosent av det samla tenartalet. Tenarar yngre enn 14 og eldre enn 35 er sjeldan, men dei finst likevel. Av dei 25 tenarane i alder 13 år og yngre, var elleve av dei 13, sju av dei tolv, fire av dei elleve og to av dei ti. Den yngste var Marte Kristiansdatter på Taralrud på berre sju år. Frode Myrheim fann at av 405 tenarar i Elverum i 1801, var berre to, tilsvarande

0,5 prosent av tenarane, under tolv år gamle.¹¹⁹ På Toten var denne prosentten omtrent det dobbelte, da ein finn sju tenarar under tolv år. Vidare hevdar han at tenestedrengane i siste halvdel av 1700-talet jamt over var yngre enn tenestejentene.¹²⁰ Dette kan stemme også for Toten sin del. Om ein ser på aldersgruppa 14-15 år er det langt fleire gutar enn jenter, til trass for at fleire jenter enn gutar gjekk ut i teneste. Likevel ser ein at talet på mannlege tenarar over 35 år er høgt i forhold til kjønnsproposjonen elles. Slik sett var dei mannlege livsløpstenarane yngre enn sine kvinnelege kollegaer. Alderen på livsløpstenarane spelar ikkje same rolla, da tenesta ikkje berre var ein fase av ungdommen deira. Talet tydar heller på at det var forholdsvis mange mannlege livstidstenarar i 1801 sett opp mot kor mange menn som tok teneste i det heile.

Av tenarane over 35 år var 31 i alderen 36-39, 36 i alderen 40-49, 27 i alderen 50-59, og seks i alderen 60-65. Det var ingen tenarar i alderen 65-80. Ein ser at tenarar over 60 år nesten ikkje fanst, og, at ingen var over 65, med unntak av Poul Nielsen på 81 år.¹²¹ Han tenestegjorde på garden Kraby, og er ført som gift. Det er mogleg at mange av dei som var i teneste fram til dei passerte 60 år, fortsette på same staden, men på grunn av alderen hadde fått legd, og dermed står oppført under ein annan kategori. Det var vanleg at dei som var på legd også arbeidde noe, om dei var føre til det. Det kan også vera at dei har hamna på legd andre stader, eller at livstidstenarane rett og slett ikkje vart så gamle. Av dei som var på legd på Toten i 1801, var det ein del born, to i 20-30 årsalderen, og 49 gamle (over 50). Berre tre av desse var i 50-åra, medan det var så mange som 15 i 60-åra, 19 i 70-åra, ti i 80-åra og to i 90-åra. Ein ser dermed at den vanlegaste alderen for å hamne på legd må ha vori frå 60 år og eldre. Av desse var 28 i enkjestanden, 16 var ugifte, to gifte og resten udefinert. Da tenarane som regel var ugifte, kan ein tru at fleire av desse 16 ugifte var gamle livstidstenarar som seinare hamna på legd. Av dei som aldri gifta seg i 1801, var dei fleste tenarar, med noen unntak, blant anna innerstar og dagarbeidarar.

I forsøk på å finne livstidstenarane på Toten i 1801, har eg trekt i frå dei gifte og skilte, samt enkjestanden frå tenargruppa over 35 år. Da sit ein att med 77 av dei 104 tenarane frå 35 til 81 år. Desse utgjer 10,4 prosent av det samla tenartalet. Ein kan tru at noen av tenarane over 35 år vart gift seinare i livet, men om ein ser på tenarane frå 40 år og eldre, må ein tru at få av dei gifta seg. Da sit ein att med 75 tenarar, som utgjer kring ti prosent av tenarane.

¹¹⁹ Myrheim 2006, s 40

¹²⁰ Myrheim 2006, s 42

¹²¹ Nemnast også i underkap. Sivilstand, Gifte tenarar, 1801

Tabell 16: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Ø. Toten 1865				
Alder:	Talet på tenarar:	Kvinner:	Menn:	Prosent av samla tenartal
←13	6	5	1	0,8
14-15	14	12	2	1,8
16-25	534	337	200	70,1
26-35	106	81	25	13,9
36 →	102	81	21	13,4
Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga Ø. Toten 1865. Digitalarkivet.no				

I 1865 finn ein heile 70,1 prosent av tenarane i aldersgruppa 16-25, og altså over ti prosentpoeng fleire enn i 1801. Dette stemmer godt overeins med at ein i 1865 fann den kortaste tenestetida. Dette gjer også at aldersgruppene før og etter var tilsvarende mindre. Ein ser at talet for 14-15-åringar er særdeles lågt, noe som konstaterer at ein ikkje tok teneste før etter ein var konfirmert, og da heller ikkje rett etterpå ved fyrste faredag, men ved faredagen til våren igjen eller seinare. 47 tenarar på 16 år og 55 på 17 år, mot berre 14 tenarar i 14-15-årsalderen stadfestar dette. Ser ein på talet på tenarar over 25 år, finn ein at dei var ein langt mindre del av tenartalet enn i 1801.

For tenarane over 36 år er delen så å seie uendra i forhold til i 1801, og ein finn 102 tenarar i alderen 36 til 73 år. Dette kan tyde på at om teneste var vanlegare innanfor eit kortare aldersspenn i 1865 enn i 1801, var delen velvaksne tenarar omtrent den same. Tre av desse var i 70-åra, ni i 60-åra, 25 i 50-åra, 45 i 40-åra, medan dei resterande 22 var i alderen 36-39. Den eldste tenaren i Østre Toten kommune i 1865 var Johanne Skindstad på 73 år¹²². Ho var enkje og hushaldar for føderådsmannen på Skindstad øvre. For å finne livstidstenarane i 1865 har eg trekt frå tenarane i enkjestand samt eventuelle gifte tenarar frå gruppa tenarar over 35 år. Da sit ein att med 80 ugifte tenarar, noe som utgjer 10,5 prosent av den samla tenargruppa. Noen av tenarane over 35 kan ha gifta seg seinare. Om ein ser på talet for tenarar frå 40 år og oppover, utgjer dei 59 personar, og 7,7 prosent av tenarane generelt.

Samanliknar ein talet for tenarar på 13 år og yngre, finn ein langt færre i 1865 enn i 1801. Av dei på 13 år og yngre var ei på 13, tre på tolv år og to på ti år. Tre av dei hadde

¹²² Nemast også i underkap. Sivilstand, Ennkjestanden, 1865

yrkesnemninga barnepike, medan dei tre andre berre står oppført som tenarar. Den eine tiåringen, Johanne Olsdatter, var barnepike for to små ungar på husmannsplassen Slaatom.

Arne Solli hevdar i si doktorgradsavhandling at på flatbygdene erstatta ikkje hamskiftet trongen for billeg arbeidskraft i form av 10-15 år gamle husmannsgutar.¹²³ 10-15 år gamle husmannsgutar var ikkje noe ein fann mange av blant tenarane på Toten i 1865, med berre tre gutar. Ser ein på tenestegutane i alderen 16-25 finn ein rett nok svært mange, og det må vera dei som gjer utslaget for at det er i 1865 ein finn den høgaste delen gutar gjennom perioden.

1900

Tabell 17: Tenargruppa fordelt i aldersgrupper, Ø. Toten 1900				
Alder:	Talet på tenarar:	Kvinner:	Menn:	Prosent av samla tenartal
←13	13	7	6	1,9
14-15	81	45	36	11,6
16-25	408	266	142	58,3
26-35	93	62	31	13,3
36 →	103	81	22	14,7

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Ø. Toten 1900. Digitalarkivet.no

Går ein 35 år fram i tid finn ein mange gutar i alderen 10-15 slik Solli hevdar å finne i perioden 1840-1870. Slik sett kan ein tru at Toten var av dei flatbygdene som hang etter i utviklinga. Det at ein finn 42 tenestegutar frå 15 år og yngre tydar på at gardane hadde bruk for den billege arbeidskrafta deira, og at oppgåvene dei gjorde enten ikkje lét seg mekanisere så lett, eller at mekaniseringa maskuliniserte tidlegare kvinnelege oppgaver.

I 1900 har delen tenarar i alderen 16-25 minka igjen til å bli så å seie akkurat like mange som i 1801. Nedgangen på dei 35 åra frå 1865 til 1900 er på nesten tolv prosentpoeng. Sidan delen tenarar i alderen 16-25 har gått ned, må andre aldersgrupper ha auka. Ein ser at delen tenarar frå 26 år og utover, nærmast ikkje har forandra seg på 35 år, og heller ikkje delen under 13 år. Den største skilnaden finn ein derfor for aldersgruppa 14-15 år. Om dette berre er to aldersår utgjør dei heile 11,6 prosent av tenarstanden, med 27 fødd i 1886 og heile 54 i 1885. Dette gir ei aukeing på nesten ti prosentpoeng på dei 35 åra frå 1865. Dette stadfestar at det i 1900 var fleire som gjekk ut i teneste i konfirmasjonsalderen enn i 1865 og 1801, og at 1865 utmerker

¹²³ Solli 2003, s 266

seg som den perioden da teneste var tettast knytte til aldersgruppa 16-25. Det same gjeld for at ein finn det største aldersspennet og seinaste den tenesteperioden for livsløpstenarane i 1801 i forhold til resten av hundreåret. Ser ein på tenarane over 36 år, finn ein at prosentdelen velvaksne tenarar har vori nesten konstant gjennom 1800-talet. Ein forskjell ein ser for deira del, er at det var langt fleire mannlege tenarar over 36 år i 1801 med ein kjønnsproporsjon på 0,82 mot 0,26 og 0,27 i 1865 og 1900. Det fanst rett nok fleire mannlege tenarar i 1801 enn i dei to seinare teljingane, men ikkje på langt nær så mange at ein skulle få eit slikt utslag.¹²⁴

Alderen på tenarane i 1900 var frå åtte til 80 år. Ser ein på alle under 14 år finn ein heile 13, noe som svarar til 1,9 prosent av tenargruppa. Dette er ei auking i rundt det dobbelte både i tal og prosentpoeng i forhold til 35 og hundre år før. Ein skulle kanskje tru at det var fleire barnetenarar i 1865 og i 1801 enn i 1900, men slik var det altså ikkje. Talet er rett nok ikkje særleg høgt, men ein skulle tru utviklinga gjekk andre vegen. Ei forklaring på kvifor ein finn såpass mange barnetenarar, kan vera at den lågare giftarmålsalderen førte til større barnekull, som igjen førte til at fleire måtte ut og tene. Av tenarane frå 13 år og yngre var fem 13 år, to tolv år, tre elleve år, ei ti år, ei ni år, og ei på åtte år. I 1865 var det ingen tenarar under ti år, og i 1801 berre ei. I 1900 ein finn to tenarar under ti år. Den yngste var åtte år gamle Ingeborg Johansdotter, som tenestegjorde som barnepike for to små husmannsungar.¹²⁵ Den nest yngste var Petra Martinsdotter på ni år. Ho var barnepike på garden Enge lille for dei tre små borna på garden, i alderen tre år til ein månad.

Dei to eldste tenarane i 1900 var Gunhild Paulsdatter på heile 80 år,¹²⁶ og stallkaren på garden austre Evang, Paul Andersen på 78 år. Talet på tenarar over 50 år er i det heile ganske lågt, med berre 43. Skal ein leite etter livsløpstenarane, må ein sjå bort frå eventuelle gifte tenarar, og ikkje minst enkjestanden. Da sit ein att med 65 tenarar over 35 år. Dei utgjer i overkant av 9 prosent av den samla tenargruppa. Det kan tenkjast at noen av dei 23 tenarane i alderen 35-40 gifta seg og forlét tenesta, men dei fleste av dei resterande 42 tenarane som alle hadde passert 40, vart neppe gift, og utgjorde livstidstenarane på Øste Toten i 1900. I prosentdel utgjorde desse seks prosent av tenarane. Jamfører ein med teljinga frå 1801 og 1865 finn ein at livstidstenarane har utgjort kring ti prosent av tenarane i alle folketeljingane. Desse utgjorde ein del av den høge sølibatsgraden, eit av kjenneteikna på det vesteuropeiske giftarmålsmonsteret.

¹²⁴ Sjå underkap. Kjønn

¹²⁵ Nemnast også i kap. 5, Tenestestad, Husmannsplassane, 1900

¹²⁶ Nemnast også i kap. 5, Tenestestad, Husmannsplassane, 1900

Kjønn

Kjønnsfordeling 1801-1900

Tenestejentene har nærmast utan unntak vori i fleirtal i undersøkingane som er gjort om tenestefolk i Noreg, uansett om det er 1700-talet eller 1900-talet ein har studert, om det er vest-, aust-, sør- eller nord-Noreg, by eller land. Men kor stor denne kvinnelege overvekta har vori, varierte sjølvsagt noe. Mitt spørsmål blir da korleis kjønnsbalansen var på Toten i gjennom 1800-talet, både om det er noen utvikling å spore, og om dette var annleis enn for andre delar av landet.

Tabell 18: Kjønnsfordeling tenargruppa, (Ø.) Toten 1801- 1900.

Teljing, år og kommune	Kvinner	Menn	Pr.-fordeling kvinner	Pr.-fordeling menn
1801, Toten (Ø. og V.)	469	269	63,6	36,4
1865, Ø.Toten	511	244	67,6	32,4
1875 Ø.Toten	523	295	64,0	36,0
1900 Ø.Toten	470	244	65,8	34,2

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljingane 1801, 1865, 1875 og 1900. Digitalarkivet.no

Av dei 738 tenarane i teljinga frå 1801 var 469 kvinner og 269 menn. Dette vil seie at det var 1,8 kvinne per mann. I teljinga for 1865 var det 244 mannlige tenarar, medan det var 511 kvinnelige. Dette svara til 2,1 kvinnelige tenarar for kvar mann. For året 1875 finn ein 523 kvinner og 295 menn i tenesteyrke, 1,8 kvinner per mann. I 1900 var 470 av tenarane kvinner, og det var 238 menn. Dette vil seie 1,9 kvinner per mann.

Talet på kvinner per mann har altså ikkje forandra seg vesentleg gjennom 1800-talet, og ein kan seie at forholdet mellom kvinnelege og mannlege tenarar var bortimot konstant. Ein finn i alle fall ikkje noen utvikling verken til den eine eller andre leia, da tala svingar begge retningar gjennom dei 100 åra.

Hans Magne Kvalvåg har i si hovudfagsoppgåve, "Tjenerne som samfunnsgruppe 1711, for det sønnenfjelske Norge", med fordelinga i mellom tenestejenter og tenestedrengar for Hadeland, Toten og Valdres i 1711 under eitt. Her er det oppført 867 drengar og 1479 jenter, noe som utgjer ein prosentfordeling på 37 mot 63 prosent.¹²⁷ Sjølv om desse tala tek for seg Hadeland og Valdres i tillegg til Toten, skil ikkje Hadeland og Valdres seg særleg frå

¹²⁷ Kvalvåg 1974, s 61

Mjøsbygdene. Den største skilnaden må vera at Valdres ligg noe høgare og har fleire fjellbygder. Prosentfordelinga frå 1711 gjer at ein kan få ein peikepinn på korleis stoda var nesten hundre år før min periode. Ein ser at dei ikkje skil seg nemneverdig frå 1801-tala. Derfor kan ein seie at dei kvinnelege tenarane har vori i overtal i forhold til dei mannlege i området, og at det ikkje har vori nemneverdig utvikling verken eine eller andre vegen. Sagt med andre ord held prosentdelen mannlege tenarar seg jamn gjennom perioden. Talet på mannlege tenarar i det heile utvikla seg heller ikkje mye på dei 35 åra mellom 1865 og 1900.

Kjønnsfordeling gjennom 1800-talet på landsbasis

Tabell 19: Kjønnsfordeling tenargruppa, Noreg 1801- 1900.				
Teljingsår	Kvinner	Menn	Prosentfordeling kvinner	Prosentfordeling menn
1801	69.539	35.601	66,1	33,9
1865	106.037	48.268	69,7	30,3
1875	110.727	38.323	74,3	25,7
1900	105.184	27.030	79,6	20,4

Kjelde: Strand 1995, s 35. Har sine data frå folketeljingane og historisk statistikk. Sogner/Telste 2005, s 7 og 39.

Ser ein tala frå Østre Toten opp mot tala for Noreg under eitt, finn ein store forskjellar. Medan kvinnedelen på Toten låg på rundt 65 prosent gjennom heile perioden finn ein ei stor utvikling på landsbasis. I 1801 var ikkje forskjellane så store, med 63,6 prosent kvinner på Toten og 66,1 prosent kvinner i Noreg under eitt. I 1865 hadde delen kvinner auka med nesten fire prosentpoeng både på i Noreg og på Toten. På Toten fekk ein ein liten nedgang i kvinnedelen i 1875, medan kvinnedelen i Noreg generelt auka med over 4,5 prosentpoeng. Kvinnedelen auka så igjen i 1900 også på Toten, men aukinga på landsbasis var mye større. Oppsummert må ein kunne seie at kvinnedelen av tenarane var omtrent den same på Toten som på landsbasis fram til 1865. Derifrå auka kvinnedelen vesentleg på landbasis, medan han heldt seg ganske konstant på Toten.

Ser ein på tala bak prosentdelen på landsbasis, finn ein at på dei ti åra mellom 1865 og 1875 auka talet på kvinnelege tenarar med godt over 4000, medan det var ca. 10.000 mannlege tenarar færre i 1875 enn ti år før. Det er her ein finn den vesentlege forskjellen mellom Toten og landsgjennomsnittet. I Noreg generelt halverast nesten talet på mannlege tenarar frå 1865 til 1900, medan talet på kvinnelege tenarar var så å seie det same i 1865 som i 1900. På Toten

var det akkurat like mange mannlege tenarar i 1865 som i 1900, medan det var tenartalet til kvinnene som minka.

Kvifor overvekt av jenter i utgangspunktet?

Ein kan så spørje kvifor det var så mange fleire kvinnelege tenarar enn menn. Ein grunn kan vera at det var eit kvinneoverskot generelt i befolkninga, opp mot ti prosent. Desse hadde ein innverknad på kvinnene sin høge sølibatsgrad. For Toten sin del fann ein nesten fire kvinnelege tenarar per mannleg tenar for aldersgruppa 36 år og eldre i teljingane frå 1865 og 1900, medan ein i 1801 berre fann 1,2 kvinner per mann. Altså var eldre tenarar eit kvinnefenomen i siste halvdel av 1800-talet, og ein del av den høge kvinneprosenten må ha vori desse. Desse kvinnelege livtidstenarane kunne vera i teneste opp mot 50 år, og dei kvinnelege livsløpstenarane var også ofte lenger i tenesta enn dei mannlege kollegaene sine. At ein del kvinner tente lenger enn menn, vil også gi utslag på statistikken over kjønnsfordelinga.

Kvinneovervekta hos tenarane kan også skuldast at det var fleire utvegar for eit utkomme for ein gut som måtte ut heimanfrå og tene til livets opphald enn for jentene. No var det heller ikkje slik at alle måtte forlate foreldreheimen. Mange gutar vart buande heime på garden da arbeidskrafta trongst der, og odelsguten var sikra utkomme i garden. Likevel måtte mange av gutane ut frå barndomsheimen, men dei hadde sjanse på andre utkomme enn teneste. For Østre Toten sin del kan ein nemne dei mange handverkssveinane ein finn samt innerstane med ei form for handverksgeeskjeft. I følgje Arne Solli vart det gjennom 1800-talet langt vanlegare også for yngre menn å vera losjerande eller innerstar, og ein finn langt fleire i 1900 enn hundre år før. Kvinnelege innerstar eller losjerande var ikkje like vanleg. Ein ser også at det vart vanlegare å ha 15-20 år gamle søner heime, enn det var å ha døtrer.¹²⁸ Sønene hjelpte foreldra eller odelsbror sin med gardsbruket, eller dei kunne ta på seg dagarbeid, medan dette ikkje var like vanleg for kvinnene.

Dessutan var det ofte langt billegare å ha ei tenestejente enn ein vaksen tenestedreng, noe som gjorde at einejentene, ei tenestejente i eit hushald der ho var åleine som tenar, var av dei vanlegaste tenarane.¹²⁹ I tillegg kunne ei tenestejente gjere nesten kva som helst, medan gutane ofte berre hadde meir spesifiserte oppgåver. Oppgåvene deira var også ofte heilårsoppgåver, slik som husstell, matlaging, fjøsstell og ungepass, medan mannfolkarbeidet var meir sesongprega. Hanne Østhus kommenterer også dette i si oppgåve ”Vanartige tenestefolk eller uordentlige husbønder” om konflikhtar i mellom tenestefolk og husbønder på

¹²⁸ Solli 2003, s 82-83

¹²⁹ Amt. Femårsberetninger 1873, Kap. E s 38

slutten av 1700-tallet, der ho peiker på at tenestejentene som regel er oppførte berre som tenestejenter, medan tenestegutane står med ulike nemningar for kva dei dreiv med.¹³⁰

Mannlege tenarar

På Toten ser ein at det var dei største gardane som hadde flest mannlege tenarar, og at det var dei kondisjonerte som hadde absolutt flest, sett i forhold til tenarhaldet generelt. Dette tyder på at det var fyrst og fremst større gardar og hushald som hadde arbeid for eller råd til mannlege tenarar. Mindre bruk leigde kanskje heller inn dagarbeidarar til det sesongprega mannfolkarbeidet dei trong hjelp til.

Kvalvåg har i si oppgåve over tenestefolk i det ”sønnefjellske Norge” i 1711 sett på om kjønnsbalansen er den same i typiske kystbygder, skogbygder, fjellbygder og gode jordbruksbygder. Kystbygdene var dei med klart færrest drengar i teneste, da jordbruket i desse områda var så smått at bøndene, eller konene, dreiv jorda sjølv utan drengar, medan drengane lett fann andre utkomme i kystnæringa. Skogbygdene hadde også eit særleg kvinneoverskot i tenarstanden, fordi jordbruket som regel var såpass snevert at bonden dreiv jorda sjølv med eigen familie. Arbeidet i skogen vart oftast gjort av husmann og lausarbeidarar, da dette var særleg sesongarbeid som ga lite grunnlag for å huse ein dreng fast. I dei grisgrendte fjellbygdene hadde drengane mindre sjanse til å finne anna arbeid enn å ta teneste, og gardsdrifta var ofte hard, slik at drengane ofte vart tenarar i jordbruket. I dei gode jordbruksbygdene, som Toten må kunne seiast å høyre inn under, var bruken for mannleg arbeidskraft høg, og det var i mange tilfelle billigare å halde ein tenar enn å hyre lausarbeidarar til alt arbeidet.¹³¹ Om det var utveg for anna arbeid for gutane, var dei ettertrakta i jordbruket, og ein del av dei valde tenarlivet.

Det at talet på mannlege tenarar i forhold til kvinnelege minka mye mot slutten av 1800-talet i Noreg generelt, må vera fordi det stadig dukka opp nye yrke eller andre utvegjar til eit utkomme for mennene i ein mye større grad enn for kvinnene. Sidan tala for Østre Toten er bortimot konstante, kan ein tru at desse nye arbeidsplassane for mennene ikkje dukka opp på Toten i desse åra, noe som stemmer godt med den låge industriveksten fram til litt inn på 1900-talet. Dessutan heldt jordbruksarbeidet seg arbeidskrevjande, trass i mekaniseringa mot slutten av hundreåret, og mannleg arbeidskraft var derfor høgst nødvendig i ei jordbruksbygd. Arne Solli fann same tendens for jordbruksbygder, der den mannlege tenesteinstitusjonen heldt stand gjennom 1800-talet. Mekaniseringa førte ikkje til at trongen for mannleg

¹³⁰ Østhus, Hanne, Vanartige tenestefolk eller uordentlige husbønder, Univ. Oslo 2007, s 66

¹³¹ Kvalvåg 1974, s 64-70

arbeidskraft forsvann. Arbeidet gjekk i staden frå å vera kvinnearbeid til å bli mannsdominert.¹³²

I kapittelet over Toten gjennom 1800-talet såg vi at talet på husmenn med jord på Østre Toten sank med over 300 på dei 45 åra frå 1865 til 1910. Husmennene med jord hadde som regel arbeidsplikt på garden plassen låg under, og når så mange som 300 av desse forsvann på slutten av 1800-talet, måtte noen ta over arbeidsoppgåvene deira. Ein del av dette arbeidet var sannsynlegvis mekanisert slik at ein ikkje hadde bruk for arbeidskrafta, men det er truleg at mange hyrde ein mannleg tenar i staden. Rett nok auka delen dagarbeidarar i same tidsrom, men på dei store totengardane var trongen for arbeidskraft gjennom heile året stort nok til å feste ein mannleg tenar. Dersom ein hadde bruk for arbeidskrafta, var tenaren billegare enn dagarbeidaren, og dagarbeidarane vart i staden hyra inn i onnene.

Eit anna argument er at mange unge jenter frå Toten tok teneste i Kristiania på slutten av 1800-talet, medan gutane ikkje hadde ein tilsvarende moglegheit.¹³³ I følgje Sølvi Sogner og Kari Telste i boka *Ut og søkje teneste* var det særleg kvinnelege tenarar som var etterspurt i hovudstaden, da jentene i frå byen heller tok arbeid på fabrikkane, som ofte søkte etter kvinnelege arbeidarar. Kristiania vart såleis ”den unge piges by”, medan mennene vart verande att på bygda og tente der.¹³⁴ Gunnar Thorvaldsen peikar på same tendens i sin artikkel, og viser til at det kvinnelege tenartalet i byane steig veldig i slutten av hundreåret. Likevel steig folketalet i byane enda meir, slik at tenesteprosenten i byane generelt sank. Sjølv om talet kvinnelege tenarar steig, var etterspurnaden, på grunn av alle dei nye borgarlege heimane, enda større.¹³⁵ Dette kan altså vere ei av årsakene til at forholdet mellom kvinnelege og mannlege tenarar heldt seg stabilt på Toten. Ein kan godt skjønne at unge kvinner valde tenarpost i dei borgarlege heimane i Kristiania framfor å bli fjøsjenter på Toten.

I følgje Arne Solli kan tala for landsgjennomsnittet også dekke over korleis realiteten eigentleg var. At det var ført langt fleire tenestegutar i 1801 enn i 1900 i forhold til talet på tenestejenter, kan ha noe med registreringa å gjere. Kan hende var tenestestempelet noe mange ikkje ville ha på slutten av 1800-talet, og ein let seg derfor føre som innerst eller losjerande, sjølv om arbeidsoppgåvene og rolla dei fekk i hushaldet kunne vera bortimot dei same.¹³⁶ Det same gjeld for mennene ført med berre yrkesnemning, og ikkje familiestilling. På flatbygdene på Austlandet var standsforskjellen større enn i kyststrøka, fjellbygdene og

¹³² Solli 2003, s 191-192

¹³³ Sjø kap. 1

¹³⁴ Sogner/Telste 2005, s 40

¹³⁵ Thorvaldsen 2008, s 460

¹³⁶ Solli 2003, s 84

skogbygdene. Husmannsvesenet hadde vori svært omfattande, og dei sosiale skilnadene heldt seg gjeldande. Ein stor del av folketalet var proletarar. Derfor kan ein tenkje at føringa som tenar var meir naturleg, sjølv i 1900-teljinga. Dermed kan det forholdsvis høge talet på mannlege tenarar på Østre Toten på slutten av 1800-talet i forhold til på landsbasis, skuldast måten dei har vorti ført.

Ei siste forklaring som har vorti brukt på kvifor det stadig vart fleire og fleire tenestejenter enn tenestegutar i Noreg generelt, er utvandringa til Amerika. Ein veit at det særleg i fyrste fase av utvandringa var unge menn som reiste. Dette kunne såleis spelt inn på kjønnsbalansen. Men dersom dette skulle ha gitt noe stort utslag, burde det ha vori ei utvikling i balansen også for Toten på desse åra, da det var ein del emigrasjon frå Toten i siste halvdel av 1800-talet, men det finn ein altså ikkje.¹³⁷ Arne Solli argumenterer også for at dette ikkje kan ha hatt særleg stor innverknad, da kvinneoverskotet generelt i folket ikkje er særleg annleis i 1801 enn i 1900, medan delen menn i teneste er mye lågare.¹³⁸

Kort oppsummert kan ein seie at den uforandra kjønnsbalansen på Toten mot den store minkinga av mannlege tenarar i Noreg under eitt, må ha skuldast fleire faktorar. Den mannlege arbeidskrafta trongst i jordbruket i ei slik jordbruksbygd som Toten, uavhengig av når på 1800-talet ein studerer. Mekaniseringa førte ikkje til noen nedgang i det mannlege tenartalet, snarare motsatt. Når husmennene forsvann på slutten av 1800-talet, måtte også noen ta over deira arbeidsoppgåver. Samtidig forsvann ein del av dei potensielle kvinnelege tenarane til Kristiania. Tilgangen på utkomme utanom teneste for mennene sin del, har mest sannsynleg ikkje vori like stor som i andre delar av landet. Noe av dette kan komma av at industriveksten på Toten ikkje hadde skoti fart, og at ein derfor framleis var knytta til landbruket.

Sivilstand

Gifte tenarar

1900

Den vanlege karakteristikken av tenarane har vori at dei var unge og ugifte menneske som arbeidde og budde i framande hushald. Vi har allereie sett at tenarane ikkje alltid var unge, og i dette underkapittelet skal vi sjå at ikkje alle av dei var ugifte heller. Ser ein på 1900-teljinga finn ein oppført at 20 av dei 695 tenarane i Østre Toten var gifte. Dette vil seie 2,9 prosent av dei som var i teneste. Da desse utgjer unntaka som stadfestar regelen, har eg valt å studere dei

¹³⁷ Sjå kap. 1

¹³⁸ Solli 2003, s 84

vidare for slik å kunne finne kvifor dei ikkje tilhørde normalen. Ein kan så sjå om dei budde i lag med ektefellen sin, noe ein i og for seg tok som ein sjølvfølge på denne tida, eller om dei budde åleine i det framande hushaldet. I følgje teljinga var det åtte som budde i lag med ektefellen sin, altså fire par, medan dei resterande tolv tenarane ikkje budde i lag med ektemaken. Lat oss fyrst sjå på dei som budde i lag.

Eit av desse para var 33 år gamle Johan Andersen Rognstad, gift med Magda Johansdatter Rognstad. Ho var berre 16 år, og den yngste gifte i Østre Toten kommune i 1900. Det var ikkje vanleg å ha fleire gifte par i huset, men på Rognstad vestre hadde dei altså det. Ut i frå Ministerialbok for Østre Toten prestegjeld, Balke sokn 1897-1913 ser ein at dei gifta seg 15/1 same år,¹³⁹ og truleg har dei fått bu på garden ein kort periode innan dei fant seg eit eige husrom.

Eit anna av dei fire para budde sannsynlegvis i ein eigen bygning, og var truleg ikkje del av hovudhushaldet på garden. Dette er Otto Johannesen og Karine Kristiansdotter på garden Hval. Der budde dei i lag med dei to borna sine, Marie og Martha Ottosdotter, og arbeidde som jordbruksarbeidar og budeie. Gardbrukaren på Hval var den 38 år gamle Kristian Hansen Hval, som dreiv garden i lag med sine to yngre systrer og den 21 år yngre bror sin. Alle fire syskena var ugifte. Ein skjønner her at familiestrukturen var noe uvanleg, og ein kan gjette at foreldra hadde gått bort. Desse fire syskena og familien til Otto står alle oppført i same hushald, noe som er naturleg da Otto og Karine trass alt var definert som tenestefolk på garden. I rubrikken for andre bygningar med natteopphald står det at Hval har drengestue. Da Otto og Karine hadde to born og var som ein familie å rekne, er det naturleg å tru at dei budde i drengestua og ikkje i lag med dei fire syskena, sjølv om det ikkje er merknad for det. Uansett kor dei budde, kan det hende dei hadde eit kosthaldsfelleskap og derfor blir rekna under same hushald. Viss ikkje, blir dei nærmast som ein husmannsfamilie å rekne.

Det tredje tenarparet som budde i lag med ektemaken, er Martin og Karine Gaaserud. Dei var tenarar på garden Gaaserud og budde også truleg i eigen bygning. Dette er også eit noe spesielt tilfelle, der foreldra til Martin budde i føderådsbygningen, utan at dei står oppført som føderådsfolk. Martin og Karine og sonen deira, samt Martin si syster, står oppført som tenarar under hushaldet i hovudbygningen, i lag med gardbrukaren Jørgen Røstøen og familien hans. Men det var også ei drengestue på Gaaserud, og det er derfor mogleg at Martin med syster og familie budde der, sjølv om dei høyrer inn under hushaldet til gardbrukaren. Dei hadde ingen andre drengar på Gaaserud. Det merkelege her er at det sannsynlegvis var Røstøen som åtte

¹³⁹ Ministerialbok for Østre Toten prestegjeld, Balke sokn 1897-1913, s 179, henta frå: www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=4726&uid=ny&idx_side=-185

garden, sidan han dreiv garden, og dei gamle Gaaserud i føderådsbygningen ikkje er definert som føderådsfolk, sjølv om det er dei som kom i frå garden og hadde gardsnamnet.

Det siste paret tenestefolk som budde i lag på Østre Toten i 1900 er Mattias Hansen og kona Johanne Knudsdatter. Dei var begge i slutten av 50 åra og kom frå Nordre Land. I tillegg hadde dei begge budeie som arbeidstittel. Ein kan her spørje seg kvifor bonden på Hammerstad nordre tok inn eit gamalt ektepar som tenestefolk i tillegg til dei tre han allereie hadde. På Hammerstad nordre var det i tillegg berre ein bygning, og bonden med kone og born, samt alle dei fem tenestefolka budde i same huset. Dette var heller ikkje vanleg, da fleire gifte par sjeldan var i same hushald og enda sjeldnare delte hus. Men sidan det berre var åtte gifte tenestefolk som budde i lag med den dei var gift med, ser ein at skikken fortsett var at ein måtte ha eige husrom før ein gifta seg, og at ein hadde eige husrom så lenge ein var gift, slik teorien om familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa tilseier.

Eit tilfelle der den gifte tenaren ikkje budde i lag med ektemaken sin, er den 24 år gamle Marie Mathiasdotter, budeie og fjøsjente på garden Hermanrud. Ho hadde med seg dotter si Anna Magnhild Mauritsdotter på fire år i tenesta. I same situasjon var Borghild Evensdotter. Ho hadde med seg den seks år gamle dotter si Petra Amalie Haagensdotter i teneste som kreaturstellar på Faarlund søndre. I det fyrste tilfellet har eg ikkje greidd å finne ut kven faren var eller kor han budde, men Petra Amalie sin far lét seg finne. Han heitte Haaken Pedersen, og da dottera vart døypt og innført i Ministerialbok for Østre Toten prestegjeld, Balke sokn 1881-1896, budde både ho, mor og far på husmannsplassen Skrædderbakken.¹⁴⁰ Ved ein dåpsinnførsel i 1906, der Borghild og Haaken er faddarar, står dei oppført med felles bustad.¹⁴¹ Men i 1900 budde dei altså ikkje i lag, og Haaken Pedersen finn ein i teneste som gardsarbeidar på ein av nabogardane til Faarlund, nemleg Klavastad. Ein kan så undre seg på kvifor dei har måtte ta teneste at, etter giftarmål og familiestiftelse. Dette er det einaste slike tilfellet ein finn på Østre Toten i 1900, og det er heilt klart eit særtilfelle.

Ein ser altså at desse 20 gifte tenarane av alle dei 695 er unntaket som stadfestar regelen om at tenestefolk var ugifte. Dei fleste av dei var inne i noe spesielle situasjonar, enten på tenarane si side, eller hos husbonden. Av dei elleve eg ikkje har nemnt her, og som ikkje budde i lag med den dei var gifte med, kan ein tenkje seg at noen var nygifte og var på veg ut av

¹⁴⁰ Ministerialbok for Østre Toten prestegjeld, Balke sokn 1881-1896, s 70, frå: www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=6110&uid=ny&idx_side=-72

¹⁴¹ Ministerialbok for Østre Toten prestegjeld, Balke sokn 1897-1913 (0528P), Døpte 1897-1913 Protokollnr. 9, frå: <http://digitalarkivet.arkivverket.no/kb/dp/hending/hd00000000688422>

hushaldet, eller dei har måtta flytte frå einannan av ulike årsaker. Vanleg var det uansett ikkje, og tenesta skulle vera ein fulltidsgeskjeft, og da kunne ein ikkje ha ein ektemake å tenkje på.

1875

Kva så med sivilstanden 25 år før? I følgje teljinga frå 1875 finn ein 27 gifte tenarar på Østre Toten. Dette utgjer 3,5 prosent av tenestestanden. Når eg har sett på alle desse 27, er det ikkje mange av dei som kan reknast for å vera i alminnelege tenestepostar. Den eine av desse er Martin Pedersen på Møllerhaugen under Rogneby nedre. Han var tenar for husmannen Eilief Kvarnstrøm. På Møllerhaugen budde også Martin sin bror, Anders, som innerst, og Martin sin kone, Olave Klara Larsdatter. Ho var ikkje tenar, men husmor. Eit anna par der mannen var tenar på ein husmannsplass, er Edvard Olsen Fagerlund med kona Elise Marie Eliasdatter. Elise var dotter av husmannen, og i tillegg til henne budde også hennar seks andre sysken på plassen. Edvard og Elise hadde ein son på eitt år. Eit anna gift tenarpar med unge er Ole Knudsen og Berit Jensdatter på garden Buruld. Med seg i tenesta hadde dei sonen Olaus Olsen på tolv år. Desse hadde derimot ein noe meir vanleg tenestepost. Det hadde også Johannes Hansen og Gunda Oliane Evensdatter i si teneste på Schjefstad gods, med sonen Hans Johannessen. Det einaste paret som budde i lag med sin ektemake utan å ha born hos seg, er 56 år gamle Peder Christiansen og 61 år gamle Mari Olsdatter på garden Majer, med unntak av fyrstnemnde.

På garden Tømmerhol finn ein heile tre gifte tenarar, noe som må kunne seiast å vera heilt utanom det vanlege. Den eine av dei er 27 år gamle Ole Olsen. Dei to andre er kvegrøktarparet Hans Kristian Augustinussen og Kari Nielsdatter. Kari var truleg syster til husfrua, og Hans Kristian var bror til gardbrukarsonen si hustru, og begge kom frå storgardar på Toten. I 1900 budde dei framleis på Tømmerhol, da registrert som pensjonerte kvegrøktarar.

Resten av dei 27 budde ikkje i lag med maken sin. Ein av desse er den 52 år gamle stallkaren John Nilsen på garden Hammerstad nedre. Der finn ein ikkje noen kone. Det gjer ein heller ikkje på Trogstad nedre der 44 år gamle Ole Olsen tente, eller på Rognstad østre der David Johannessen på 58 år var tenar. Ein kan merke seg at dei fleste var eldre enn livsløpstenaren. Men ein del var yngre slik som 21 år gamle Mathias Fredriksen på Staboe nedre, Johan Haagensen på 24 år på garden Lunden, og Ole Olsen som alt er nemnt.

1865

Av dei 720 tenarane i Østre Toten kommune i 1865 fans det elleve gifte. Dette vil seie 1,5 prosent av tenestefolket. Eit særskilt tilfelle ein kan trekke fram her, er Ole Poulsen på Hanestad gard. Han var 41 år gammal, gift og står oppført som noe så uvanleg som "Tjener og

Gaardejer". Kona ser ein ikkje noe til. På garden Ekern tente Jens Haagensen på 22 år i lag med kona si Marie Pedersdatter på 23 år. Ho står oppført utan yrke, men det er naturleg å tenkje at ho også var tenar på garden. Ein kan tenkje at desse nett har gifta seg og er på veg ut av hushaldet, sjølv om ein ikkje kan seie dette sikkert. Eit anna par som budde i lag er kvegrøktaren på nordre Skramstad, Johan Johansen på 25 år med kona Marie Paulsdatter på 21 år. Bortsett i frå desse to para budde dei resterande gifte tenarane i andre hushald enn ektemaken sin. Tre av desse var i 20-åra, og ein kan dermed tenkje seg at dei var på veg ut av tenesteposten. Dei resterande fem var godt over 30 og var truleg i ein noe anna livssituasjon. Ein kan også merke seg at det berre var ein kvinneleg gift tenar, mot ti mannlege. Noe av denne skeivbalansen kan skuldast korleis dei er førte. For som ein ser av dei to para som budde i lag med ektefellen sin, vart kona rekna med i same teneste som mannen, sjølv om dei ikkje er førte som tenarar.

1801

Av dei 16 gifte tenarane på Toten i 1801 finn ein fem par som budde i lag. Eit av desse para er 38 år gamle Jonas Rasmussen og kona Berte Johannesdatter på 42 år. Dei tente på garden Skatum. Eit anna par er Ole Eriksen og Inger Larsdatter, begge på 52 år, på ein av Hvalgardane. Det tredje paret er Anders Larsen på 65 år, gift med Margrete Pedersdatter på 60 år. Han tente for amtmannen i Kristians amt, Kristian Sommerfelt på garden Sukkestad. Margrete Pedersdatter står oppført som kona hans Anders men har ikkje yrkesnemning. Det er likevel naturleg å tru at ho også tente på garden, da dei begge står førte midt i rekka blant dei til saman ti tenarane. Hos seg hadde dei også dotter si Kristine Andersdatter på 13 år. I hennar yrkes-rubrikk står det lægd. Ein kan her spørje seg korleis dei har hamna i denne situasjonen, da dei begge var gamle da dei fekk Kristine, ho 47 år og han var 52 år. Eg har heller ikkje greidd å finne noen tidlegare born, så kan hende var dette deira fyrste. I så fall kan ei mogleg forklaring vera at dei begge tente hos amtmannen og enda opp med å få barn i lag, og derfor måtte gifte seg. Ein kan så spørje seg kvifor dei fekk lov til å bli buande hos amtmannen. Kanskje kunne ikkje amtmannen vera forutan to gode tenarar? Hos amtmann Kristian Sommerfelt sin bror, sorenskrivar Frederik Sommerfelt var det også eit gift tenarpar, nemleg 52 år gamle Ole Hansen og 44 år gamle Ingeborg Kristensdatter. Det siste paret er Elling Hansen og Birte Andersdatter på 52 og 54 år. Dei tente på ein av Hammerstadgardane under oberstløyntnant-enkja Helene Margrete Motzfeldatter. Det ein kan seie om desse fire para, er at dei alle var vel vaksne, godt over giftarmålsalderen og at det sannsynlegvis ikkje var snakk om nygifte på veg ut av hushaldet.

Dei resterande seks tenarane budde ikkje i lag med den dei var gift med. Tre av dei var i 20-åra og truleg nygifte, medan dei tre andre var eldre. Den eldste er heile 81 år gamle tidlegare nemnte Poul Nielsen hos rittmeistaren og premierløytnanten Niels Stochfleth v. Darre på garden Krabye. Det kan også nemnast at ein av tenarane, Ole Thomassen på 59 år, står ført i sitt andre ekteskap. Tenestestaden der den gifte Marte Nielsdatter tente, var ikkje av dei vanlegaste, da hushaldsoverhovudet på garden Tømmerhool var 27 år gamle Hans Nielsen som hadde gifta seg med den tidlegare gifte Marte Olsdatter på heile 71 år.

Av dei 734 tenarane i 1801 var altså 16 av dei gifte. Dette utgjer 2,2 prosent. Om ein samanliknar prosenten gifte tenarar gjennom hundreåret ser ein at dei har vori ei svært marginal gruppe i alle dei fire teljingane. 1865 har den lågaste prosenten med 1,5, men er også den teljinga der ein kan tru at det var fleire gifte tenestekvinner enn det som er ført i teljinga, ut i frå den mannlege delen.

Det fanst altså noen gifte tenarar på Toten gjennom 1800-talet. Dei var svært få og mange av dei var i spesielle situasjonar. Noen av dei budde i lag der dei tente. Om husbondsfolket var gifte, var det såleis to gifte par i hushaldet, noe ein ikkje finn mange av elles. I 1875 fann ein også to gifte tenarpar som tente på husmannsplassar, der den eine rett nok var hennar foreldreheim. Mange av dei gifte tenarane budde ikkje i lag med den dei var gift med. I følge Hajnal ville ein alltid finne fleire gifte par i hushalda når ein studerer augneblinkskjelder. Desse representerte som regel korte overgangsfasar som tilfeldigvis fann stad på teljingstidspunktet.¹⁴² Ein kan tenkje at noen av dei gifte tenarane fall innanfor denne gruppa. Likevel var ein del av dei gifte tenarane velvaksne og i visse tilfelle med store born, noe som tyder på at dei ikkje var nygifte. Dei utgjer unntaka som stadfestar regelen om ugifte tenarar.

Enkjestanden

1900

Dei fleste tenarane gjekk ut i teneste i løpet av dei fyrste åra etter dei var konfirmert. Noen få måtte ut i teneste da dei hamna i enkjestanden. Enkjestanden i Østre Toten i 1900 var på 299 enkjer og 170 enkjemenn. Dei færreste av desse måtte ut i teneste når dei mista ektemaken, men noen få finn ein. Av dei 714 tenarane i 1900 var fire enkjemenn, og 20 enkjer. Ein kan derfor seie at det verken var vanleg for enkjestanden å måtte gå ut (att) i teneste, eller at tenarstanden bar preg av mange enkjer/enkjemenn.

Kjønnsfordelinga er meir ulik enn for tenestefolk i det heile, ved at det var over fire kvinner for kvar mann. Det kan sjå ut som om kvinnene oftare gjekk ut i teneste da mannen døydde,

¹⁴² Hajnal 1983, s 74-76

enn mannen da kona døydde. Her er det likevel viktig å understreke at ingen av delene var vanleg, og at talmaterialet er lite. Ein kan likevel tillata seg å spørje kvifor kvinnene var i eit slik overtal. Ein faktor er at enkjestanden generelt i befolkninga bar preg av fleire enkjer enn enkjemenn, men fordelinga er ikkje like skeiv som her. Ein veit at arbeidsmarknaden var større for menn enn for kvinner. Mange av enkjemenna fekk seg sikkert heller anna arbeide når kona døydde, eller dei behaldt hus og plass og fekk eventuelt inn ei anna kvinne som hushaldarske. Eit døme på dette er at fire av dei 20 enkjene var hushaldarar for ulike enkjemenn. For enkjene var det ikkje like enkelt verken det å skaffe seg anna arbeid eller å behalde hus eller plass. Ei enkje fekk i alle fall svært sjeldan inn ein ny kar som ”brukar” eller liknande, med mindre ho hadde ein son eller andre mannlege slektningar i huslyden. Derfor ser ein at noen av dei hamna ut i teneste.

Fyrst på 1800-talet var omgifte vanleg, men denne skikken syns ikkje like vanleg i 1900. Eit eksempel på det er tala for alle i enkjestand i 1900 på heile 469 av ei befolkning på 8152, og at 63 av dei er under 50. Skikken med å gifte seg om att ga også ofte utslag i at det var stor aldersforskjell i mellom ektemakane, dersom den eine hadde rokki og vorti enkje/enkjemann fyrst. Eg har ikkje undersøkt dette spesifikt, men gjennom arbeidet med 1900-teljinga har eg ikkje lagt merke til store aldersskilnader noen stad, i motsetning til i dei tidlegare teljingane.

1875

I 1875 finn ein 16 enkjer og tre enkjemenn i teneste. Av dei 7326 innbyggjarane i Østre Toten i 1875 var 348 i enkjestand, og altså berre 19 av dei var ute i teneste. I forhold til 1900 er tala berre så vidt lågare. Kjønnfordelinga er også ganske så lik. Den yngste er 29 år gamle Johanne Paulsdatter på Ulsrud søndre, medan den eldste er Berte Johansdatter på Sønstebygjerdengen på 80 år. Fem av enkjene var i 30-åra eller yngre, medan dei resterande åtte utanom ho på 80 var i alderen 49 til 63. Enkjemenna var 31, 40 og 59 år gamle. Ein kan spørje seg kvifor dei unge tenarane i enkjestand ikkje gifta seg om att, i alle fall dei sju i alderen 29 til 40. Dei har i alle fall måtte forlate det hushaldet dei hadde, og som tenarar trådd inn i eit anna. Det kan også vera seg at noen av dei kjem til å gifte seg om att og at dei no er i ei kort mellomfase. Det er ein av verknadane av folketeljinga som kjelde. Ein får berre eit bilete av den eine dagen teljinga fant stad, ikkje tida før og etter. Dermed får ein med noen av dei som regel korte mellomfasane i mellom dei meir ideelle fasane i livet.

1865

Ti år før var det elve tenarar i enkjestanden, og alle av dei var enkjer. Enkjemenn gjekk dermed ikkje ut i teneste i 1865. Enkjestanden i det heile var 431 personar av eit folketal på

7787. Ein ser at enkjer flest helle ikkje måtte ut i teneste i 1865, og at desse elleve utgjer unntaket. Av desse elve var ei i 70-åra, fire i 60 åra, tre i 50-åra, to i 40-åra og ei i 20-åra.

Fem av desse var hushaldarar. Den eine, Berthe Marie Olsdatter på 64 år var hushaldar for den åtte år yngre doktoren Ole Olsen på garden England. Der budde også hennar dotter Thrine Vetten på 27 år. På Husmannsplassen Christinelund hadde den 49 år gamle enkjemannen Matias Fredriksen den fem år eldre enkja Anne Hansdatter hos seg som hushalderske. Den unge skolelæreren Lars Madshuus på 21 år hadde også ei eldre enkje hos seg som hushaldar, nemleg Beret Olsdatter på 60 år. Det same gjeld lærar Andreas Heyerdal på 24 år med Johanne Hansdatter på 53 år som hushaldar. Ho var riktig nok også innerst, og står oppført med eige hushald i lag med dei tre døtrene sine. Den 72 år gamle føderådsmannen Even Pedersen på Skinnstad øvre hadde den eit år eldre enkja Johanne Skinstad hos seg som hushaldar, i lag med ein pleieson.

Dei resterande seks står nemnde med fellesnemninga tenar, med unntak av Kirsti Torstensdatter. Ho var 53 år og tente som budeie på Skrædderstuen med Spillemandsbakken. Med seg i tenesta hadde ho sin åtte år gamle son. Ein kan legge merke til at av desse elleve enkjene hadde så mange som tre av dei med seg born i tenesta. Born i tenesta var elles ikkje vanleg. Det er mogleg at enkjene hadde noe høgare status enn dei unge jentene som fekk born utafor ekteskap og prøvde å søke teneste.

1801

Av 7829 innbyggjarar på Toten i 1801 finn ein 402 enkjefolk. Tolv av desse var tenarar, med fordelinga ti enkjer og to enkjemenn. Den yngste av dei var 39 år, medan den eldste 63 år. Tre av dei var i 40-åra, fem i 50-åra og tre i starten av 60-åra. Dei var alle i enkjestanden etter fyrste ekteskap.

Som nemnd i innleiinga vart alle gifte og i enkjestanden i 1801-teljinga oppført med merknad om dei var i fyrste, andre eller tredje ekteskap, eller påfølgjande enkjestand. Dette i seg sjølv er eit teikn på at oppattgifte fortsett var vanleg. Det er da viktig å presisere at dette i all hovudsak ikkje var etter skilsmisse, men fordi ektemaken døydde. Ein finn fleire i teljinga som er i sitt tredje ekteskap, både kvinner og menn. Rekorden sette 57 år gamle Anniken Eiliertsdatter, da ho i 1801 var inne i sitt fjerde ekteskap. Aldersforskjellen kunne også være stor, ofte opp mot 20 år. Den gjekk begge veger, så det fans både unge koner med gamle menn og motsatt. Til saman seier dette noe om at det i eit kvart hushald måtte vere både ein mann og ei kone. Arbeidsoppgåvene var kjønnsdelte. Riktig nok var ikkje alle hushaldsoverhovuda gifte, da ein finn ungarar og enkjemenn med hushaldarar hos seg. Dette

såg ein var den vanlegaste tenarposten for ei enkje å ta i 1865, men mange var dei ikkje. Ein kan tru at dette var vanlegare i slutten av 1800-talet da oppattgifte ikkje var like vanleg.

Om ein skal oppsummera tenarane i enkjestand på Toten gjennom 1800-talet ser ein at dei heile tida har vori få og tilhøyrt unntaka. Det var rett nok dobbelt så mange tenarar i enkjestand i 1900 enn hundre år før, men tala er for små til at ein kan trekke noen store slutningar ut av det. Enkjestanden tok generelt ikkje teneste når ektemaken døydde. Av dei som gjorde det var fleirtalet enkjer. Noen av dei var ganske unge, men så å seie alle likevel for gamle til at oppattgifte var sannsynleg. Fleirtalet av enkjetenarane vart hushaldarar for enkjemenn eller i visse tilfelle ungarar. Det er vanskeleg å seie noe om deira relasjon til husbonden, men i noen av tilfella kan det hende at dei har hatt ein nærare relasjon enn husbond-tenar generelt.

Tjenestepikevise

*Tjenestepikens kår er ikkje rar, san,
alltid hun det tyngste lasset drar, san,
aldri nei å svare, aldri krefter spare,
hun må alltid stå parat og klar, san;
huttetu, san, kan du tru, san,
jeg trur nærmest at det var en gru, san*

*Første mann i huset opp og stå, san,
alle andre varte opp hun må, san,
alle rom stå ferdig, til et herskap verdig,
som til dekket frokostbord kan gå, san;
mens arme taus, san, på kjøkken fraus, san,
og drakk av koppen som var hankelaus , san.*

*Hun sov i kjøkkenbenken som en hund, san,
foruten laken og med dyne sund, san,
av og til det hendte at man bare hengte
kroken på, slik sov jeg mang en blund, san;
i ungdoms år, san, raskt blodet slår, san,
og man må ta den skjebne som man får, san.*

*Nei knapt eg tror, san,
at rettsinn gror, san
fjorenn man fram med nebb og klør dem klor, san.*

Tjenestepikevise

Tekst: Ukjent forfatter

Henta frå: Elin Prøysen, *Sangene i våre hjerter*, 2007, s 123

Kapittel 5 – Tenestestad

Problembstillingar:

- Kva for hushald hyrte tenarar?
- Kor mange tenarar hadde ein?
- Ser ein noen utvikling gjennom 1800-talet?

Til teorien om det nordvest-europeiske familiemønsteret ligg det ein føresetnad om at noen hushald trong ekstra arbeidskraft i form av tenarar, medan andre hushald ikkje trong, eller ikkje hadde evne til verken hyre eller halde på arbeidskrafta. Den ledige arbeidskrafta var i all hovudsak hushaldsoverhovuda sine born i arbeidsfør alder. Gardane trong mye arbeidskraft, ofte i tillegg til egne ungar, og hyrte såleis inn tenarar. Husmannsplassane hadde mindre evne til å fø barneflokk, og ungane flytta ut av barndomsheimen og vart tenarar. Men som undersøkinga allereie har vist, var også gardsungdommen ute i teneste, som ei læretid før dei sjølv eventuelt skulle drive ein gard. Forordninga av 9. august 1754 kravde at foreldra skulle betale dei vaksne borna på lik linje med tenarane, noe som kan ha ført til at fleire av dei valde å sende egne ungar ut og heller ta inn andre tenarar. I kor stor grad forordninga vart følgt på dette punktet, og kor stor effekt det hadde på talet gardsungdom i teneste er likevel usikkert.

Gardane

Tabell 20: Gardar med tenestefolk - tenargjennomsnitt, (Ø.) Toten 1801-1900			
Teljingsår, kommune	Tal gardar med tenestefolk, tenargjennomsnitt	Tal gardar med berre ein tenar	Tal gardar med to eller fleire tenarar, tenargjennomsnitt
1801 Toten	336 – 2,2	160	176 - 3,3
1865 Ø. Toten	336 – 2,2	170	166 – 3,5
1900 Ø. Toten	290 – 2,5	108	182 – 3,3

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljingane 1801, 1865 og 1900. Digitalarkivet.no

Ser ein på talet gardar med tenestefolk for teljingsåra 1865 og 1900 finn ein at det vart færre gardar med tenestefolk på desse 35 åra. Minkinga er på 46 gardar, frå 336 gardar i 1865 til 290 i 1900. Talet på gardar med tenarar sank, og det gjorde også talet på tenarar generelt.

Talet på gardar med berre ein tenar hadde ein nedgang på heile 62 gardar, frå 170 i 1865 til 108 i 1900. Dette tilsvara 62 tenarposter, medan nedgangen i tenartal på desse åra berre var 41 tenarar. Derfor ser ein at dei 290 gardane som hadde tenestefolk på Østre Toten i 1900 i gjennomsnitt hadde fleire tenarar enn i 1865. Aukinga her var frå i gjennomsnitt 2,2 tenarar i 1865 til 2,5 tenarar i 1900. Denne aukinga kjem av at talet på gardar som hadde to eller fleire tenarar steig med 16 gardar i perioden. Likevel sank tenargjennomsnittet for gardane med to eller fleire tenarar frå i gjennomsnitt 3,5 tenarar til 3,3 tenarar. Ei naturleg utvikling kan vera at noen av dei gardane som i 1865 hadde ein tenar, i 1900 hadde to tenarar, mens ein større del av dei ikkje hadde tenar på slutten av hundreåret.

Prøver ein å samanlikne med tala for 1801 ser ein at talet på gardar som hadde tenar(ar) må ha stigi ganske mye på desse åra. Det var det 336 gardar med tenestefolk både i 1801 og i 1865, til trass for at 1801-teljinga tok for seg eit mye større geografisk område. Talet på kor mange tenarar det gjennomsnittleg var på gardar med tenestefolk er også det same for 1801 og 1865. Samanliknar ein så tala for Vestre- og Østre Toten kommune frå 1865 finn ein at det i Vestre Toten var 544 tenarar, altså omtrent 200 færre enn i Østre, dette til trass for at folketalet berre var eit par hundre færre. Desse var fordelt på 304 gardar, noe som gjer eit gjennomsnitt på 1,8 tenarar. 132 gardar hadde to eller fleire tenarar, med eit gjennomsnitt på 2,8 tenarar. Alle tala for Vestre Toten er såleis ein god del lågare enn for Østre, og dermed kan ein også tenkje seg at den delen som svara til Østre i 1801 også hadde hatt eit noe høgare tal.

Oppsummert kan ein derfor seie at tenestehaldet hadde ein liten topp i siste halvdel av 1800-tallet, noe som også stemmer overeins med talet på tenestefolk sett opp mot folketalet generelt. Det er da ein finn flest gardar som hadde tenarar, mange av dei berre med ein tenar, men også mange gardar som hadde fleire tenarar. I starten av hundreåret var talet på gardar med tenestefolk lågt, men ein kan tru at dei gardane som hadde tenarar i gjennomsnitt hadde fleire tenarar enn dei mange gardane med få tenarar i 1865. Fram mot slutten av hundreåret ser ein at tenestehaldet generelt minka noe, og at tendensen var fleire gardar med to eller fleire tenarar og færre med berre ein. .

Utviklinga var ikkje veldig stor i siste halvdel av 1800-talet, og ein kan tru at mange av dei same gardane hadde tenarar i 1865 og i 1900. Eg skulle gjerne ha studert bruksstorleiken, for ein kan tru at dette var store gardar, der jordbruksdrifta var hovudnæringa. Av dei mange gardane med berre ein tenar i 1865 kan ein tenkje seg at ein del av dei var små, og at ein dreiv med handverksproduksjon i tillegg til gardsdrifta. I 1900 kan dette ha endra seg, og dei har sagt opp tenaren. Ein stor jordveg kravde mye arbeidskraft, både i 1865 og i 1900. Samtidig fall talet på husmannsplassar veldig i desse åra. Det var gjerne dei store gardane som hadde

husmannsplassar, og når husmennene med arbeidsplikt forsvann måtte arbeidskrafta erstattas av tenarar. Dette kan ein sjå ved at talet på gardar med to eller fleire tenarar auka i mellom 1865 og 1900.

Gardar med tenarar i 1801

I folketeljinga for 1801 vart alle gardane med same gardsnummer ført etter einannan på dei same listene, medan dei i dei seinare teljingane vart delt opp og førte ut i frå bruksnummeret. Dette gjer at ein for 1801-teljinga ikkje kan søke opp kor mange gardar som hadde ein tenar eller to og fleire tenarar, slik ein kan for 1865 og 1900. For å finne dette i 1801-teljinga måtte eg gå inn og telje manuelt. Dette gjorde vidare at eg fekk mye betre oversikt over 1801-teljinga enn dei andre.

I teljinga står det ført 407 gardar på Toten i 1801. 175 av desse var delt i mindre gardar. Det vil altså seie at det samla talet gardsbruk på Toten i 1801 var 582. Dei fleste av desse 582 var gardar, men noen av dei var kva ein må kunne kalle småbruk, da det var få personar i hushaldet og dei ikkje hadde husmannsplassar under seg. Deler ein dei 738 tenarane på 582 gardar og bruk, kjem ein opp på eit tenargjennomsnitt på 1,3 tenarar per gard. Men da langt frå alle desse 582 gardane og bruka hadde tenestefolk, blir talet for gardar som hadde tenestefolk ein del høgare. 246 av gardbrukarane dei dreiv garden sjølv med ungar og familie, eller dei hadde mange husmenn med arbeidsplikt. Ein sit så att med 336 gardar som hadde tenestefolk, og tenargjennomsnittet deira var 2,2 tenarar.

Tabell 21: Gardar med tenarar fordelt etter tenartal, Toten 1801										
Talet tenarar:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	17
Talet gardar:	160	83	44	18	13	6	5	2	4	1
Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Toten 1801. Digitalarkivet.no										

Folketeljinga for Toten prestegjeld 1801 startar med Toten prestegard som gard nr ein.¹⁴³ Dette var eit særskilt tilfelle der prost og sokneprest Henrich Christian Borchgrevink hadde heile 17 tenarar i hushaldet sitt. Den eine var rett nok Borchgrevink si broderdotter, den 21 år gamle Magdalene Borchgrevink, med tittelen ”Huus jomfrue af charite”. Vidare låg det nesten like mange husmannsplassar under garden som det var tenestefolk, heile 16. Dette måtte vera eit særdeles imponerande hushald, og var det einaste i heile distriktet. Ser ein på nabokommunane hadde soknepresten i Land 13 tenarar, sokneprestane i Vardal og i Biri hadde begge ti tenarar, medan sokneprestane i Jevnaker, Hurdal og Gran hadde ni tenarar.

¹⁴³ Sjå illustrasjon på side III

Ein lyt til Eidsvoll prestegard for å finne ein større tenarstab med sine 18 tenarar. Soknepresten i Eidsvoll var også prost og professor.

Ein finn ingen andre gardar på Toten i 1801 som hadde over ti tenarar. Av dei fire gardane som hadde ni tenarar tilhørde to av dei embetsstanden med sorenskrivaren og amtmannen, medan dei to andre var vanlege storgardar. Den 52 år gamle amtmann Kristian Sommerfelt var i sitt andre ekteskap, i 1801 gift med den 25 år gamle Anna Sophia Hagerup. I hushaldet hadde dei amtmannen sine to born frå fyrste ekteskap, samt dei tre dei hadde i lag, ein slektning, svigermora frå fyrste ekteskap og ein almissem. Til tenarstaben hørde ein 17 år gammal skrivertenar, Friderik Giertz, urtegardsmannen Anders Wilund, og sju uspesifiserte tenarar. Ein av dei er allereie nemnt, da han var gift, og hadde med seg kona si i tenesta. Reknar ein med henne kjem ein opp i heile ti tenarar.

Sorenskrivar Friderik Sommerfelt budde i lag med kona og hennar systerdotter, samt ni tenarar. Av desse ni tenarane var Anders Giertz skriverkarl og Iver Legram/Legvam skrivardreng, medan resten ikkje har spesifiserte yrkesoppgåver utanom tenarnemninga. Også her, som tidlegare nemnt, fann ein eit gift tenarpar.

Kari Lintoft har i si hovudoppgåve sett på befolkningsutviklinga i Vang på Hedmarken på 16- og 1700-talet. Her fann ho at bøndene på Vang i 1732 i gjennomsnitt hadde 1,06 tenarar.¹⁴⁴ Vang på Hedmarken liknar stort på Toten, der ein i 1801 altså fann 1,3 tenarar i gjennomsnitt per gard. Dette gjer ein peikepinn på at tenestehaldet rundt Mjøsa må ha vori ganske likt også på 1700-talet.

Husmannsplassane

Husmannsplassane vart ofte tømde for ung arbeidskraft som tok teneste på gardane. Likevel finn ein noen eksempel på at husmannsplassar hyrte tenarar. Desse utgjer alle unntak, og eg har valt å gå inn på fleire av dei for å sjå kva som gjorde at dei skilde seg frå normalen.

1900

For å finne ut om det var noen husmannsplassar som hadde tenestefolk, må ein sjå på korleis dei ulike plassane er definert i teljinga. Kvar gard hadde eit eige gardsnummer, og dersom garden hadde vorti delt eller det var selt tomter frå jorda på garden fekk desse eigne bruksnummer. Husmannsplassane var framleis i gardens eige, og hadde derfor ikkje alltid eige bruksnummer, men var nemnde som ”under” den garden dei låg under. Av dei 714 tenestefolka var alle utanom 36, registrert på ein gard som ikkje er oppgitt å ligge under ein

¹⁴⁴ Lintoft, Kari, Befolkningsutviklingen på i Vang på Hedmarken 1665-1769, UiO, Oslo 1982, s 57

annan gard. Ser ein på desse 26 stadane der desse 36 tenestegjorde finn ein at langt dei fleste ikkje var husmannsplassar, men landhandlarar, urmakarar, meieri, bryggeri, knivmakarar osb. Etter å ha luka ut alle desse sit ein att med fem husmannsplassar oppgjevne med tenestefolk.

Den eine husmannsplassen med tenestefolk er Fæstadhagen under Fæstad, der den allereie nemnde Ingeborg Johansdatter var barnepike. Ho var berre åtte år gammal og barnepike for eit udøypt, ein månad gammalt barn, samt ein tre år gammal gut, Thor Marthiniussen. Foreldra til ungane; Martinius Svendsen og Anne Torsteinsdatter var begge unge, 27 og 26 år gamle. Dei hadde begge arbeid, kanskje på garden plassen låg under. Han står oppført som ”Husmand m J, dagarb. (jordbrugsarb.)”, og ho dreiv med ”Hus- og kreaturstell”. Ei anna tenestekvinne som hadde teneste på ein husmannsplass, er den 57 år gamle Berthe Marie Nilsdatter. Ho arbeidde med ”Husgjerning” hos den 87 år gamle enkjemannen, husmannen og jordbruksarbeidaren Johannes Thomassen, på plassen Gihleengen under Gihle. Den tredje husmannsplassen som hadde tenestefolk, er plassen Dalen under Fjeldhaug. Her budde den 72 år gamle husmannen, Peder Pedersen med den åtte år eldre Gunhild Paulsdatter som husstyrar. Ho dreiv i tillegg som budeie, og spandt og bandt. Begge er oppført som enkjefolk. Ein anna husmann med hushaldar er den 78 år gamle ”formuehavende” snikkaren og husmannen Oskar Olsen på plassen Asker under Fjeldhaug. Hushaldaren hans var den ugifte 63 år gamle Dorte Halvorsdatter, som også dreiv med spinning. Den siste husmannsplassen med tenar er Hjeldsengen mellom under Hjeld, der husmannen Tåle Hermandsen må ha drivi ganske stort som skomakar, da han hadde både bror sin Anton, samt Ole Olsen hos seg som skomakar og skomakardreng.

Som ein ser av desse fem husmannsplassane som utgjer unntaket frå regelen om at husmenn ikkje hadde tenarar, var det enten fordi dei var gamle enkjemenn som trong hushaldar hos seg, eller ein dreiv noko større som handverkar, her skomakar. Ein kan kanskje seie at skomakaren ikkje skulle telje som husmannsplass, men det at husmannen dreiv med handverk var minst like vanleg som at han ikkje gjorde det. Det unge husmannsparet som har barnepike er eit unntak for seg sjølv. Men ein kan tenkje seg at dei begge måtte i arbeid, og at å hyre tenar var einaste løysinga.

1865

Som tabell 2 viste fann ein litt over 400 husmannsplassar i Østre Toten kommune i 1865. Så mange som 27 av desse hadde tenar, noe som vil seie heile 22 fleire enn i 1900. Men da talet husmannsplassar var over halvert frå 1865 til 1900, synes ikkje skilnaden så merkeleg. Av desse 27 husmannsplassane med tenestefolk var sju av dei plassar der husmannen hadde vorti enkjemann og derfor fått inn hushaldar. Elleve av dei resterande 20 husmannsplassane var

plassar der både husmannen og husmannskona levde og dei hadde to eller fleire born i svært ung alder. Dei fleste av desse tenarane var unge jenter oppgjevne med yrket ”barnepike”. Dei neste fem husmannsplassane med tenestefolk, var plassar der husmannsfamilien (eller i eitt tilfelle husmannsenkja) dreiv med eit handverk eller yrke i ein noe større skala, i tillegg til det å vera husmann, som for eksempel snikkar, møllar, skreddar eller murar. Dei resterande fire husmannsplassane som er registrerte med tenestefolk har eg ikkje funni noen generell grunn til at held tenar, da dei alle hadde både mann og kone i hushaldet og verken dreiv større attåttnæringar eller hadde spedbarn og små ungar i huset.

Enkjemenn med hushaldar

Av den fyrste gruppa, enkjehusmenn med hushaldarar, kan eg nemne Gadtlandshaugen, der husmannen, enkjemannen og skomakaren Johan Larsen på 45 år hadde den tre år eldre Maren Tomasdatter hos seg som hushaldar. Noen hundre meter lenger ned i lia finn ein Ourenhagen østre. Her budde ein husmannsfamilie med mann og kone, og to born. Men det var ikkje dei som hadde tenar, det var innersten, snikkaren og enkjemannen Haaken Nilssen som hadde den 37 år gamle Berte Marie Andersdatter hos seg som hushaldar. Ein annan husmann som hadde hushaldar er Halvor Andersen/Olsen på plassen Tangsveen. Han var ein 72 år gammal enkjemann og hadde den ugifte 40 år gamle Marie Olsdatter hos seg som hushaldar. Ho hadde sonen sin Ole Evensen på 15 år med seg i tenesta. Ein noe yngre husmann som hadde hushaldar var enkjemannen Martin Olsen på 39 år. Han hadde Nekoline Johansdatter på 38 år til å styre for seg sjølv og sine to born på fem og tolv år. Ho hadde ei dotter født utanfor ekteskap, Clara Martinsdatter på to år, som ho hadde med seg i tenesta.

Det fanst også husmannsenkjer med tenestefolk, slik som husmannsenkja og frihandlaren Hellene Jensdatter på 44 år. Ho hadde fire born i åra tolv til fire, to tenarar og ei eldre losjerande enkje i huslyden sin. Her var det nok rolla som frihandlar den vesentlege grunnen til at ho hadde tenarar, og ikkje det at ho var husmannsenkje.

Husmenn med større binæring eller fleire små born

Eit anna særskilt tilfelle er på husmannsplassen Fossemøllen. Der hadde den 30 år gamle Even Olsen og den 37 år gamle kona hans, Pernille Evensdatter, heile to tenarar, ei tenestejente og ein tenestedreng. På plassen budde også deira tre born i alderen tre til åtte år, samt ein innerstfamilie. Det er mogleg at tenarane ikkje berre kom av møllaryrket, men også på grunn av dei forholdsvis små borna.

På plassen Lerdal budde husmannen og smeden Kristian Andersen på 32 år med kona og to små born på tre og eitt år. Hos seg i teneste hadde dei Helene Haagensdatter på tolv år som

barnepike. Desse eksempla finn ein fleire liknande av, både dei med små born, eller dei som dreiv større som snikkarar, murarar eller skreddarar.

Husmannsplassar med tenestefolk

Av dei fire siste husmannsplassane der ein verken dreiv større som handverkarar, handlarar eller var enkjer-/enkjemenn, finn ein ikkje mye som skil frå husmannsplassar flest. Kvifor dei har trengt den ekstra arbeidskrafta, kjem i alle fall ikkje fram i folketeljinga. Eit av eksempla eg har funni er plassen Ødemajer der den 59 år gamle Severin Syvertsen budde i lag med kone og to born på ti og 19 år. Han har Hellene M Andersdatter på 16 år hos seg som tenar. Det kan også nemnast at dei også hadde hest, noe ein nesten ikkje finn på husmannsplassane. Uansett var dette svært uvanleg, og ein fann altså berre fire av dei.

1801

I teljinga for Toten i 1801 finn ein åtte husmannsplassar med tenestefolk. På to av desse husmannsplassane er husmannen oppført som sjølveigarhusmann, og er derfor i ein mellomposisjon mellom småbrukar og husmann. Ein av desse åtte husmannsplassane er faktisk oppførte med to tenarar. Dette er hos Hans Hansen på 26 år, gift med den 48 år gamle Pernille Hansdatter. Dei hadde to born, Hans og David på fire og seks år, samt ei tenestejente og ein tenestegut. Tenesteguten heitte i likskap med husbonden og den eine sonen i huset; Hans Hansen. Husbonden står nemnt som "Husmand med jord reservedreng", noe som kan tyde på at han ikkje hadde fast arbeidsplikt på garden, og derfor ikkje blir som normal husmann å regne. Kvifor dei har to tenestefolk kan ein likevel undre seg over.

Som om det ikkje var nok av husmenn med namnet Hans Hansen, hadde også 51 år gamle Hans Hansen på ein av husmannsplassane under garden Overen, Helene Hansdatter på 14 år hos seg i teneste. På plassen budde også den 22 år gamle kona til Hans, Kari Pedersdatter, samt deira to år gamle dotter.

I likskap med i 1900 og i 1865 var husmannsplassar med tenestefolk eit unntak frå regelen. Åtte plassar er likevel ein del. Men også her er det viktig å hugse på at alle desse åtte sannsynlegvis ikkje låg i det som seinare vart Østre Toten. Tre av dei hadde noe spesielle husmannsavtaler og fell derfor litt utanfor. Dei resterande fem er det vanskeleg å seie noe spesifikt om. Det kan vera at dei var heilt ordinære husmannsplassar, eller at begge foreldra hadde arbeidsplikt, i tillegg til at dei hadde små born. Da det ikkje står noen vidare yrkesnemning, er det umoleg å seie om noen av dei var handverkarar i ein noe større skala enn det som var gjengs for husmennene.

Som ei oppsummering kan ein seie at husmannsplassar som regel ikkje hadde tenestefolk verken i 1801, 1865 eller 1900. Ein finn flest plassar med tenar i 1865 med heile 27 mot fem og åtte i åra før og etter. Om ein ser på talet husmannsplassar i det heile fann ein absolutt flest i 1801, mange i 1865, og få i 1900. Slik sett skulle ein tru at ein fann flest plassar med tenestefolk i 1801, og ikkje i 1865. Ein fann rett nok flest tenarar generelt i 1865, noe som også sikkert påverka kven som hadde tenar. Dei var uansett ikkje mange, og dersom ein husmannsplass hadde tenar, var det som regel fordi hovudpersonen var i enkjestand, dreiv større som handverkar eller han hadde fleire små born. Slik sett fell dei innanfor definisjonen på familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa, der hushalda hyrte den arbeidskrafta dei ikkje hadde naturleg, men hadde bruk og råd til.

Tenarar og familiemønster – utvikling kontra avvikling

Hovudmålet for oppgåva har vori å sjå om ein finn kjenneteikna for familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa på Toten mot slutten av 1800-talet, så vel som i starten av hundreåret. Metoden eg har brukt for å finne svar på dette har vori å studere tenesteinstitusjonen.

Eg har vist at tenarane utgjorde kring ti prosent av folketalet på Østre Toten gjennom heile 1800-talet. Ein fann ei viss minking dei siste 25 åra, men det skuldast heller at folketalet auka, enn at det absolutte tenartalet minka. Rundt halvparten av alle jentene og ca ein tredjedel av alle gutane på Toten, var ute i teneste i løpet av livet. Denne kjønnsproposjonen heldt seg jamn i perioden. Det å søke teneste var eit livsløpsfenomen, og gjennom heile hundreåret fann ein kring 70 prosent av tenarane i alderen 14-25 år. Tenesteperioden var ein overgang mellom det å vera unge i oppvekstheimen og gift i eige hushald. Da ein gifta seg, stifta ein eit eige hushald, og derfor fann ein få gifte eller tidlegare gifte tenarar. For ei lita gruppe, rundt ti prosent av tenarane, vara tenesta heilt til dei ikkje lenger var arbeidsføre.

Ut over tenesteinstitusjonen har eg teki for meg giftarmålsalderen. Alderen for når det var vanleg for totningane å gifte seg fyrste gongen, var høg gjennom heile 1800-talet. Her fann ein likevel ei minking hos kvinnene frå 27 år som median alder i 1801 til 25 år i 1900. Same tendensen fann ein hos mennene, med ein nedgang frå 28 år til 25-26 år. Sølibatsgraden auka gjennom 1800-talet, frå kring ti prosent til over 20 prosent for kvinnene sin del, medan mennene sin prosent auka frå kring åtte til elleve.

Av hushalda som hadde tenarar var det ikkje mange færre i 1865 enn i 1900, da over 85 prosent av hushalda som hadde tenestefolk i 1865 hadde tenestefolk også i 1900. Den største nedgangen fann ein blant gardane som hadde berre ein tenar. Dei gardane som hadde tenarar i 1900 hadde i gjennomsnitt fleire tenarar enn gardane med tenarar i 1865. Samanlikna med i 1801 var det langt fleire gardar med tenestefolk i 1900 enn hundre år før.

Ut i frå studien av tenesteinstitusjonen kan ein altså seie at ein finn kjenneteikna for familiemønsteret i det førindustrielle nordvest-Europa på Østre Toten gjennom heile 1800-talet. Hushaldsstrukturane held seg godt i hevd, og særleg skikken med å gå ut i teneste. Ein lyt godt inn på 1900-talet før systemet med at unge gjekk ut i teneste som ein del av oppvekståra minka vesentleg, og trongen for tenarar forsvann. Hajnal sin teorie vart utarbeida for samfunn der industrialiseringa ikkje hadde slått rot. Omlegginga i jordbruket med mekaniseringa og overgangen til salsjordbruk ser ikkje ut til å ha endra særleg på etterspurnaden etter tenarar, og heller ikkje på hushaldsstrukturane elles i vesentleg grad.

Småindustrien som følgde med denne omlegginga ser det heller ikkje ut til at gjorde noe stort utslag. Ein må kunne seie at industrialiseringa med storindustri hadde starta på Toten noen år før 1900. Familiemønsteret var såleis ein seig struktur som ikkje endra seg i takt med moderniseringa.

Undervegs i oppgåva har dei ulike funna vorti drøfta. Noen eintydig forklaring på kvifor ein ikkje finn ei større endring lèt seg ikkje finne, både på grunn av dei metodane og det utvalet eg har brukt, men like fullt på grunn av kor komplekse årsaker som ligg bak ei samfunnsendring. Likevel ser ein klare trekk.

Medan folketalet steig svært mye i Noreg generelt i siste halvdel av 1800-talet, var ikkje auken på Østre Toten like stor. Tenestetalet heldt seg forholdsvis jamt både i Noreg og på Toten, og dermed sank tenarprosenten i Noreg medan han var ganske uendra på Toten. Det kan sjå ut som om den same type hushald hadde tenarar gjennom heile 1800-talet, og at talet på desse var ganske uforandra. Det var dei nye hushalda, knytta til industrien eller andre delar av samfunnsutviklinga, som ikkje hadde tenarar, og som gjorde sitt utslag på tenarprosenten. På Toten auka ikkje folketalet spesielt mye i siste halvdel av 1800-talet, truleg fordi mange utvandra til USA, eller flytta til Kristiania. Slik sett vart det ikkje oppretta mange nye hushald på Toten på slutten av 1800-talet. Dei hushalda som fanst, var knytt til jordbruksøkonomien, der tenarar var ein sjølvstendig del.

Giftarmålsalderen sank på Østre Toten mot slutten av perioden, men som også Solli viste, hadde ikkje giftarmålsalder og produksjonsøkonomi noen klar samanheng. Toten ligg sentralt til på Austlandet og tendensen til å stå brud i yngre alder, kan heller sjåast på som ei kulturell utvikling. Samtidig kan den auka tilgangen på levebrød med dei nye næringane ha gjort at folk kunne gifte seg tidlegare. Nedgangen i giftarmålsalder førte truleg til høgare barnetal, noe ein ser igjen i auken av yngre tenarar i 1900. Sekundærnæringane ga i fyrste omgang ikkje levebrød til dei unge, da ein finn mange av desse ute i teneste. Det nye lønnsarbeidet kravde erfaring. Samtidig med utviklinga av småindustrien kom nedgangen i husmannsvesenet. Dette førte til at dei tidlegare husmennene tok arbeid i sekundærnæringane, og at unge tenarar tok over oppgåvene husmennene tidlegare hadde hatt som pliktarbeid.

Samtidig må ein tru at dei lange tradisjonane for handverksindustri har spelt ei rolle for utviklinga av arbeidsmarknaden. Felles for handverksindustrien var at han var knytt til hushaldet, som altså utgjorde ei produksjonseining. Hamskiftet i jordbruket førte til at ein oppretta meieri, brenneri og andre mindre foredlingsfabrikkar. Det kan sjå ut som at noe av

det patriarkalske preget frå handverksindustrien vart vidareført her, ved at ein del av stillingane hadde tenesteform, som til dømes møllargutar og kjøredrengar.

At tenarar framleis var ein del av arbeidsmarknaden på slutten av 1800-talet må også skuldast den store sosiale skilnaden på Toten. Husmannsklassa hadde vori stor, og den nye arbeidarklassa med proletarar var enda større. Det å søke teneste var ikkje like unaturleg i eit slik lagdelt samfunn som det ville vori i eit meir egalitært samfunn. Samtidig var storgardane si trong for å markere seg sosialt stor, ikkje berre ved å bygge på salar og stuer til husa sine og føre ein danna livsførsel, men også ved å ha mange tenarar.

Likevel ser det ut til at hovudforklaringa på at tenarhaldet var utbredt og familiemønsteret stabilt ligg i jordbruket. Toten var ei jordbruksbygd der primærnæringa sto sterkt, og sysselsette flest. Om jordbruket gjekk gjennom fleire forandringar endra det ikkje trongen for arbeidskraft. Fram til traktoren og mjølkemaskina sitt inntog var jordbruket arbeidskrevjande, og ein arbeidsplass for svært mange. Verken tenesteinstitusjonen eller hushaldsmønstra vart avvikla, dei vart utvikla. Vidare kan ein spørje seg kvifor arbeidsforholda i jordbruket ikkje vart endra i større grad, frå teneste til alminneleg lønnsarbeid. Ein ser at husmennene sitt pliktarbeid var noe som vart fasa ut i perioden rundt hundreårsskiftet, medan tenarane held stand i noen tiår til. Reint praktisk egna tenarane seg, ved at fjøs-, stall-, hus og onnearbeid ikkje så lett lat seg regulera til ”ni til fire”-arbeid. Bøndene var slik sett nøgde med forma, og noen protest frå tenarane si side finn ein ikkje før ”flukten fra landsbygda” blir ein realitet noen tiår seinare.

Vidare forskning

Oppgåva er ein punktstudie over Østre Toten, og supplerar slik historieforskinga som elles har vori regional og nasjonal. Ho ligg innanfor feltet lokalhistorie og familiehistorie, to populære felt i notida si historieforsking. Fordelen med å ha gjort ein nærstudie av Østre Toten, mot studie over større område eller landsdelar har vori mange. En av dei er at eg har kunna fange opp alle unntaka og studert dei, i staden for at dei gir misvising i statistikken. I mange av tilfella har dette vori menneske i overgangsfasar, noe ein alltid vil finne same kor strengt mønster samfunnet er underlagt. Andre har vori unntak som har hatt sine grunnar for ikkje å passe inn i normalen.

For å få eit enda betre bilde av familie- og hushaldsmønster hadde det vori interessant å studert fleire element som har legi utanfor rammene for oppgåva mi. Hushaldsstorleiken på

Toten gjennom perioden, med skilnad mellom gardane og husmannsplassane er av dei. Da ville ein i tillegg fått med seg utviklinga av einpersonhushalda. Vidare hadde det vori interessant å utvida tidsomfanget noe, for slik å kunne få med seg den verkelege industrialiseringa på Toten. Eg fann at giftarmålsalderen minka noe, og ein kunne studert kor utslagsgivande det var for kor mange born ein fekk. Dette hadde forhåpentlegvis gjort innsikta i samfunnsstrukturane større, og forklaringane betre.

Kjelder

Kjelder publisert på nett

Folketeljingar

Folketeljing for Toten prestegjeld 1801

Skanna versjon henta frå: http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/58260/

Søkbar versjon henta frå ”gamle digitalarkivet”:

<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/WebMeta.exe?spraak=n>

Folketeljing for Østre Toten kommune 1865

Skanna versjon henta frå: http://arkivverket.no/URN:db_read/ft/38068/

Søkbar versjon henta frå ”gamle digitalarkivet”:

<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/WebMeta.exe?spraak=n>

Folketeljing for Østre Toten kommune 1875

Søkbar versjon henta frå Registreringsentral for historiske data:

http://www.rhd.uit.no/folketellinger/folketellinger_avansert.aspx

Folketeljing for Østre Toten kommune 1900

Søkbar versjon henta frå ”gamle digitalarkivet”:

<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/WebMeta.exe?spraak=n>

Kyrkjebøker

Klokkerbok nr 1, 1814-1820, Toten prestegjeld

Henta frå: www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8962

Ministerialbok nr 4, 1857-1865, Østre Toten

Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8956

Klokkerbok nr 6, 1893-1901, Balke, Østre Toten

Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8959

Ministerialbok, 1897-1913, Balke, Østre Toten

Henta frå: <http://digitalarkivet.arkivverket.no/kb/dp/hending/hd00000000688422>

Ministerialbok 1881-1896 , Balke, Østre Toten

Henta frå: www.arkivverket.no/URN:kb_read?uid=434035

Andre

Tabell 3.1: Hjemmehørende folkemengde – historisk statistikk, Ssb

Henta frå: www.ssb.no/a/histstat/tabeller/3-1.html

Trykte kjelder

Kong Chr. IVs Norske Lovbog af 1604

Feilberg og Landmark, Christiania 1855

Henta frå: www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/

Kong Chr. Vs Norske Lov, 1687

Henta frå: www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web/

Kong Friedrich den Femtes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve fra Aar 1754

Henta frå: www.hist.uib.no/grunnfag/kjelder/1754frd.htm

Beretninger om Amternes Oeconomiske Tilstand i aarene 1866-70

Departementet for det indre, Christiania 1873

Henta frå: www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c2_1866-70.pdf

Lov om Folkeskolen paa Landet 1889

Mallings Bokhandel, Kristiania 1890

Henta frå: www-bib.hive.no/tekster/skolehistorie/lover/1889/

Litteratur

Bakke, Sissel, Tjenestefolk som samfunnsgruppe 1711, Nordhordaland og Voss, masteroppg. hist, Univ. Oslo 2009

Barth, C.A., *Om Husbondens og Tjenestetyendes gjensidige Pligter og Rettigheder efter den norske Lovgivning*, Malling ,Kristiania 1876

Bull, Hans Henrik, *Marriage decisions in a peasant society*, dokt.avh., Univ. Oslo 2006

Driebe, M og **C. Lund**, *People on the Move. Determinants of Servant Migration in Nineteenth Century Sweden*. Lund Papers in Economic History 80, 2002

Gjerdåker, Brynjulv, *Norges Landbrukshistorie III 1814-1920: Kontinuitet og modernitet*, Det norske Samlaget, Oslo 2002

Gjestrup, John Aage, *Landskapet på vestsida av Mjøsa 1837-1987*, Gjøvik 1987

Gjørvad. O (red.) *Totens bygdebok*, bind 2, 1937

Hajnal, John, "Two kinds of pre-industrial household formation system", i *Family forms in historic Europe*, red. R.Wall, J. Robin og P.Laslett, Cambridge 1983

Kraft, Jens Edvard, *Topografisk historisk Beskrivelse av Kongeriget Norge*, 1821

Kvalvåg, Hans Magne: Tjenerne som samfunnsgruppe: En undersøkelse om tjenerhold og tjenernes lønnsnivå hos oppsitterne i de sønnenfjeldske Norge, hvdf. oppg. hist. Univ. Bergen 1974

Lintoft, Kari, Befolkningsutviklingen på i Vang på Hedmarken 1665-1769, hvdf. oppg. hist. Univ. Oslo 1982

Låg, J. "Jordbunnsforholdene i Toten-bygdene", i *Totens bygdebok*, bind 1, red. Røse, Sigurd, Oslo 1952

Michael Anderson, *Approaches to the history of the western family 1500-1914*, Cambridge 1995

Myrheim, Frode, Tenestekipnaden i Elverum i perioden 1758-63 med vekt på geografisk mobilitet – omfang og årsaker, Ei framstilling av tenestekipnaden i eit austnorsk prestegjeld på 1700-talet. hovedf. oppg. hist. Univ. Oslo 2006

Rustad, N., "Befolkning" i *Totens bygdebok*, bind 1, red. Røse, Sigurd, Oslo 1952

Røse, Sigurd, "Toten og Totningene" i *Totens bygdebok* bind 1, red. Røse, Sigurd, Oslo 1952

Sogner, Sølvi, *Far sjøl i stua og familien hans: trekk frå norsk familiehistorie før og nå*, Universitetsforlaget, Oslo 1990

Sogner, Sølvi og **Kari Telste**, *Ut og søkje teneste, historia om tenestejentene*, Samlaget, Oslo 2005

Solli, Arne, *Livsløp – familie – samfunn: Endring av familiestrukturar i Norge på 1800-talet*. Avhandling for dr.art.-grad Historisk institutt, Univ. Bergen 2003

Strand, Rolf, Aukra og Molde i 1865, en undersøkelse med vekt på tenestejentenes rekrutering og sosial/geografisk mobilitet, hvdf.oppg. hist. Univ. Trondheim 1995

Sundt, Eilert, *Husfliden i Norge, Til Arbeidets Ære og Arbeidsomhedens Pris*, Christiania 1867-68

Thorvaldsen, Gunnar, Hushjelper og jordbrukstjenere – når kom nedgangen i tjenertallene?, i *Historisk tidsskrift* 03/2008

Tollersrud, Kristian, "Jordbruket på Toten", i *Totens bygdebok*, bind 3, Gjøvik 1968

Tranberg, Anna, "Husindustri i totenbygdene på 1700- og 1800-tallet", i *Heimen*, bind 44, 2007

Vilhelm Aubert m.fl., *En lov i søkelyset: Sosialpsykologisk undersøkelse av den norske hushjelplov*, Oslo 1952

Ødegaard, Leif, Tjenestefolk som samfunnsgruppe, En undersøkelse omkring tjenerhold og tjenerlønn i ulike lag av folket fra Romsdal til og med Finnmark fogderi basert på et skattemanntall fra 1711. hovdf. oppg. i hist. Univ. Bergen 1975

Østhus, Hanne, *Vanartige tenestefolk eller uordentlige husbønder*, masteroppg. hist. Univ. Oslo 2007

Vedlegg

Vedlegg 1, Konfirmasjonsalder 1814, 1865 og 1900

Tabell I, konfirmasjonsalder 1814, 17. april og 2. oktober				
Fødselsår	Tal gutar	Prosent gutar	Tal jenter	Prosent jenter
1792	0	0	1	1,2
1795	3	5,2	0	0
1796	2	3,4	1	1,2
1797	7	12,1	2	2,5
1798	7	12,1	5	6,2
1799	29	50,0	37	45,7
1800	10	17,2	35	43,2
1801	2	3,4	0	0
Sum:	58	100	81	100

Kjelde: Klokkebok nr 1, 1814-1820, Toten prestegjeld, s 236-240
Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8962

Tabell II, konfirmasjonsalder 1865, Balke, 1. og 8. oktober				
Fødselsår	Tal gutar	Prosent gutar	Tal jenter	Prosent jenter
1848	5	6,3	1	1,3
1849	13	16,3	5	6,3
1850	44	55,0	43	54,4
1851	18	22,5	30	38,0
Sum:	80	100	79	100

Kjelde: Ministerialbok nr 4, 1857-1865, Østre Toten, s 218-221
Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8956

Tabell III, konfirmasjonsalder 1865, Hoff, 1. oktober				
Fødselsår	Tal gutar	Prosent gutar	Tal jenter	Prosent jenter
1848	3	6,4	1	2,1
1849	4	8,5	2	4,2
1850	27	57,4	28	58,3
1851	13	27,7	17	35,4
Sum:	47	100	48	100

Kjelde: Ministerialbok nr 4, 1857-1865, Østre Toten, Oppland, s 218-221
Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8956

Tabell IV, konfirmasjonsalder 1865, Hoff, 8. oktober				
Fødselsår	Tal gutar	Prosent gutar	Tal jenter	Prosent jenter
1848	2	6,1	0	0
1849	9	27,3	3	9,7
1850	17	51,5	15	48,4
1851	5	15,2	13	41,9
Sum:	33	100	31	100

Kjelde: Ministerialbok nr 4, 1857-1865, Østre Toten, Oppland, s 218-221
Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8956

Tabell V, konfirmasjonsalder 1900, Balke, 7. oktober				
Fødselsår	Tal gutar	Prosent gutar	Tal jenter	Prosent jenter
1884	1	2,0	0	0
1885	35	68,6	20	48,8
1886	15	29,4	21	51,2
Sum:	51	100	41	100

Kjelde: Klokkerbok nr 6, 1893-1901, Balke, Østre Toten, s 93-95
Henta frå: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=8959

Vedlegg 2: Tal og prosent gifte etter alder, 1801, 1865 og 1900

Tabell VI: Tal og prosent gifte/tidlegare gifte etter alder, 18-50 år, Toten 1801									
Alder				Kvinner			Menn		
	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift
18	144	1	0,69	81	1	1,23	63	0	0,00
19	125	0	0,00	67	0	0,00	58	0	0,00
20	143	6	4,20	83	4	4,82	60	2	3,33
21	122	10	8,20	66	10	15,15	56	0	0,00
22	117	15	12,82	67	12	17,91	50	3	6,00
23	102	22	21,57	60	16	26,67	42	6	14,29
24	107	24	22,43	64	17	26,56	43	7	16,28
25	92	34	36,96	54	24	44,44	38	10	26,32
26	105	43	40,95	41	22	53,66	64	21	32,81
27	76	34	44,74	42	20	47,62	34	14	41,18
28	84	53	63,10	48	34	70,83	36	19	52,78
29	70	31	44,29	33	14	42,42	37	17	45,95
30	124	83	66,94	65	44	67,69	59	39	66,10
31	58	37	63,79	36	25	69,44	22	12	54,55
32	120	90	75,00	63	48	76,19	57	42	73,68
33	68	52	76,47	27	17	62,96	41	35	85,37
34	104	75	72,12	54	38	70,37	50	37	74,00
35	84	64	76,19	40	30	75,00	44	34	77,27
36	144	118	81,94	79	60	75,95	65	58	89,23
37	77	59	76,62	40	33	82,50	37	26	70,27
38	109	91	83,49	53	46	86,79	56	45	80,36
39	54	50	92,59	34	31	91,18	20	19	95,00
40	160	141	88,13	82	70	85,37	78	71	91,03
41	72	68	94,44	31	29	93,55	41	39	95,12
42	101	92	91,09	48	42	87,50	53	50	94,34
43	84	76	90,48	38	34	89,47	46	42	91,30
44	82	75	91,46	49	45	91,84	33	30	90,91
45	92	86	93,48	50	45	90,00	42	41	97,62
46	96	89	92,71	47	45	95,74	49	44	89,80
47	72	68	94,44	39	35	89,74	33	33	100,00
48	92	78	84,78	52	40	76,92	40	38	95,00
49	71	62	87,32	36	31	86,11	35	31	88,57
50	137	131	95,62	71	67	94,37	66	64	96,97

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Toten prestegjeld 1801. Digitalarkivet.no

Tabell VII: Tal og prosent gifte/tidlegare gifte etter alder, 18-50 år, Østre Toten 1865

				Kvinner			Menn		
Alder	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	Ialt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift
18	146	0	0	79	0	0	67	0	0
19	148	2	1,35	77	1	1,30	71	1	1,41
20	163	6	3,68	95	5	5,26	68	1	1,47
21	123	12	9,76	61	8	13,11	62	4	6,45
22	116	15	12,93	64	9	14,06	52	6	11,54
23	120	19	15,83	63	13	20,63	57	6	10,53
24	113	31	27,43	56	15	26,79	57	16	28,07
25	103	26	25,24	58	15	25,86	45	11	24,44
26	92	43	46,74	60	25	41,67	32	18	56,25
27	71	37	52,11	42	21	50,00	29	16	55,17
28	100	52	52,00	53	27	50,94	47	25	53,19
29	74	44	59,46	40	25	62,50	34	19	55,88
30	82	51	62,20	51	23	45,10	31	28	90,32
31	92	65	70,65	49	35	71,43	43	30	69,77
32	113	82	72,57	66	49	74,24	47	33	70,21
33	97	68	70,10	49	36	73,47	48	32	66,67
34	87	68	78,16	44	34	77,27	43	34	79,07
35	103	83	80,58	57	40	70,18	46	43	93,48
36	103	75	72,82	57	41	71,93	46	34	73,91
37	101	83	82,18	48	41	85,42	53	42	79,25
38	79	62	78,48	47	37	78,72	32	25	78,13
39	95	73	76,84	50	36	72,00	45	37	82,22
40	158	123	77,85	93	67	72,04	65	56	86,15
41	90	73	81,11	47	36	76,60	43	37	86,05
42	99	79	79,80	49	35	71,43	50	44	88,00
43	116	100	86,21	61	48	78,69	55	52	94,55
44	110	99	90,00	57	49	85,96	53	50	94,34
45	97	87	89,69	45	38	84,44	52	49	94,23
46	85	72	84,71	44	37	84,09	41	35	85,37
47	71	62	87,32	36	29	80,56	35	33	94,29
48	90	75	83,33	50	38	76,00	40	37	92,50
49	60	55	91,67	37	36	97,30	23	19	82,61
50	80	65	81,25	37	26	70,27	43	39	90,70

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Østre Toten 1865. Digitalarkivet.no

Tabell VIII: Tal og prosent gifte/tidlegare gifte etter alder, 17-50 år, Østre Toten 1900

					Kvinner			Menn		
Fødd år	Alder	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift	I alt	Gift/ tidl. gift	Prosent gift/ tidl. gift
1884	17	170	1	0,59	82	1	1,22	88	0	0,00
1883	18	153	3	1,96	81	2	2,47	72	1	1,39
1882	19	155	2	1,29	87	1	1,15	68	1	1,47
1881	20	111	3	2,70	65	1	1,54	46	2	4,35
1880	21	142	10	7,04	76	7	9,21	66	3	4,55
1879	22	117	17	14,53	55	8	14,55	62	9	14,52
1878	23	118	17	14,41	56	9	16,07	62	8	12,90
1877	24	104	20	19,23	51	15	29,41	53	5	9,43
1876	25	117	35	29,91	60	24	40,00	57	11	19,30
1875	26	118	50	42,37	66	29	43,94	52	21	40,38
1874	27	134	73	54,48	70	42	60,00	64	31	48,44
1873	28	95	54	56,84	53	31	58,49	42	23	54,76
1872	29	96	55	57,29	44	29	65,91	52	26	50,00
1871	30	81	58	71,60	50	33	66,00	31	25	80,65
1870	31	68	37	54,41	31	15	48,39	37	22	59,46
1869	32	83	65	78,31	39	28	71,79	44	37	84,09
1868	33	84	64	76,19	49	39	79,59	35	25	71,43
1867	34	95	69	72,63	48	35	72,92	47	34	72,34
1866	35	96	73	76,04	53	38	71,70	43	35	81,40
1865	36	119	96	80,67	62	45	72,58	57	51	89,47
1864	37	93	76	81,72	52	40	76,92	41	36	87,80
1863	38	102	87	85,29	54	42	77,78	48	45	93,75
1862	39	93	79	84,95	50	43	86,00	43	36	83,72
1861	40	69	55	79,71	34	26	76,47	35	29	82,86
1860	41	83	66	79,52	44	31	70,45	39	35	89,74
1859	42	74	63	85,14	33	25	75,76	41	38	92,68
1858	43	96	84	87,50	44	36	81,82	52	48	92,31
1857	44	70	62	88,57	33	29	87,88	37	33	89,19
1856	45	80	71	88,75	46	39	84,78	34	32	94,12
1855	46	77	63	81,82	47	37	78,72	30	26	86,67
1854	47	78	62	79,49	46	33	71,74	32	29	90,63
1853	48	98	83	84,69	55	43	78,18	43	40	93,02
1852	49	69	57	82,61	44	34	77,27	25	23	92,00
1851	50	66	53	80,30	41	29	70,73	25	24	96,00

Kjelde: Mine utrekningar frå folketeljinga for Østre Toten 1900. Digitalarkivet.no

